

# Stavanger bispedømme

Årsrapport 2012



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Stavanger biskop og bispedømmeråd

# Innhald

Innhald.....	2
A.Tilstanden i bispedømmet .....	4
1. Kyrkjelege handlingar og gudstenesteliv i 2012.....	4
2. Gudstenestereform .....	23
Haldning til reforma .....	24
Tilrettelegging av reforma – opplæring og informasjon.....	25
Søknad om lokal grunnordning og biskopen sitt svarbrev .....	27
3. Utvikling i nokre sentrale kyrkjelydar i Stavanger by.....	29
Biologisk avskalling.....	30
Markørar for folkekyrkjetilknytning.....	31
Dåp, konfirmasjon og levekår .....	31
Prognoser for vidare utvikling.....	32
Kan vi snu utviklinga?.....	32
Framtidig utvikling .....	33
4. Nytt prosti. Ny prostiinndeling. Fleire prostiendringar?.....	34
5. Likestilling 2012 .....	37
Kjønns- og lønnsfordeling – bispedømmekontoret (kap. 1590).....	37
Sjukefråvær ved bispedømmekontoret .....	37
Likestilling i presteskapet (kap. 1591).....	38
Legemeldt fråvær og foreldrepermisjon for deltidstilsette, mellombels tilsette i presteskapet. ....	39
Tilsetting av funksjonshemma og av personar med annen etnisitet .....	39
6. Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger.....	40
7. Ressurssituasjon .....	42
B. Hovudområda i 2012.....	46
1. Kyrkjeleg organisering .....	46
1.1. Kyrkjeordning .....	46
1.2. Demokratireforma .....	46
2. Barn, unge og trusopplæring.....	47
2.1. Departementets resultatmål .....	47
2.2. Trusopplæringsreforma .....	51
2.3. Anna kyrkjelydsbyggjande arbeid ovarfor unge og unge vaksne .....	57

2.4. Samarbeid med barnehagar og skular .....	58
2.5. Ungdomsting og ungdomsråd.....	60
3. Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid.....	62
4. Bispedømmerådet si organisering og forvaltning .....	63
4.1 Forvaltning .....	63
4.2 Økonomiforvaltning .....	66
4.3 Informasjon .....	71
4.4 Evaluering og målstyring .....	72
5. Prestetenesta .....	74
Mål .....	74
5.1 Lokal tilpassing .....	74
5.2 Kunnskap, evner, haldningar og motivasjon.....	77
5.3 Fleire kvinner som kyrkjelydsprestar og leiarar .....	80
5.4 Gode arbeidsvilkår .....	82
5.5 Forvaltning av prestebustadar .....	86
5.6 Leing og samvirke.....	88
5.7 Prostetenesta .....	90
5.8 Veggen til presteteneste (VTP) .....	91
6. Diakoni.....	93
7. Kyrkjemusikk og kultur .....	98
8. Pilegrims- og retreatarbeid .....	103
9. Gudstenesteliv.....	107
10. Misjon og økumenikk .....	113
Mål .....	113
Måloppnåing og vurderingar .....	114
Endringar i strategiar og tiltak .....	115
11. Visitas.....	116
Mål .....	116
Endringar i strategiar og tiltak .....	117
12. Medarbeidarskap.....	118
C. Avslutning.....	119

# A. Tilstanden i bispedømmet

## 1. Kyrkjelege handlingar og gudstenesteliv i 2012<sup>1</sup>

### a) Gudstenester

Gudstenesta er eit sentralt uttrykk for kyrkja sine visjonar. I gudstenesta er vi «I Kristus, nær livet». Som luthersk kyrkje er det her vi finn formidling av evangeliet, ber saman, lovsyng, opplever kyrkjefelleskap og deler sakramenta. Kyrkja kjem til uttrykk som misjonerande, vedkjennande, tenande og open.

Derfor er gudstenesta eit sentralt satsingsområde. Mykje av ressursane i kyrkja går til å halda gudstenester.

Det gjer statistikken interessant. Det fortel om oppslutning om gudstenesta. At gudstenesta er viktig for kyrkja, er både teologi og strategi. Det er meir enn eit spørsmål om tilbod og etterspurnad. Statistikken fortel korleis vi lukkast med å skapa oppslutning om gudstenesta.



*Mange unge solistar slepp til i gudstenester i kyrkjene*

I stort er det gjennom dei kyrkjelege handlingane at kyrkja klarast trer fram som folkekyrkje - i betydning av ritual og handlingar som store deler av befolkninga nyttar seg av. Kyrkjemedlemmane er også ofte innom gudstenestene: I samband med store augneblink i livet, i gudstenester prega av lokalt barne- og ungdomsarbeid eller i møte mellom kyrkja og lokale lag og foreiningar.

Det er likevel mange tiår sidan det var eit breiddefenomen å vera fast kyrkjegjengar. Dette er også eit perspektiv på gudstenestestatistikken. Samtidig ligg det i kyrkja sin identitet at gudstenesta også er folkekyrkjeleg verksemd. Gudstenesta er til for heile folket. Kyrkja ønskjer å inkludera alle

<sup>1</sup> Årsrapporten er disponert etter årsplanen for 2012, med eit innleiande kapittel med fordjupningar og analyse av meir generelle trekk.

*Forsidefoto: Agnes Christensen.*

slags menneske i alle aldersgrupper, egentleg i så stort omfang at kyrkjene blir for små.

Statistikken fortel altså korleis det går med målet om å auka oppslutninga om gudstenesta. Tala for 2012 viser at det er ei utfordring vi ikkje har løyst. I 2012 har det vore ein klar og urovekkjande nedgang i oppslutninga om gudsteneste, breitt i bispedømmet.

Her er talgrunnlaget. Nedafor vil vi gå inn på sentrale trekk ved utviklinga, moglege årsaker og strategiar i møte med det som skjer.<sup>2</sup>

Gudstenester							
	Snitt 2003-2007	2008	2009	2010	2011	2012	Utvikling 2011-12
Kor mange sun- og helgedagsgudstenester	4557	4634	4563	4524	4389	4366	-23
Deltakarar, sun- og helgedagar		627283	615379	602181	610716	585000	-25716
Kor mange gudstenester totalt		6257	6247	6188	5911	5856	-55
Deltakarar, alle gudstenester		766311	758259	748587	756577	722528	-34049
Nattverd-gudstenester	2167	2644	2518	2578	2579	2698	119
Nattverd-gjestar	143782	153130	150184	151205	161525	165873	4348
Gjennomsnitt, hovudgudstenester	137	135	135	133	139	134	-5
Gjennomsnitt pr. kyrkjelyd		128	128	126	130	125	-5
Gjennomsnitt, alle gudstenester		122	121	121	128	123	-5
Snitt nattverd-gjestar	67	58	60	59	63	61	-1

Nedgangen er tydeleg. Han gjeld både gudstenestedeltaking totalt, deltaking på sun- og helgedagar og gjennomsnittleg gudstenestedeltaking. Det totale gudstenesteframmøtet har gått ned med over tretti tusen deltakarar og 4,6 %. På sun- og helgedagar er deltakinga under seks hundre tusen for fyrste gong sidan årtusenskiftet.

I total gudstenestedeltaking er det nedgang i åtte av ni prosti og i to tredelar av kyrkjelydane. Det typiske soknet har ein liten nedgang<sup>3</sup>. Medianen (-98) ligg godt over gjennomsnittet (-312), noko som betyr at sjølv om nedgangen er generell, er det nokre kyrkjelydar som står for ein relativt stor del av nedgangen. Dei fem kyrkjelydane som har størst nedgang (Bjerkreim, Varhaug, Frøyland og Orstad, Hana og Domkyrkja), fell meir til saman enn dei 33 kyrkjelydane som har oppgang.<sup>4</sup>


Dette gjer to ting viktig: Det kan vera mykje å henta på å setja inn tiltak i dei kyrkjelydane som fell mest. Samstundes er nedgangen så generell at breie tiltak også er på sin plass.

<sup>2</sup> I det følgjande er tala henta frå bispedømmet sine egne oversikter, basert på registrering av dei tala som kyrkjelydane har sendt inn til Statistisk Sentralbyrå. Einskilde rettingar til innsende skjema er innarbeida. Tala er jamførte med ei førebels utskrift frå SSB sin database, og skil seg ikkje frå desse i signifikant omfang.

<sup>3</sup> Det finn ein ved å rekna ut medianen, m.a.o. det soknet som kjem midt på viss ein sorterer sokna i rekkefølge frå størst oppgang til størst nedgang.

<sup>4</sup> Vi har erfaring med at ved store utslag kan det vera lurt å kvalitetssikra tala. Det vil vera fyrste skritt i møte med dette, men i utgangspunktet må vi rekna med at rapporteringa svarar til røynda.

## Total gudstenestedeltaking



Utviklinga i total gudstenestedeltaking går til dels parallelt med ein reduksjon i talet på gudstenester. Me ser dette av at den gjennomsnittlege deltakinga på alle gudstenester har lege stabilt mellom 121 og 123, bortsett frå i 2011, då det i snitt var 128 på alle typar gudstenester. Frå 2011 til 2012 har det ikkje vore stor nok reduksjon i talet på gudstenester (55 færre) til å forklara nedgangen (frå 128 til 123). Det er snakk om ein nedgang som fyrst og framst skuldast mindre oppslutning, ikkje eit dårlegare tilbod.


Sidan gjennomsnittleg deltaking på alle gudstenester likevel held seg stabilt i perioden, er samstundes naturleg å sjå den periodevise nedgangen også som eit uttrykk for at kyrkjelydane ikkje har ressursar til å halda oppe tilbodet om andre gudstenester. Dette samsvarer med det vi veit om ressursar til presteteneste i bispedømmet og oppgåvemengda for prestane. Reelt sett har vi fått svekka presteressurs, både i seg sjølv og i enno større grad forhold til medlemstal. Det påverkar sjølvsagt kva prestane klarer å tilby av tenester som ikkje er forordna eller obligatoriske.

Me ønskjer ikkje at prestane skal strekka seg over evne, og synest reduksjonen i aktivitet er fornuftig ut frå ressurstilgangen, men me ser at behovet er større enn det me i dag klarar dekkja. Dette gjeld spesielt gudstenester utanom dei forordna, men det er heller ikkje mykje å gå på, verken når det gjeld store kyrkjelydar eller små. Mange av dei små har nå ein sårbar gudstenestefrekvens. Blir det færre, så blir det kritisk for soknet. Mange av dei store har kutta gudstenester i feriar, til dels meir enn dei lokalt har ønska.

Gjennomsnittleg deltaking på andre gudstenester er 92, noko som samanlikna med andre kultur- og fritidstilbod i lokalsamfunn må kunna reknast som godt. Slik sett er nedgangen i talet på gudstenester, 401 færre sidan 2008, uheldig. Ressursmangelen har altså reelle, negative konsekvensar på dette området og det er det viktig for bispedømmet å gjera klart.

## Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking

Den gjennomsnittlege deltakinga på hovudgudstenester på sun- og helgedagar er også ein viktig indikator for oppslutning om gudstenesta, sidan deltaking her blir justert for tilbodet. Talet gjev ei intuitiv forståing av korleis ei gjennomsnittleg gudsteneste pr. no ser ut. Her er eit diagram over denne utviklinga:



Det nasjonale gjennomsnittet pr. gudsteneste er 98. Gudstenestene i Stavanger bispedømme har ein oppslutning på 134 i snitt, 37% over det nasjonale gjennomsnittet. Det ligg mykje demografi og lokal kultur bak den relativt gode oppslutninga, men me håpar det til dels også kjem av god kyrkjeleg verksemd.

I 2011 såg me ei markert oppgang i gudstenestedeltakinga i bispedømmet, totalt og i gjennomsnitt. Auka var størst i gjennomsnittet pr. gudsteneste. Ein del av dette skuldast ei omlegging av gudstenesteforordninga. Det har blitt noko færre små gudstenester og nokre fleire store.

Det meste av oppgangen er blitt borte i 2012. Kvar kyrkjelyd har i snitt mista fem deltakarar pr. sundag. Gjennomsnittet er tilbake på det nivået det var i 2008-2010. På dette området ligg utfordringa altså fyrst og framst i at 2012 har vore eit år med bratt nedgang, ikkje i at 2012 skil seg markert ut i forhold til det som er vanleg.

Skal me sjå etter forklaringar på nedgangen, kan me sjå på spesielle hendingar og generelle tendensar.

### ***Gudstenestereform***

2012 har vore det viktigaste året for det lokale arbeidet med gudstenestereform. I løpet av året har nye variantar blitt prøvd ut. Fyrste sundag i advent tok dei fleste dei nye ordningane i bruk.

Nye ordningar er verken positivt eller negativt i seg sjølv. Me kjenner både til generelle menneskeleg motstand mot forandring og at gudstenestedeltakarar kan ønskja fornying.

Både kyrkja som heilskap og den einskilde kyrkjelyden må derfor arbeida kontinuerlig for å leggja gudstenesta godt til rette så ho fungerer slik ho er tenkt, som møtestad for Gud og menneske.

Førebels ser det ikkje ut til at arbeidet med gudstenestereforma har verka positivt på frammøtet. Sidan ordningane er nye, er det tidleg å konkludera, men statistikken kan gje ein indikasjon på at gudstenestereform i seg sjølv ikkje er nok til å rekruttera breiare. Det ligg kanskje i reformens natur. Dei sentrale dimensjonane ved gudstenesta er andre enn dei som ligg i ei justering av liturgi: Det handlar om kvalitet og relevans på forkynning, regi og formidling av liturgi, musikk, deltaking, fellesskap, atmosfære i kyrkjerommet, informasjon og marknadsføring og deltakarane sin fortrulegheit, forståing og engasjement for det som skjer.

Ut frå utviklinga ser bispedømmet behovet for å fokusera breitt på gudstenesta vidare. Til dette kan gudstjenestereforma, med det myndet kvart sokn har fått, brukast som ein reiskap. Men for bispedømme, prostar, prestar og sokneråd er det ei sentral utfordring å fanga opp og møta det som skjer blant dei som går fast til gudsteneste, dei som deltek av og til og dei som enno ikkje har oppdaga kva gudstenesta gjev. Bispedømmet kan setja i gang samtalar, gje informasjon om utviklinga, samordna og styrka kompetanse.



### ***Kulturelle trekk***

Dei generelle tendensane som verkar inn på gudstenesteframmøte er både eksterne og interne. Internt i kyrkja handlar det om kvalitet på gudsteneste og gudstenestefellesskap.



Eksternt handlar det om mellom anna om både faste kyrkjegjengarar og befolkninga sine haldningar til tru og kyrkje. Gudstenestedeltaking følgjer også generelle mønstre for deltaking på aktivitetar. I heile samfunnet er det slik at frivillige organisasjonar opplever mindre lojalitet og lågare oppslutning.

I og med at tala for kyrkjelege handlingar frå 2011 til 2012 er relativt stabile, kan ein lura på om nedgangen skuldast at oppslutninga blant faste kyrkjegjengarar er lågare. Kulturelt sett er me inne i ei tid der folk på same tid legg mykje vekt på fritidsopplevingar og opplever at dei har knapt med tid. Det finst mange tilbod. Folk er opptekne av både idrett, naturopplevingar og tur, reiser, familieliv, hytte, kultur, sosiale media og fjernsyn. Mykje av det er i seg sjølv gode ting treff sentrale menneskelege behov, som konkurrerer med gudstenesta.

Desse kulturelle trekka gjeld også faste kyrkjegjengarar. I teologi og kristne ideal ligg det å prioritera gudstenestedeltaking. Samfunnet er framleis innretta på at søndag føremiddag er ei skjerma tid. Likevel er det ikkje så merkeleg at det i vår tid er utfordrande å få mange menneske, i alle aldersgrupper og med ulik bakgrunn, til å delta på same aktivitet til same tid, kvar veke. Sjølv om etterspurnad ikkje er ein konstant storleik, men noko som blir påverka av mange faktorar, så fortel tala korleis etterspurnaden er i dag. Tilbodet om gudstenester søndag føremiddag er såpass breitt, innarbeida og tilgjengeleg at ein må rekna med at når det blir arrangert gudsteneste, så kjem dei som er interesserte.



Kyrkja satsar mykje på hovudgudstenesta kl. 11. Me har erfaring med at gudstenester på andre tidspunkt får lågare oppslutning enn dette. Likevel er det snakk om eit relativt likt tilbod på mange stader, til same tid. Frå trusopplæring veit me at skreddarsydde tilbod får høgare prosentvis oppslutning i målgruppa enn det som er generelt. Det er eit spørsmål om ein i bystrøk kunne vurdere eit meir differensiert tilbod. Det vil vera risikabelt, men det ligg også moglegheit til å nå nye grupper gjennom det. Det er, ut frå det me har nemnt ovafor, ei av dei sentrale utfordringane med gudstenesta.

Me vurderer det også slik at informasjonsarbeidet rundt gudstenesta har stort potensiale for profesjonalisering. Gudstenesteannonser er ikkje utforma med rekruttering som mål, meir som reine kunngjeringar. Kyrkjelydane sine heimesider har varierende kvalitet. Gudstenester er i mindre grad enn ønskeleg synleg i kyrkjelydsblad. Det er også varierende i kva grad kyrkjelydane brukar andre arrangement og møtepunkt til å rekruttere til gudsteneste. Og finst det over alt fine plakatar for gudstenesta på nærbutikken eller ei oversikt om kva som skjer når som kjem direkte til folk i postkassa, via kyrkjelydsblad eller separat?

I årsrapporten for 2011, arbeidde me med kva av anna kyrkjelydsarbeid som visar seg å ha samanheng med gudstenesteoppslutning. Det er viktig med godt folkekyrkjeleg arbeid og å leggja til rette for fast kyrkjegang. Det viser seg også at husfellesskap og bibelgrupper, frivillig medarbeidarskap, korverksemd, tilbod til barn under gudstenesta og leiartrening for ungdom korrelerer med god gudstenestedeltaking, noko som gjev kyrkjelydar peikepinnar på kva ein bør satsa på.

I 2012 var det fleire nattverdgdustenester enn tidlegare. Det er inga statistisk samanheng mellom om ein kyrkjelyd har fleire nattverdgdustenester og om det blir høgre eller lågare deltaking.

Elles trur KIFO i sin tilstandsrapport at auka i gudstenesteframmøte i 2011 hang saman med auka oppslutning om kyrkja etter terrorangrepet 22. juli. Viss det stemmer, har effekten av dette vore midlertidig.

### Prostivis gudstenesteutvikling

<i>Prostivis gudstenesteutvikling</i>							
	S+H-gudst	Delt S+H	Tot. D gdt.	Ntv-gdt.	ntv-delt.	Gj.snitt gt.	Gj.snitt ntv.
Dalane prosti	2	-2629	-2205	21	500	-9	-3
Domprostiet	2	-6421	-5837	-27	-5530	-13	-7
Haugaland prosti	-5	-879	-3119	7	420	-12	-3
Jæren prosti	3	-5021	-12234	18	-34	-9	-5
Karmøy prosti	0	-3411	-7801	9	1568	-8	4
Ryfylke prosti	-24	580	1178	13	734	26	22
Sandnes prosti	-8	311	-1390	45	5049	3	5
Tungenes prosti	18	-1981	-183	2	2192	-9	8
Ytre Stavanger prosti	-13	-6446	-2689	31	-492	-10	-9

Det er bare Ryfylke som har oppgang i total gudstenestedeltaking. Nokre prosti har svært markert nedgang.

På Jæren går frammøtet ned i 10 av 12 sokn. Nedgangen er størst på Bryne, i Frøyland og Orstad og på Varhaug, altså i store kyrkjelydar med godt frammøte i utgangspunktet. Desse stadene går både totalt frammøte og gjennomsnittleg deltaking ned.

Nokre kyrkjeveksttenkjarar meiner at dess større eit gudstenestefellesskap blir, dess vanskelegare kan det vera å halda på høgt frammøte. Det har med kor mange symbolbærarane kan ha personleg kontakt med, kva det kommuniserer når eit lokale begynner å bli fullt og kva som skjer når miljøet går frå å vera ein stad der ein kan kjenna dei fleste, til ein møteplass der mange er framande for kvarandre. Då blir fellesskapet annleis, og det blir i større grad sjølv arrangementet som trekk folk til seg.

Me har mange erfaringar med oppstart av nye gudstenestefellesskap i bispedømmet, der demografien ligg til rette for det. Me har også gode erfaringar frå større kyrkjelydar med differensierte gudstenestetilbod. Saman med generelle tiltak som står ovafor, kan kanskje

særleg det siste vera relevante vegar å gå for kyrkjelydar som blir såpass store at deltakinga også blir ei utfordring. Her må det imidlertid lokale, strategiske vurderingar til – og å byggja nye gudstenestefelleskap er store prosjekt.

På Karmøy er det nedgang i seks av sju område. I Domprostiet har Domkyrkja mista mange gudstenestedeltakarar. Sett bort frå tala frå Domkyrkja, ville prostiet hatt ein svak oppgang. Domkyrkja er altså eit av dei sokna der det er på tide med gudstenestesatsing og nytenking lokalt. Sjølv om gjennomsnittet framleis er relativt høgt, så viser historia at potensialet er større.


Nokre kyrkjelydar i bispedømmet har opplevd vekst i gudstenesteframmøtet i 2012. Bogafjell, som opna ny kyrkje, har opplevd vekst. Det same gjeld Vår Frelsers, som har opna kyrkja på nytt etter restaurering. Tydeleg vekst i både gjennomsnittleg deltaking og totalt frammøte finn vi elles i Nærbø, Ålgård, Tjensvoll, Jørpeland, Sand, Bymenigheten Sandnes og Grødem. Nokre av desse kyrkjelydane har eit særpreg som kan tenkjast å påverka deltaking positivt. Fleire av desse har også fått nye prestar for relativt kort tid sidan. Nokre av dei nemnde har vekst også utan slike spesielle tilhøve. Det er også spesielt interessant og noko å sjå nærare på framover.

Det er utfordrande å møte nedgang. For vårt bispedømme er dette noko nytt. Likevel ligg det også moglegheiter og drivkraft i å sjå på kva ein kan gjera for å snu utviklinga. Den gamle utsegna om at krise er ein blanding av utfordrande hendingar og nye moglegheiter stemmer godt på den situasjonen bispedømmet er i nå. Gudstenesteutvikling blir eit sentralt satsingsområde framover.

## ***b) Vigslar***

Vigselstalet gjekk kraftig ned frå 2010 til 2011, med 9%. I 2012 har talet vore stabilt. Det var ein vigsel meir enn i 2011.

Den historiske utviklinga ser slik ut:



Me ser at det tidleg i perioden var årlege veksingar. Dei siste åra har vist ein jamn nedgang, som frå i fjor til i år har stoppa opp. Prostivis er det variasjonar som totalt sett jamnar seg ut. Me kjenner til at tala har naturlege veksingar.

I årsrapporten for 2011, såg me at det ikkje er statistisk samanheng mellom oppslutning om dåp eller vigsel og anna kyrkjelydsarbeid. Vigselsstalet blir altså ikkje påverka av kyrkjelydsutvikling, men av kulturelle endringar. Brurepar og gjester sine opplevingar i samband med vigslar verker sannsynlegvis også inn, men her har vi ikkje undersøkingar å byggja på om korleis dette slår ut og i kva grad det er kyrkjeleg kvalitet eller kulturelle endringar som gjer størst utslag. Sidan kyrkja sin innsats er nokså uendra frå år til år, er det sannsynleg at endringane kjem frå samfunnet ikring.

Blant unge står kyrkja svakare enn blant eldre. Det kan vera grunn til å tru at endra samlivsmønstre, med sambuarskap og skilsmisser verkar inn på vigselsstatistikken. Mange brudepar har bakgrunn frå samlivsformer som kyrkja har uttrykt skepsis til, nå eller tidlegare, kanskje blir terskelen også då høgare til å nytta kyrkjeleg vigsel?

Samtidig som sambuarskap nærmar seg å bli kulturelt uproblematisk, står likevel ekteskapet framleis sterkt som kulturelt ideal for samliv. Me veit at både tradisjon og ønske om rammer som svarer til innhaldet er ein viktig grunn til å velja kyrkjeleg vigsel.

Den største terskelen å trå over er likevel verken den kulturelle eller den kyrkjelege, men



Foto: Matthew Bridges

den økonomiske og praktiske. Kostnader ved å arrangera fullt, tradisjonelt kyrkjebryllaup i Norge er større enn meir uformelle og enklare løysingar. Sjølv om dei vesentlege kostnadane ligg utafor den kyrkjelege handlinga, er tradisjonelt kyrkjebryllaup eit kostbart alternativ. Det kan vera ein grunn til at nokon vel eit trygt og formalisert sambuarskap eller å gifta seg borgarleg, på ein utenriksstasjon eller i sjømannskyrkja.

Kristen tru lever i kvardag og kjærleik. Derfor er ekteskapsinngåing ikkje eit perifert område for kyrkja. Vigsjar er eit viktig møtepunkt med menneske og ein viktig arena for kyrkjeleg forbøn, stadfesting, feiring og forkynning. Sjølv om det ikkje i luthersk teologi er naudsynt med kyrkjeleg vigsel, så ligg det i same tradisjon at Gud er til stades i og for det som skjer i eit parforhold. Derfor har kyrkja mykje å bidra med framleis på dette området, og det er det viktig å få kommunisert, både når slikt blir tematisert offentleg, i møte med kommande brudepar og i sjølve vigselshandlingane. Også her er det viktig at me arbeider systematisk med å møta brudepar på ein god måte, både i tilrettelegging førebuing og gjennomføring av vigsel, og i kommunikasjon av verdien av kyrkjeleg vigsel i samfunnet generelt.

Vigsel er også eit viktig møtepunkt med ei aldersgruppe kyrkja står relativt svakare blant, nemleg 18-30-åringar. For dei er både kjærleik og vigsel svært så aktuelt, akkurat som det er det for kyrkja.

### c) Dåp

Dåp								
	Snitt 2003-2007	2008	2009	2010	2011	2012	Utvikling 2011-12	Utv %
Dåp	4369	4502	4477	4486	4326	4274	-52	-1,2 %

Noko av det mest urovekkjande med kyrkjestatistikken dei siste åra, har vore at dåpstalet og dåpsprosenten har sunke jamt. Det sank også i 2012, om enn ikkje like mykje som i 2011.

Undersøkingar frå KIFO tydar på at det framleis er fleire som døyper enn dei som seier dei synest dåp er viktig. Dette viser at også mange kyrkjemedlemmar ikkje tenkjer at dåp er sjølvst. Nasjonalt låg dåpsprosenten av fødte på 66% i 2011.

Barn blir ofte døypte nokre månadar etter fødselen. Det kan også gå noko tid før dåpen blir registrert. Det gjev derfor ikkje gode tal å samanlikna dåpstalet frå årsstatistikken med årskullet.

Ein kan likevel gjera stikkprøver. 4920 barn født 2. halvår 2011 og eller 1. halvår 2012 er registrerte som medlemmar eller tilhøyrande til Den norske kyrkja. 933 av desse er ikkje



registrerte som døypte, altså 19% av medlemmane.

Går ein bakover i tid med same intervallar, ser utviklinga slik ut:

	2011-2012	2010-2011	2009-2010	2008-2009	2007-2008
<b>Medlemmar</b>	4920	5005	5074	4936	4918
<b>Ikkje registrert døypte</b>	933	803	747	536	696
<b>Dåpsprosent i kyrkja</b>	81%	84%	85%	91%	86%


Utviklinga er altså akselererande. Dette er urovekkjande. Meir om dette står nedafor, som eige fordjupingsområde.

Det er prostivise skilnader i dåpsprosent av døypte og tilhøyrande til kyrkja. Sidan mange barn fødte i 2012 enno ikkje er døypte eller registrert døypte, er det 2011-tala som er best å bruka:

Dåpsprosent i kyrkja, prostivis					
	2008	2009	2010	2011	2012
Dalane	92 %	95 %	84 %	90 %	77 %
Haugaland	90 %	91 %	89 %	84 %	77 %
Jæren	89 %	88 %	89 %	87 %	73 %
Karmøy	86 %	88 %	90 %	87 %	76 %
Ryfylke	89 %	91 %	88 %	86 %	75 %
Sandnes	82 %	88 %	82 %	78 %	67 %
Domprostiet	78 %	81 %	74 %	75 %	59 %
Tungenes	90 %	91 %	86 %	85 %	71 %
Ytre Stavanger	85 %	86 %	82 %	80 %	67 %
Stavanger bispedømme	86 %	88 %	85 %	82 %	70 %

Dalane har klart høgast dåpsprosent. Jæren, Karmøy, Ryfylke, Tungenes og Haugaland har også relativt god prosentvis oppslutning. Byane på Nord-Jæren, Stavanger og Sandnes har lågast dåpsprosent.

Me ser også at dåpsprosenten i bispedømmet har peika bratt nedover dei siste åra. I 2011 var det særleg merkbar nedgang i Haugaland, på Karmøy og i Sandnes.



Av 2012-tala ser me at samla dåpsprosent ikkje vil ligga under 70%, men det blir interessant å sjå kor mykje høgare han klatrar etter som barna som er fødde i siste del av 2012 blir døypte og registrerte inn.

Det er like aktuelt i 2013 å ta imot barn i kyrkja i glede, opna Guds rike for dei og invitera dei til tru og liv i Guds verd. Frå kyrkja si side er det inga grunn til at dåpstala skal gå ned. At prosenten går noko ned som følgje av innvandring og endringar i befolkningsmansetninga, er ikkje overraskande, men den svekka oppslutninga om dåp blant kyrkjemedlemmar er ei utvikling me vil arbeida for å snu.

Dette krev samordning av kyrkjeleg innsats på mange nivå. Første steg er å kartleggja, samle leiarar og leggja strategiar. Det bør me komma i gang med i det kommande året. Dette vil handla om alt frå informasjonssatsing, kvalitetssikring, oppsøkjande verksemd, trusopplæring og god kvalitet på møte mellom nybakte foreldre og kyrkje. For å få til det, må ein sjå på både kommunikasjon med dåpsforeldre og kvaliteten på møtet med kyrkja.

Ein må også sørgja for at føringa av medlemsregisteret og registreringa av dåp i og på tvers av sokn held optimal kvalitet. Sandnes kyrkjelege fellesråd har mellom anna funne ut at eit relativt stort antal unge som var registrerte som tilhøyrige eigentleg var døypte. Det er ei feilkjelde ein ikkje må sjå bort frå, og som ein må gjera det ein kan for å retta opp, til dømes ved å kontakta dei som vil falla ut av medlemsregisteret når dei når 18 år, for å sikra at det ikkje er registreringsfeil som fører til dette.

Samstundes veit me, som også teksten nedafor vil vise, at utfordringa er reell og handlar om meir enn upresis registrering. Utfordringa med å halda på oppslutninga om dåp er ny, men krev prioritert satsing.

#### ***d) Konfirmasjon***

<b>Konfirmasjon i Stavanger bispedømme 2008-2012</b>					
	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
<b>Konfirmasjonsprosent av døypte</b>	90 %	92 %	92 %	91 %	94 %
<b>Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande</b>	85 %	86 %	86 %	86 %	
<b>Konfirmerte</b>	4346	4423	4421	4390	4299

Konfirmanttala har også gått noko ned. Tala er framleis høgare enn fyrste halvdel av 10-årsperioden. Det er fyrste gong sidan 2008 at talet går ned.

Prosentandelen av kyrkjemedlemmar og døypte som vel kyrkjeleg konfirmasjon går også ned.

Konfirmantarbeidet i kyrkja blir også utfordra av ressursituasjonen. Det er mange år sidan det kom midlar til nye stillingar innafor kyrkjeleg undervisning. Ressursituasjonen for

prestetenesta har også mykje å seia, sidan konfirmasjon er eit av dei områda som det er mogleg å leggja forskjellig innsats inn i, alt etter kva ressursar ein har til disposisjon. Me får tilbakemeldingar om at nokre sokn ikkje har tilstrekkelege ressursar til kyrkjeleg undervisning. Me høyrer også at prestar ikkje har høve til å satsa like sterkt på dette som dei skulle ønska.

Likevel viser den relativt høge oppslutninga om kyrkjeleg konfirmasjon, i ein situasjon der det er fleire som konkurrerer om kvar konfirmant, at kyrkja driv eit godt arbeid. Me meiner me har gode tilbod med oppdatert og heilskapleg pedagogikk, med viktig innhald. Den breie oppslutninga viser at konfirmasjonen framleis står sterkt i bispedømmet, men nedgangen nå er også ein grunn til å følgja med på dette området. Det er trusopplæring som er primærsatsingsområde regionalt og lokalt i forhold til barn og unge, men inkludert i det må det vera ein fortsatt sterk satsing på konfirmasjon, som jo er eit kjernetiltak i trusopplæring.

### *e) Gravferd*

	Snitt 2003- 2007	2008	2009	2010	2011	2012	Utvikling 2011-12	Utv %
<b>Gravferd</b>	Ikkje reg.	2753	2763	2881	2823	2794	-29	-1 %

Talet på gravferder har også gått forsiktig ned mellom 2011 og 2012, og følgjer tendensen for andre kyrkjelege handlingar. Etatsstatistikken viser at gravferdsprosenten gjekk ned med to prosentpoeng frå 2010-2011. På ulike vis handlar det om større religiøse variasjonar i befolkninga. Ein gravferdsprosent på 92 er likevel høgare enn både dåpsprosent og medlemsprosent og viser at dette er den kyrkjelege handlinga som står sterkast i befolkninga.

På politisk nivå kjem det viktige høyringar om både gravferdsforvaltning, livssynsnøytrale seremonirom og til og med livssynsnøytrale ritual. Endringar kan påverka gravferdsstatistikken. Den store DIFI-undersøkinga viste at folk er svært godt nøgde med korleis dei blir møtt av kyrkja. Kyrkja si oppgåve blir å halda på dei gode tradisjonane, slik at dei framleis er tilgjengelege og held god kvalitet, for breidda av kyrkjemedlemmane og andre som ønskjer kyrkjeleg gravferd.

Det er fyrst og framst å bidra i dei nasjonale prosessane, gjennom høyringsuttale og debatt, som blir strategisk viktig i forhold til gravferd framover. Me har tillit til at dette fungerer like godt som før lokalt.



### *f) Medlemsskap, innmeldingar og utmeldingar*

	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Kyrkjemedlemmar</b>	341608	341590	342504	343464	344735
<b>Befolkning</b>	412687	420574	427947	436087	443115
<b>Medlemsprosent</b>	82,8	81,2	80,0	78,8	77,8

Me ser at medlemsutviklinga ikkje følgjer befolkningsutviklinga i fylket. Dette skuldast nok for ein stor del at folkeveksten kjem av innvandring, som ikkje påverkar medlemstalet. Dessutan kan det koma av at ein større del av dei som dør enn dei som blir fødte høyrer til kyrkja.

Likevel gjev folkeveksten i fylket også medlemsvekst for bispedømmet.

Det er ikkje innmeldingar eller utmeldingar som i særleg grad påverkar medlemstalet:

	Snitt 2003-2007	2008	2009	2010	2011	2012	Utvikling 2011-12	Utv %
<b>Innmeldte</b>	Ikkje reg.	153	184	160	186	155	-37	-23 %
<b>Utmeldte</b>	Ikkje reg.	667	1001	623	652	497	-135	-21 %

I 2012 har det vore merkbart mindre aktivitet når det gjeld både innmeldingar og utmeldingar. Det kan tyda på at det i 2012 har vore mindre merksemd om medlemsskap i Den norske kyrkja enn i 2011, noko som heng naturleg saman med at det var kyrkjeval i 2011, men ikkje i 2012. Den prinsipielle nyordninga mellom stat og kyrkje har ikkje i det heile påverka folkekyrkja som medlemskyrkje. Samanlikna med 2010, som også var eit år utan val, er det talet på utmeldingar som har gått markert mest ned.

Endringar i medlemsutviklinga i kyrkja heng derfor mest saman med den generelle befolkningsutviklinga, med flytting, innvandring, fødte og døde. Det er ikkje medlemmane sine aktive val som endrar oppslutninga om medlemsskap.

Kyrkja sin største utfordring på dette området er å vera meir aktiv overfor innvandrarar som er moglege kyrkjemedlemmar. Fleire innvandrarar har kristen bakgrunn frå kyrkjesamfunn som ikkje står langt frå Den norske kyrkja. Her kunne ein trenge tydelegare informasjon. Dessutan veit me at det er behov for kvalitetssikring av medlemsregisteret, som nemnt ovafor.

## g) Kyrkjelydsarbeid og anna kyrkjeleg statistikk

Sidan me i år har fått ei førebels utskrift av alle tala frå årsstatistikken, har me betre høve til å kommentera endringar i andre delar kyrkjelydsarbeidet enn gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Andre gudstenester				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Institusjonsgudstenester	368	308	60	19 %
Deltaking, familiegudstenester	136594	129478	7116	5 %
Ungdomsgudstenester	230	245	-15	-6 %
Deltaking, ungdomsgudstenester	20466	22759	-2293	-10 %
Barnehagegudstenester	132	167	-35	-21 %
Deltaking, barnehagegudstenester	14988	16452	-1464	-9 %
Skulegudstenester	308	303	5	2 %
Deltaking, skulegudstenester	75578	75041	537	1 %
Deltakarar, julaftan	61025	65211	-4186	-6 %
Deltakarar, påskegudstenester	12519	11535	984	9 %

Frå 2011 til 2012 ser me ei auke på over 7000 deltakarar ved familiegudstenester. Det har blitt 96 fleire slike gudstenester. Sannsynlegvis kjem dette av at trusopplæringa styrker denne delen av gudstenestelivet. Dette er ein god trend, med tanke på å betra oppslutninga om gudstenesta blant barn, unge og familiar.

Det har likevel blitt færre ungdomsgudstenester (15) og over 2000 færre deltakarar på gudstenester for ungdom. I snitt er det under 3 ungdomsgudstenester pr. år i kvar kyrkjelyd. Dette er urovekkjande og tyder på manglande ressursar, sviktande prioriteringar og strategiar og konsept som ikkje fungerer godt nok. Det kunne vore interessant å sjå om enklare konsept for ungdomsgudstenester ville gje høgare aktivitet og jamnare deltaking.



Biskopen møter elevar på Bryne

Truleg er merksemda på dette liten i kyrkjelydane, og det er ikkje spesielt strategisk med tanke på kyrkja sin oppslutning blant ungdom.

Det har blitt 20% færre gudstenester for barnehagar. I mindre grad enn skulegudstenester har desse ein fast

tradisjon. Det var imidlertid omtrent like stor talmessig auke av besøk frå barnehagar i kyrkja, så det kan tyda på at det er formen for kontakt som har endra seg, frå gudsteneste til besøk, medan kontakten er stabil. .

Både talet på skulegudstenester og deltakinga på skulegudstenester går opp. Det er interessant, i og med at det kvart år er debatt om dette. Rammene er no friare, og i større grad enn tidlegare gjer både elevar og skular sjølvstendige val. Likevel blir altså dette tiltaket styrka. Besøk frå skulen i kyrkja har det også blitt fleire av, medan prestane er litt sjeldnare på skule- og barnehagebesøk. Dette kan ha med ressursar å gjera.

Deltakinga på gudstenesta på julaftan gjekk ned i 2012, med 6% og 4186 deltakarar, til 61025. Julaftan står likevel for over 10% av den samla gudstenestedeltakinga i bispedømmet, noko som understreker kva denne gudstenesta betyr. Det er imidlertid interessant å sjå at det var 8% betre oppslutning om gudstenester i påska. Kyrkjeleg sett er det svært gledeleg.

Barne - og ungdomsarbeid				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Sundagsskular	62	67	-5	-7 %
Deltakarar, sundagsskule	3858	3780	78	2 %
Ungdomsklubb	72	96	-24	-25 %
Deltakarar, ungdomsklubb	1660	2115	-455	-22 %
KRIK-grupper	45	52	-7	-13 %
Deltakarar, KRIK	959	824	135	16 %
Leiartreningstilbod	74	67	7	10 %
Deltakarar, leiartrening	838	791	47	6 %
Grupper for ungdom	49	55	-6	-11 %
Deltakarar, grupper for ungdom	1099	790	309	39 %

Det har blitt fem færre sundagsskular, medan deltakinga totalt har auka. Det er også eit signal til kyrkjelydane om at det er godt potensiale for dette tiltaket, som jo også er viktig for oppslutninga om gudstenesta. Tal for trusopplæringsklubbar, Lys Vaken og Tårnagentar er stabile.

Talet på klubbar for ungdom og oppslutninga om desse går ned. Med andre ord klarar ikkje den lokale kyrkja samla sett å følgja opp det behovet som finst for satsing på ungdom. Dette kan både komma av manglande satsing, manglande ressursar og kulturelle tilhøve. Det er likevel ikkje noko å slå seg til ro med. Strukturelt sett er det ingen av dei offentleg finansierte kyrkjelege stillingskategoriane, som diakonar, prestar, kateketar eller kyrkjemusikarar, som er direkte knytta til ungdomsarbeid som satsingsområde. Dermed må det bevisst lokal satsing til for å gjera noko med dette, noko som også gjer ungdomsarbeid sårbart strukturelt, i tillegg til dei utfordringane som i seg sjølv ligg i å leggja godt til rette for ungdom.

KRIK har litt færre grupper, men litt fleire deltakarar. Det same gjeld leiartrening og Alphakurs. Betyr dette også at behovet finst, men at det er tilbodet det skortar på?

Det har blitt seks færre tilbod om babysong, men totalt fleire deltakarar. Det er altså inga grunn til å redusera innsatsen på dette området. Det er forsiktig nedgang i oppslutning om utdelingar av fireårsbøker og biblar. Kanskje burde ein heller her håpa på ei auke, i og med trusopplæringsreforma, sjølv om fireårsboka er så godt etablert at ho ikkje treng støtte av ein reform for å fungera.

Kyrkjelydsarbeid for vaksne				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Bibelgrupper og husfellesskap	68	71	-3	-4 %
Deltakarar, bibelgrupper og husfellesskap	583	613	-30	-5 %
Samlivsgrupper	17	24	-7	-29 %
Deltakarar, samlivsgrupper	20	45	-25	-56 %
Tal på sorggrupper	70	74	-4	-5 %
Tiltak for eldre	59	65	-6	-9 %
Deltakarar, tiltak for eldre	274	301	-27	-9 %
Barnekor	133	128	5	4 %

Det har blitt radikalt færre samlivskurs og samlivsgrupper. Dette er tiltak som ofte ikkje går kvart år. Elles har det blitt litt færre tilbod om husfellesskap eller bibelgrupper. Det er synd, sidan me veit dette verkar positivt som kyrkjelydsbyggjande tiltak. Seks kyrkjelydar har lagt ned eldretreff og det er litt færre sorggrupper. Totalt sett er det altså nedgang i kyrkjelydsarbeid for vaksne, innafør både diakoni og undervisning.

Det som veks, er integreringstilboda. Det har blitt 19 fleire tilbod, bare i 2012. Det har også blitt fleire diakonale tilbod som ikkje kjem inn under dei etablerte kategoriane.

Medarbeidarfestar er det også fleire av.

Kyrkjemusikk og kultur				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Barnekor	133	128	5	4 %
Deltakarar, barnekor	3342	3367	-25	-1 %
Vaksenkor	82	84	-2	-2 %
Deltakarar, vaksenkor	1792	1680	112	7 %
Kyrkjekonsertar, arr. Kyrkjelyd	478	436	42	10 %
Deltakarar, kyrkjelydskonsertar	53055	53942	-887	-2 %
Kyrkjekonsertar, arr. Andre	246	300	-54	-18 %
Deltakarar, andre konsertar	59626	63731	-4105	-6 %
Andre kulturtilbod i kyrkjeleg regi	221	250	-29	-12 %
Deltakarar, andre kulturtilbod	26216	29961	-3745	-12 %
Andre kulturtilbod	64	36	28	78 %
Deltakarar, andre kulturtilbod	10923	8459	2464	29 %

I 2012 har det blitt litt fleire barnekor, men med færre deltakarar totalt. Det har blitt litt færre voksenkor, med fleire deltakarar. Det har vore fleire konsertar i kyrkjeleg regi, med færre deltakarar. Det er færre konsertar i regi av andre, men deltakinga fell ikkje like mykje

som tala på konsertar. Det blir også rapportert om færre kulturtiltak i regi av kyrkjelydane, men det er stor vekst i andre kulturtilbod i kyrkjene.

Etatsstatistikken viser noko av dette. Det er nok skilnad på kvaliteten på rapporteringa frå bispedømme, men Stavanger har høge tal for både innvilga tilskot og antal kulturelle tiltak og samarbeidsprosjekt. Bispedømmet har også klart flest kurs og kompetansehevande tiltak. Dette vitnar om høgt aktivitetsnivå på kulturfeltet i bispedømmet, der ikkje minst kulturrådgevar-stillinga har vist seg som ei strategisk satsing.

Frivillige medarbeidarar				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Frivillige i gudstenesta	5258	5305	-47	-1 %
Frivillige, barnarbeid	3312	3159	153	5 %
Frivillige, ungdomsarbeid	2143	2259	-116	-5 %
Frivillige, diakoni	2222	2369	-147	-6 %
Frivillige, komitéar og utval	2457	2448	9	0 %
Andre frivillige	3756	3643	113	3 %

Talet på frivillige er stabilt. Kanskje kunne ein ha håpa på ei auke når det gjeld frivillige i gudstenesta ut frå gudstenestereforma, men det har ein ikkje sett i 2012. Mykje av det openberre potensialet er kanskje allereie henta ut i bispedømmet, slik at ein må sjå vidare ut for å rekruttera fleire? Elles er det noko fleire frivillige i barnarbeid og færre i ungdomsarbeid. Det siste kan også vera med på å forklara den generelle nedgangen i ungdomsarbeidet. Totalt er 19148 frivillige registrerte i bispedømmet, i snitt 208 pr. kyrkjelyd. Dette er høge tal, ikkje minst samanlikna med andre organisasjonar. Kyrkja er ein stor aktør i lokalsamfunna.

Tre sokn manglar eigen misjonsavtale. Eit nytt har kome til i 2012.



*Frida Torvanger(90) frå Sunde blei kåra til månadens frivillige i Den norske kyrkja, hausten 2012. Ho driv strikkekafe i kyrkjelyden.*

Kyrkjeofringar, gjevarteneste og innsamling				
Kyrkjelydsarbeid	2012	2011	Endring frå 2011	Endring i %
Kyrkjeofringar	19713862	19109680	604182	3 %
Gjevarteneste	20355306	18686813	1668493	9 %
Andre innsamlingar	10084182	12548957	-2464775	-20 %

Tala både for kyrkjeofringar og gjevarteneste går opp. Kyrkjeofringane har styrkt seg med 600000 kroner samla sett, til 19,7 millionar. Andelen som går til eiga verksemd og til andre er stabil. Gjevartenesta har styrka seg med 1,6 millionar, til 20,4 millionar, altså større enn kyrkjeofringar, noko som er nytt. Andre formar for innsamling går litt ned, men mykje mindre enn dei andre formene for gåver styrkar seg.

Det samla biletet kan tyda på at kyrkjelydane, anten av ressursmessige årsaker, ut frå prioriteringar eller ut frå oppslutninga, har noko mindre verksemd på ulike område enn i 2011. Me veit at fleire fellesråd slit med dårlegare økonomi, noko som kan verka inn på tilrettelegging for det frivillige kyrkjelydsarbeidet. Tala viser samstundes at det ikkje ser ut til å vera behovet som manglar, fordi det på nokre område er slik at oppslutninga aukar medan tilbodet går ned.

### ***h) Oppsummering***

Det er fallet i gudstenestedeltaking som er det viktigaste nye i 2012. Dåpsprosenten fell også framleis, om enn ikkje like mykje som i fjor. Nedgangen i vigslar har stoppa opp, medan konfirmasjonstal og tal for gravferder er relativt stabile. Medlemstalet veks, men saktare enn den generelle befolkningsveksten.

Samla sett tyder tala på at viss kyrkja vil halda på den sterke stillinga i befolkninga, er det viktig med godt og strategisk arbeid framover, ikkje minst overfor breidda av medlemmane. Det er ikkje sjølvsgatt at oppslutninga vil halda seg på same nivå.

## 2. Gudstenestereform



I samband med innføring av ny ordning for hovudgudstenesta, har vi gjennom 2012 hatt eit særskilt fokus på arbeidet med lokale grunnordningar. Ein føresetnad for at dette arbeidet skulle lukkast, var å gi grundig og relevant opplæring både til både lønna og ulønna medarbeidarar. Dette var eit mål i årsplanen for 2012.

Eit viktig tiltak for å nå dette målet, var regionale kurs retta mot dei ulike målgruppene. Vi arrangerte mellom anna, i samarbeid med Kyrkjeverjelaget, eit desentralisert kurs om innføring av ny gudstenesteordning for presteskap, kantorar og andre kyrkjeleg tilsette. Kurset vart gjennomført tre stadar i bispedømmet i perioden oktober 2011 til februar 2012.

Som et ledd i evalueringa av prosessen med innføring av lokal grunnordning i bispedømmet, har vi gjennomført ei spørjeundersøking (Questback) blant kursdeltakarar og alle bispedømmerådstilsette prestar der vi særleg fokuserte på relevansen av kursa. Blant spørsmåla deltakarane svara på, var desse:

Hvor nyttig var kurset for din egen faglige oppdatering i forhold til gudstjenestereformen?  
Hvor viktig var kurset for din oppgave med å tilrettelegge for innføring av lokal

grunnordning i din menighet?

Hvordan påvirket kurset din holdning til gudstjenestereformen?

Hvordan var samsvaret mellom informasjonen du fikk på kurset og responsen på søknaden om lokal grunnordning i biskopens godkjenningsbrev?

I spørjeundersøkinga vart deltakarane også spurde om bispedømmet si tilrettelegging av reforma, med fokus blant anna på biskopen sitt svarbrev på søknad om lokal grunnordning. Blant spørsmåla deltakarane svara på, var desse:

Biskopens avgjørelser innen de rammene Kirkemøtet har satt

Biskopens svarbrev - innhold

Biskopens svarbrev - form

Kontakt med biskop og saksbehandlere underveis

Pedagogisk kvalitet på bispedømmets totale tilrettelegging av reforma

Vi fikk inn i alt 92 svar på undersøkinga. Dette utgjør ein svarprosent på 57. Alle kursstadene var brukbart representert. Når det gjeld kven som svarte, var prosentfordelinga slik:


- 19,6 % kyrkjemusikarar
- 61,1 % sokneprestar
- 3,3 % kapellanar
- 3,3 % vikarprestar
- 9,8 % prostar/andre

I tillegg til å gi nyttige tilbakemeldingar til bispedømmet si tilrettelegging (mellom anna gjennom kurs) og oppfølging (mellom anna gjennom svarbrev frå biskopen), får vi gjennom undersøkinga også eit bilete av haldningar til sjølve gudstjenestereforma.

## Haldning til reforma

Det er interessant å merke seg at ein relativt høg del av dei spurde i utgangspunktet er kritiske til sjølve gudstjenestereforma.





Alternativer	Prosent	Verdi
1 Svært godt fornøyd	0,0 %	0
2 Godt fornøyd	20,7 %	19
3 Litt fornøyd	21,7 %	20
4 Nøytral	29,3 %	27
5 Litt misfornøyd	19,6 %	18
6 Misfornøyd	7,6 %	7
7 Svært misfornøyd	3,3 %	3
Total		92

Det er interessant å merke seg at berre om lag 4 av 10 er fornøydde med innhaldet i Kyrkjemøtet sine vedtak og ordningar (42,4% var nøgde eller litt nøgde). Ein av tre svarar at dei er meir eller mindre misnøgde (30,9%). At ein så stor del i utgangspunktet er misnøgde med dei vedtak og rammer som ligg til grunn, er tankevekkjande. Når dei som er tettast på gudstenestearbeidet, slik som prestar og kantorar, ikkje er nøgde med premisa for ei reform dei aktivt skal ta del i, har både kyrkja sentralt og bispedømmet lokalt ei stor kommunikasjons- og motivasjonsutfordring.

## Tilrettelegging av reforma – opplæring og informasjon

At ein relativ stor del av dei som svara på undersøkinga i utgangspunktet er misnøgde med dei vedtak og rammer som ligg til grunn, tydeleggjer behovet for relevant opplæring og informasjon. I Stavanger bispedømme var dei desentraliserte gudstenestekursa i 2012 eit av hovudtiltaka for å nå dette målet. Undersøkinga gav oss eit godt høve både til å få tilbakemeldingar på oppleving og utbytte av kursa, og til å sjå kursa opp mot sjølve gudstenestereforma. Når det gjaldt deltakarane si totaloppleving av kursa, fordelte svara seg slik:



Alternativer	Prosent	Verdi
1 Svært lite tilfreds	4,3 %	4
2 Lite tilfreds	3,3 %	3
3 Nøytral	26,1 %	24
4 Tilfreds	57,6 %	53
5 Svært tilfreds	8,7 %	8
Total		92

Det er interessant å merke seg at 2 av 3 kursdeltakarar var tilfredse med kurset (57,6% tilfreds og 8,7% svært tilfreds). At over 60,9% av deltakarane vidare svara at dei var tilfredse eller svært tilfredse (51,9% tilfreds. 9,8% svært tilfreds) viser at det er stort samsvar mellom opplevinga av fagleg utbytte og og kor tilfredse dei var med kurset.

Når det gjeld konkret nytte i forhold til innføring av lokal grunnordning i kyrkjelyden, var det eit sprik i korleis sokneprestar og kantorar svara. Om lag halvparten av sokneprestane syntes kurset var nyttig, medan berre litt over ein fjerdedel (27,8%) av kantorane svara at kurset var nyttig med tanke på innføring av lokal grunnordning. Like mange (27,8%) svara at kurset ikkje var nyttig. Dette tyder på at kurset ikkje har treft kantorane like godt som prestane. Ein bør derfor vurdere om ein ved eit seinare høve skal ha separate kurs for dei to gruppene.

Eit interessant funn i undersøkinga er korleis kurset har påverka deltakarane si haldning til sjølve gudstenestereforma. Slik svara deltakarane:




Alternativer	Prosent	Verdi
1 Jeg ble betydelig mer kritisk	6,5 %	6
2 Jeg ble noe mer kritisk	14,1 %	13
3 Nøytralt	32,6 %	30
4 Jeg ble noe mer positiv	42,4 %	39
5 Jeg ble betydelig mer positiv	4,3 %	4
Total		92

Av svarene er det tydelig at kursa har hatt ein positiv effekt på deltakarane si haldning til gudstjenestereforma. Heile 45% av deltakarane svarte at kurset påverka dei slik at dei vart meir positive til reforma (42,4% noko meir positive, 4,3% betydeleg meir positive). Kursa har i så måte ikkje berre gitt fagleg og praktisk hjelp, men også skapt ei auka forståing av sjølve reforma.

### Søknad om lokal grunnordning og biskopen sitt svarbrev

Utover det å evaluere sjølve kursa, ville vi undersøke nærare korleis informasjonen deltakarane fekk på kurset samsvara med responsen på søknaden om lokal grunnordning i biskopen sitt godkjenningssvar.


9. Hvordan var samsvaret mellom informasjonen du fikk på kurset og responsen på søknaden om lokal grunnordning i biskopens godkjenningsbrev?



Alternativer	Prosent	Verdi
1 Svært lite tilfreds	0,0 %	0
2 Lite tilfreds	12,9 %	11
3 Nøytral	43,5 %	37
4 Tilfreds	31,8 %	27
5 Svært tilfreds	11,8 %	10
Total		85

Ved ei nærare sortering av svara, var det ikkje uventa at dei som i utgangspunktet var kritiske til gudstenestereforma opplevde mindre samsvar enn de som er positive.

Når det deltakarane vidare vart spurde om korleis dei vurderte biskopen sine avgjersler innanfor dei rammene Kyrkjemøtet har sett, fordelte svara seg slik:



Alternativer	Prosent	Verdi
1 Svært godt fornøyd	10,9 %	10
2 Godt fornøyd	30,4 %	28
3 Litt fornøyd	12,0 %	11
4 Nøytral	25,0 %	23
5 Litt misfornøyd	15,2 %	14
6 Misfornøyd	7,6 %	7
7 Svært misfornøyd	1,1 %	1
Total		92

At over 50 % var nøgde med biskopen sine avgjersler innan dei ramane som var sett, kan tolkast i to retningar. På den eine side kan svara tolkast slik at folk har forståing for at biskopen må halda seg til dei ramane Kyrkjemøtet har sett. På den andre sida viser tala at ein har ein veg å gå for å skapa entusiasme for innføringa av ny gudstenesteordning. Dette er eit signal ikkje berre til Stavanger bispedømme, men også til kyrkja sentralt.

### 3. Utvikling i nokre sentrale kyrkjelydar i Stavanger by

21. mai 2012 gjorde Stortinget vedtak om endringar i Grunnlova. Mellom anna vart det grunnlovsfesta at Den norske kyrkja skal være en folkekyrkje<sup>5</sup>. Grunnlova definerer ikkje nærmare kva ein meiner med omgrepet "folkekyrkje". Det er brei semje om at det er et kriterium for folkekyrkja at den har majoritetsoppslutning i folket.

Stavanger biskop har gjennom REU tatt initiativ til at ein større del av etterutdanningsressursane i bispedømmet vert brukt til å utfordre prestane konkret på studieprosjekt der ein søker etter relevant kunnskap og innsikt om situasjonen i kyrkja i Stavanger bispedømme. I 2012 har difor ein prost og ein sokneprest gjennom etterutdanningspermisjonar jobba under vegleiing med å hente ut relevant informasjon frå det statistiske materiale om den kyrkjelige situasjonen i bispedømmet. Sokneprest Asbjørn Salthe i Kampen kyrkjelyd i Stavanger domprosti har gjort djupdykk i statistikken i tre kyrkjelydar i Domprostiet, mens prosten i Ytre Stavanger prosti, Sigfred Sørensen m.a. har tatt for seg eit breiare materiale for utviklinga i alle prostia i bispedømmet og parallelt sett på utviklinga i organisasjonslivet i bispedømmet. Resultata av det siste arbeidet vil være klart våren 2013.

Asbjørn Salthe hadde våren 2012 tre månaders studiepermisjon. Permisjonstida nytta han til å fullføre ein mastergrad i praktisk teologi med å skrive ei religions sosiologisk oppgåve med tittelen "Glipper det for folkekirken?"<sup>6</sup>. Salthe undersøker oppslutninga om dåp og

konfirmasjon i tre kyrkjelydar i Stavanger domprosti i 2010, og han har halde saman dette med levekår og sosiale forhold. Undersøkinga er ei medlemsundersøking i den forstand at Salthe avgrensar seg til å undersøkje dåps- og konfirmasjonstilslutning mellom dei som er medlemmar i Den norske kyrkja. Han tek utgangspunkt i erkjenninga av at oppslutninga om dåp og konfirmasjon er synkande, og at Den norske kyrkja totalt sett har synkande medlemsoppslutning i folket.



Den norske kyrkja sin statistikk viser at medlemsoppslutninga i folket for heile landet fall med 15 prosentpoeng i løpet av førti år frå 1960 til 2000 (frå 96 prosent til 81 prosent oppslutning). Deretter fall oppslutninga med ytterlegare 15 prosentpoeng til 66 prosent i løpet av bare elleve år (frå 2000 til 2011).

Dersom denne utviklinga held fram vil det truleg bare være eit tidsspørsmål før Den norske kyrkja ikkje lenger har oppslutnad frå ein majoritet i folket. Men vil den då kunne reknast som ei folkekyrkje?

I dei tre kyrkjelydane som er undersøkt vart 82 % av kyrkjemedlemmane sine barn døypte i 2010. Dette var 65 % av alle fødde. Konfirmasjonsoppslutninga utgjorde 72 % av dei ungdommane som hørte til Den norske kyrkja. Desse utgjorde 59 % av heile årskullet.

## Biologisk avskaling

Salthe innfører omgrepet "biologisk avskaling" om den tilbakegangen som finn stad dersom vi ikkje maktar å bevare eit fødselsoverskot som kyrkjemedlemmar. Og han påviser at biologisk avskaling er årsak til ein langt større del av medlemstilbakegangen enn både innvandring og utmeldingar.

Tradisjonelt har ein gjerne tenkt at det er innvandring og utmeldingar som er årsak til at medlemsoppslutninga er synkande.

Om lag 2/3 av innvandrarane har ikkje-kristen bakgrunn, og ettersom desse utgjær ein aukande del av folket vil andelen kyrkjemedlemmer synke.

Det er fleire utmeldingar enn innmeldingar. Men årleg utgjær ikkje dette utmeldingsoverskotet meir enn snautt 2 promille av medlemsmassen.

Når Salthe finn at det i dei tre kyrkjelydane i undersøkinga bare er 82 % av kyrkjemedlemmane som døyper barna sine, meiner han at dette over tid må resultere i biologisk avskaling frå kyrkja. I éin av disse kyrkjelydane viste det seg at det er 40

prosentpoengs forskjell i medlemsoppslutninga blant eldste og yngste generasjon: 97 % av dei som døyde var medlemmar i Den norske kyrkja, mens bare 57 % av dei som vart fødd vart kyrkjemedlemmar.

## Markørar for folkekyrkjetilknytning

I generasjonar har "folk flest" i Noreg høyrte til Den norske kyrkja. For nokre har dette ført til aktiv deltaking i gudstenester, foreningsliv, kristent barne- og ungdomsarbeid osv. Men for mange av kyrkjemedlemmane har folkekyrkje tilhøyring blitt markert ved bestemte høve. Mange av disse "markørane" har imidlertid etter kvart svekka oppslutnad:

Nattverddeltaking mista sin funksjon som markør for folkekyrkje tilhøyring alt i siste halvdel av 1800-talet.

Kyrkjeleg vigsel har gått sterkt tilbake. I 2011 var det bare 36,8 % av vigslene i Norge som fant stad i regi av Den norske kyrkja. Samstundes veit vi at det òg er mange som ikkje giftar seg i det heile tatt.


Kyrkjeval har i samband med den kyrkjelege demokratireforma truleg fått ein styrkt effekt som markør for det å høyre til i kyrkja. Ved soknesrådsvalet i 1993 deltok 2,9 % av medlemmane. Ved kyrkjevalet i 2011 hadde denne auka til 13,5 %, men framleis er det langt igjen til kyrkjevala har majoritetsoppslutnad i folket.

Markeringar av kyrkjelege høgtider har langt på veg utspelt sin rolle som markørar. I 2010 var det bare 11,1 % av befolkninga som gjekk i kyrkja på julaftan.

To markørar har framleis oppslutning frå ein majoritet av folket i Noreg: dåp og konfirmasjon. Salthe går langt i retning av å hevde at folkekyrkja si framtid i landet vårt vil være avhengig av at kyrkja klarer å halde oppe – og auke – oppslutninga om begge desse:

Oppslutninga om dåp er avgjerande for oppslutninga om konfirmasjon om 15 år: Det er nemleg alt for få ungdommar som vel (dåp og) kyrkjeleg konfirmasjon dersom dei ikkje har blitt døypte som barn.

Oppslutninga om konfirmasjon er avgjerande for oppslutninga om dåp om (cirka) 15 år. Det er nemleg all grunn til å tru at langt færre foreldre vel å døype sine barn dersom dei ikkje sjølv har blitt kyrkjeleg confirmerte.



## Dåp, konfirmasjon og levekår

Salthe samanliknar oppslutninga om dåp og konfirmasjon med levekår i bydelane, og gjær dette med utgangspunkt i Stavanger kommune si levekårsundersøking. Han finn at



oppslutninga om både dåp og konfirmasjon synest å vere høgast når levekåra er "middels", og ser dermed ein indikasjon på at Den norske kyrkja er i ferd med å styrkje posisjonen sin som "middelklassekyrkje".

For kyrkjeleg konfirmasjon aukar oppslutninga blant kyrkjemedlemmane i nabolag der det bur mange ikkje-vestlege innvandrarak. Ut frå dette lanserer Salthe ein "motivasjons- eller nysgjerrighetsteori" som legg til grunn at eksponering for religiøst mangfald stimulerer unge menneske til utforsking av eigen religiøs tru og praksis.

## **Prognoser for vidare utvikling**

Med utgangspunkt i tilgjengeleg statistikk og egne funn forsøker Salthe å berekne prognosar for framtidig utvikling av oppslutninga om dåp og konfirmasjon. Og han ser grunn til å tru at oppslutninga om både dåp og konfirmasjon i desse tre kyrkjelydane innan 2025 vil utgjære mindre enn 50 % av årskulla.

## **Kan vi snu utviklinga?**

Avslutningsvis reflekterer Salthe over kva tiltak som eventuelt kan setjast i verk for å auke rekrutteringa til dåp og konfirmasjon, og han etterlyser gode idear og målbare resultat. Han erkjenner òg at det utvalet av kyrkjelydar han har undersøkt er rimelig lite, og ser difor behov for breiare anlagde undersøkingar.

I sin eigen kyrkjelyd har Salthe, som eit resultat av erkjenninga den nye innsikta har gitt, byrja å ringe til familiar der min. ein av foreldra høyrer til Dnk, og der det går noko tid utan



at barnet vert meld til dåp. Resultatet er at denne kontakten aleine synes å ha positiv effekt på antalet dåp i kyrkjelyden..

Bispedømme tek nå initiativ i fleire kyrkjelydar for å prøve ut målretta tiltak som f.eks. telefonkontakt og besøk frå kyrkjelydane ved frivillige til familiar med nyfødde med m.a. invitasjon til dåp, for å prøve ut effekten av dette på antal dåp. Bispedømme vil og saman med nokre kyrkjelydar prøve å kome i kontakt med unge som ikkje er døypte gjennom konfirmasjonsarbeidet og i andre samanhengar.

I et eige avsnitt fokuserer Salthe på korleis Den norske kyrkja i større grad kan hjelpe til med at innvandrarakristen bakgrunn kan få kjenne at de høyrer til folkekyrkja. Omlag 1/3 av innvandrarakristane i Noreg har kristen bakgrunn frå sine heimland. Det er bare ein liten del av desse som har blitt medlemmar i Den norske kyrkja. Tiltak som Dnk har sett i verk for å få innvandrarakristar i tale har hovudsakleg hatt ein diakonal profil, eller det har vore misjonale tiltak med uttalt målsetting om å inkludere i trusfellesskap. Men det har vore lite fokus på at personar med innvandrarakrist bakgrunn kan få hjelp med å høyre til folkekyrkja – på lik line med "folk flest". Salthe viser til at det i hans materiale finns fleire eksempel på at barn av kristne innvandrarakristar har blitt døypte i Dnk utan at foreldra har blitt kyrkjemedlemmar. Dermed blir familien si tilknytning til kyrkja svak, og han frykter at "fornorsking" for mange kristne innvandrarakristar kan vise seg å bli synonymt med "kyrkjelig framandgjæring" og "avkristning".

## **Framtidig utvikling**

Avslutningsvis skriv Salthe at Dnk sannsynlegvis i fleire generasjonar kjem til å være det største av livssynssamfunna i Noreg. Men om ho kjem til å være ei folkekyrkje i den forstand at majoriteten av folket står tilslutta, vil være avhengig av at ein maktar å auke oppslutninga om dåp. Og med klår henvisning til den samanhengen han ser mellom konfirmasjons- og dåpsopplutning, meiner han at den beste strategien for å auke oppslutninga om dåp om femten år sannsynlegvis er å auke oppslutninga om konfirmasjon nå.

## 4. Nytt prosti. Ny prostiinndeling. Fleire prostiendringar?

Frå 01.01.2013 fekk Stavanger bispedømme eit nytt prosti. Dette skjedde etter eit omfattande reguleringsarbeid i bispedømme i 2011 og 2012.

Proessen enda med at Søre Ryfylke prosti og Nordre Ryfylke prosti blei eitt nytt prosti kalla Ryfylke prosti, medan sokna i Vindafjord i nord-vestre del av Nordre Ryfylke vart lagt til Haugesund prosti. Dette prostiet fekk namnet Haugaland prosti.

Sjølve prosessen vart god. Dette skuldast fleire forhold:

- Stavanger BDR hadde ein prosess der PF og ein sentral FR's leiar var med i arbeidet med utarbeiding av premissane for endringane og utviklinga av alternative prostiinndelingar
- Fellesråda, sokneråda og prestane i dei områda der det kunne bli endringar, fekk gje uttale så tidleg at det kunne innverka på framlegget til nye inndelingar
- Tida var moden for å finna fram til gode inndelingar som trefte den kulturelle situasjonen
- Det minste av dei prostia som til slutt vart lagt ned, hadde prestar som var meir enn klar for eit større kollegafelleskap
- I prosessen vart spørsmålet om plassering av prostesetet i det nye prostiet halde utanfor. Dermed vart ikkje lokalpolitiske haldningar aktiverte.



Eit nytt Ryfylke prosti vart oppretta. Etter mynde frå FAD la Stavanger biskop prostesetet til Hjelmeland som ligg midt i prostiet. Prostiet er stort geografisk med lange avstandar. Folk bur spredt, men med nokre større konsentrasjonar i Jørpeland, Tau, Hjelmeland, Sand og Sauda. Med prosten plassert i Hjelmeland vil prosten bu midt i prostiet, og Hjelmeland var det området i prostiet der det og var naudsynt å auka bemanninga med noko meir presteteneste .

Den første prosten i landet tilsett av eit BDR, skjedde så i møte i oktober 2012, då Sigrid Sigmundstad var tilsett som prost i Ryfylke. Det har vore ei utvikling ved utnemning av prostar over ei tid, der dei fleste søkjarane har vore frå det bispedømmet som skulle ha ny prost. Ved utlysning av den ledige stillinga som prost i Ryfylke, var det flest eksterne søkjarar. Både på første og andre plass hadde BDR ved tilsetjing eksterne søkjarar.

Desse prostiendringane skjedde med nær innpå 100 % tilslutning frå dei ulike instansane



*Sigrid Sigmundstad, prost i Ryfylke*

so gav uttale. Det gjev gode gevinstar når dei nye einingane skal fungere i praksis.

I sjølve tilsetjingsprosessen oppdaga vi nokre utfordringar ved personalreglementet.

Sokneråda i det nye prostiet hadde høve til å ha med to tillitsvalde under intervju. Slik dette er utforma i det personalreglementet som

nå gjeld, kan dette lesast slik at det er sokneråda i dei kyrkjelydane som prosten skal ha si teneste som kyrkjelydsprest, som kan oppnemne to tillitsvalde.

Det var slik BDR i Stavanger valde å praktisere reglementet i dette høvet. Det gjer at dei sokna som har tillitsvalde med i intervju, får ein meirkunnskap om søkjarane, også med omsyn til den teneste dei vil kunne gjera som i kyrkjelydsteneste fastsett av biskopen.

Men personalreglementet kan og lesast slik at det er sokneråda i heile prostiet som har rett til å oppnemne to tillitsvalde til intervju. Slik dette skjedde i Oslo ved tilsetjing av ny domprost.

Dette er eit punkt i personalreglementet som kan gjerast klårare.

No er det slik at sokneråda skal gje uttale om kven dei meiner er best skikka til å vera prost etter at intervju er avvikla. Stavanger bispedømmeråd vil gje det rådet at uttalen frå kvar av


sokneråda skjer med bakgrunn i den utvida søknadslista, gjerne med tillegg av referanseuttalene , og før intervjua vert tatt. Då vil dei uttalene sokneråda kjem, kunne vektleggjast ved utval av søkjarar til intervjua. Dessutan slepp ein på den måten av dei to tillitsvalde som er med på intervjua, skal få ein sær stor tyngde i sokneråda sitt arbeid med uttalene. Dei to tillitsvalde vil etter dette bli vesentlege ressurspersonar i intervjua, ut frå lokal kjennskap til prostiet. Men vi slepp den risiko at tillitsvalde vert meir eller mindre gode bodberarar av inntrykk frå intervjua. Det er urimeleg at to tillitsvalde skal ha ein så sterk posisjon ved ei prostetilsetjing.

Kva så med biskopen? Tidlegare var det biskopen som gav uttale til FAD med råd om kven som i rekkefølge var best egna til å vere prost. Nå har biskopen same funksjon ved tilsetjing av prost som ved tilsetjing av kyrkjelydsprest. Det kan ein undre seg over når ein veit at prosten er leiar av prestenesta og biskopen sin næraste medarbeidar. I dei høve der vedkommande biskop ikkje har personleg kjennskap til søkjarar frå andre bispedømme, kan det bøstast på dette, ved at biskopen har høve til å vera til stades under intervjua av dei mest aktuelle søkjarane til den ledige prostestillinga.

Dette er sider ved personalreglementet som erfaringane frå 2012 viser bør tenkjast gjennom ein gong til.

Stavanger bispedømme har etter siste prosti regulering 9 prosti. Framleis kan er det eit prosti i bispedømme som er sær lite med omsyn til talet på prestestillingar. I Dalane er det 5,5 stilling som kyrkjelydsprest i tillegg til prosten. Prostiet er relativt vidstrakt, men ein når frå ein ytterkant til ein annan med ein og ein halv til to timars køyretur. Utanom Egersund by er prostiet samansett av små bygder og tettstader og mykje spedt busetnad.

Det hadde vore ynskjeleg med fleire prestar i eit prosti, både av omsyn til den dynamikken det opnar for og planlegging av prestenesta. Det som særleg tel imot, er at Dalane er eit rimeleg definert område geografisk. Det er likevel vurderingar BDR og biskop må ta, før ein i denne omgang seier seg nøgd med prostiindelninga i bispedømmet.



*Leif Inge Brekke er nyordinert prest*

## 5. Likestilling 2012

### Kjønns- og lønnsfordeling - bispedømmekontoret (kap. 1590)

Stavanger	Kjønnsfordeling				Lønn			
	M %		K %		Totalt (N)		K/M %	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Totalt	50 %	43 %	50 %	57 %	14	14	77 %	86 %
Leiarar	100 %	100 %	-	-	3	3	-	-
Rådgjevarar	43 %	33 %	57 %	67 %	7	9	98%	95 %
Konsulentar	0 %	0 %	100 %	100 %	3	2	-	-

I Stavanger bispedømme sin administrasjon er det totalt 14 personar. Vi har ingen kvinner i leiarstillingar. Dette er noko av grunnen til at kvinnene berre når 86 % av mennene si lønn.



### Sjukefråvær ved bispedømmekontoret

Stavanger	Deltid		Mellombels		Legemeldt fråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2012	0 %	7 %	0 %	0 %	0 %	1,17 %
2011	14 %	14 %	0 %	0 %	0,23 %	3,18 %
2010	14 %	14 %	0 %	0 %	1,35 %	8,01 %

Det legemeldte sjukefråveret har vi rekna ut på bakgrunn av 230 dagsverk pr. år. Stillingsstorleik er multiplisert med sjukefråværsprosent.

## Likestilling i presteskapet (kap. 1591)

Stavanger bispedømme har følgjande fordeling mellom kvinner og menn i 2012 (stillingar og lønn)

Stavanger		Kjønnsbalanse			Lønn
		M %	K %	Totalt (N)	K/M %
Totalt	2012	85,7 %	14,3 %	98	100,2 %
	2011	85 %	15 %	101	97,5 %
	2010	85 %	15 %	104	97,0 %
Prost	2012	87,5 %	12,5 %	8	104,9 %
	2011	89 %	11 %	9	108,8 %
	2010	89 %	11 %	9	110,1 %
Sokneprest	2012	93 %	7 %	68	101,2 %
	2011	90 %	10 %	72	99,2 %
	2010	90 %	10 %	70	101,9 %
Kapellan	2012	50 %	50 %	6	96,0 %
	2011	50 %	50 %	6	94,8 %
	2010	56 %	44 %	9	97,3 %
Prostiprest	2012	70 %	30 %	10	107,6 %
	2011	67 %	33 %	9	104,6 %
	2010	70 %	30 %	10	95,4 %
Seniorprest	2012	67 %	33 %	3	94,0 %
	2011	100 %	0 %	2	-
	2010	100 %	0 %	3	-
Spesialprest	2012	67 %	33 %	3	100,0 %
	2011	67 %	33 %	3	101,2 %
	2010	67 %	33 %	3	101,8 %

Pr. 30.11.12 var vi i ein endringsfase m.o.t. prostia i bispedømmet. Ein prost gjekk av, og ny prost var tilsett, men hadde ikkje byrja i stillinga. Samstundes var det endringar i preste-gruppa, både i det nye Ryfylke prosti og andre stader i bispedømmet.

Tala for 2012 viser at snittlønna for kvinner var lik med lønna for menn. Kva gjeld lønn for prost, sokneprest og prostiprest låg kvinnene framom, medan kapellan og seniorprest ligg etter. Blant kapellanane er talet på kvinner og menn likt (3 + 3), men dei yngste kapellanane er kvinner, og dette gir seg utslag i lønna. For seniorprest er talmaterialet særst lågt, med éin mann lønna monaleg over dei andre. Med unnatak av kapellanane legg Stavanger BDR bevisst vekt på ei høgare lønn for kvinner enn for menn under elles like vilkår. Men m.o.t. lønn for kapellanar er det så stor skilnad i ansiennitet og alder for dei tilsette kvinnene og mennene at lønnsnivået enno ikkje er fullt ut utlikna.

Sjå elles Årsrapporten 5.3 Fleire kvinner som kyrkjelydsprestar og leiarar.

## Legemeldt frávær og foreldrepermisjon for deltidstilsette, mellombels tilsette i presteskapet.

	Deltid		Mellombels		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
<b>2012</b>	18 %	21 %	4 %	13 %	0,3 %	0 %	2,6 %	3,4 %
<b>2011</b>	14 %	29 %	19 %	15 %	0,2 %	0 %	2,0 %	2,1 %
<b>2010</b>	11 %	39 %	15 %	17 %			1,8 %	4,4 %

Delen av deltidstilsette viser ein oppgang for menn. Dette skuldast m.a. at nokre av seniorane har tatt ut delvis AFP og med det gått ned i stillingsstorleik, eller fått redusert stilling av di dei er delvis uføre. Av kvinnene er det tre som arbeider i deltidstillingar.

Dei mellombels stillingane gjeld personar som har vore i vikarteneste på rapporteringstidspunktet.

Foreldrepermisjon er teken ut av éin person, fedrekvote på 10 veker (50 dagar). (Talet for 2011 er justert ut frå same reknemåte).

Når det gjeld sjukefráværet, viser det ein oppgang frå 482 dagar i 2011 til 580 dagar i 2012.

Dette gir eit samla sjukefrávær på 2,7 % (2,3 % i 2011). Nokre av sjukefráværa har vore langvarige; 11 personar (3 kvinner, 8 menn) har vore sjukemeldte meir enn 16 dagar.

Sjukefráværet for kvinner har passert grensa på 3 % som vi i tråd med IA-avtalen vil halde oss under, medan det for menn held seg under dei 3 %, trass i ein viss oppgang.

Då vi ikkje kjenner til kva diagnosar som gjeld, kan vi ikkje med visse uttale oss om årsak til oppgangen i sjukefráværet. Men ein kan lese oppgangen som eit utslag av at prestane er under stort press i tenesta si.

Generelt har vi merksemd retta mot vilkåra for prestetenesta, og prostane følgjer opp dei sjukemeldte i tråd med IA-avtalen.

Elles blir noko av dette kommentert i avsnittet «Gode arbeidsvilkår» under presteskapet.

## Tilsetting av funksjonshemma og av personar med annen etnisitet

Til utlyste stillingar har vi ikkje hatt søkjarar som har vore funksjonshemma.

Av dei totalt 53 søkjarane til stillingar hos oss, var ein utlending (frå Sverige). Han vann ikkje igjennom i tilsettingsrunden ut frå vurderingar gjort på basis av personalreglementet.

## 6. Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger

*Stavanger BDR og Stavanger biskop har i 2012 gått inn i eit samarbeid med Areopagos og Stavanger kyrkjelege fellesråd om å opprette eit kyrkjeleg dialogsenter.*

Etter 22. juli 2011 kom det tydeleg fram eit behov for ein breiare kyrkjeleg innsats opp mot andre trus- og livssynssamfunn. Behovet blei gjort tydeleg på to måtar:

For det fyrste gjennom dei konkrete lokale sorgprosessane i Haugesund, i Stavanger og i Egersund. Desse prosessane blei langt meir offentlege enn ved dei fleste dødsfall, og det tverrkulturelle mangfaldet var tydeleg og sterkt. Det blei naturleg og rett å knytte sterkare band mellom biskop og prestar, arbeiderrørsla og ulike religiøse og etniske miljø.

Samstundes var budskapet frå Utøya sterk og tydeleg: *Vi må svare på drapsmannen sine ufattelege ugjerningar med det motsatte av det han ville oppnå. Vi vil ha meir mangfald, ikkje mindre. Vi vil forsterke og utdjupe det multikulturelle samfunnet, ikkje kjempe mot det. Vi vil føre dialog med kvarandre og byggje fellesskap, ikkje bryte ned.*

Kyrkjeleg Dialogsenter i Oslo blei etablert for nokre år sidan, og eit nytt senter blei etablert i Bergen i 2011. Etableringa i Stavanger bispedømme er det tredje i rekka, og det blir arbeida med etablering også andre stader i landet. Dei tre sentra er sette i gang av dei same aktørane alle stader: BDR i samarbeid med Areopagos og det kyrkjelege fellesrådet i det største bysenteret.





I Stavanger bispedømme er senteret organisert som ei foreining med tre eigarar – BDR og Areopagos har gitt 100 000 kroner kvar årleg i ein treårsperiode, mens Stavanger kyrkjelege fellesråd bidrar med 50 000 kroner årleg.

Odd Kristian Reme blei tilsett som dialogprest og dagleg leiar for senteret i halv stilling frå 1. september. Styret har vedteke å utvide til full stilling våren 2013. Reme har tidlegare arbeida som studentprest, gateprest og dagleg leiar for Kirkens Bymisjon i Stavanger, og har lang fartstid også frå politisk arbeid lokalt og sentralt. Stavanger kommune har valt å støtte senteret med betydelege tilskot i 2012 og 2013, og også andre kommunar bidrar med finansiering og anna støtte.

Dialogsenteret har oppretta eit tverr-religiøst Råd, der Summer Ejaz er oppnemnt som leiar – Ejaz er også talsmann for Muslimske Fellesråd i Stavanger. I tillegg inviterer dialogsenteret til månadlege opne dialogkveldar, månadlege kveldsgudstenester. Senteret er engasjert i arbeidet knytta til alternativmesser og ny åndelegheit. Senteret planlegg initiativ og nettverksbygging også sør og nord i bispedømmet.

I det nye livssynsopne samfunnet, der kyrkja gjennom dei siste åra har oppnådd større grad av sjølvstende og blitt tydelegare som det største trussamfunnet, er det avgjerande at kyrkja lukkast med å vere – og stå fram som – ein open, lyttande og samarbeidsorientert aktør i eit stadig meir ope og mangfaldig samfunn. Kyrkjeleg Dialogsenter er derfor eit viktig reiskap for kyrkja – både i forhold til opplæring og oppbygging av kompetanse, inspirasjon til tilsette og frivillige medarbeidarar, og å utvikle og forsterke eit større frimod i møte med andre trus- og livssyn.

## 7. Ressurssituasjon

Etatsstatistikken for 2012 viser at talet på faste prestestillinger frå 2009 til 2012 har vore stabilt i kyrkja totalt sett.. I Stavanger bispedømme har i same perioden sju presteårsverk blitt borte.

	2009	2010	2011	2012	Endring 2009-2012
<b>Alle bispedømme</b>	1257	1266	1277	1261	4
<b>Stavanger bispedømme</b>	99	97	95	92	-7

Ser ein på avtalte årsverk, i staden for faste stillingar, har kyrkja totalt sett fått 24 fleire avtalte årsverk, medan Stavanger bispedømme har mista ni.

Tildelinga på 1,8 årsverk ekstra i 2011 kom godt med, men står ikkje i forhold til utgiftsveksten og behovet. Reelt sett viser etatsstatistikken ei nedgang i presteressurs på over 7 %. Det er dramatisk.



Dette skuldast ikkje måten dei tildelte ressursane blir nytta på. Etatsstatistikken viser at sjølv om Stavanger ligg noko over gjennomsnittet i bispedømme i samla lønnsnivå, så ligg bispedømmet rett under gjennomsnittet i gjennomsnittleg lønnsnivå for ulike aldersgrupper.

Når det gjeld lønn til ulike stillingskategoriar, er det bare spesialprestar og seniorprestar

som har eit markert høgare lønnsnivå enn landet elles, og dei er for få til å gjera utslag i det store biletet. Samla sett må derfor lønnsnivået i bispedømmet kunne reknast som fornuftig, samanlikna med kyrkja elles.

Det same gjeld andre utgifter som blir dekt av tildelinga i kap 1591. Utgiftene til etterutdanning, kurs og kompetanse ligg der dei skal vera, på 2008-nivået. Elles er Stavanger bispedømmet det bispedømmet som relativt sett brukar minst på administrasjon for prostane.

Frå 2009 til 2012 har det blitt 3145 fleire kyrkjemedlemmar i bispedømmet. Det er over landsgjennomsnittet for medlemmar pr. prest. Denne utviklinga må bispedømmet altså møta med svekka ressursar til presteneste.

I praksis betyr dette at prestane i bispedømme har ulike føresetnader for tenesta.<sup>7</sup>

Oppgaver pr prest							
	Avtalte årsverk	Dåp	Gravferd	Vigsel	Konfirmasjon	Gudsteneste	Medlemmar
Agder	134	28	29	7	31	42	2561
Bjergvin	168	33	27	7	38	40	2914
Borg	143	34	33	8	37	34	3502
Hamar	118	26	34	7	30	41	2751
Møre	73	35	30	7	41	44	2994
Nidaros	123	32	27	6	35	35	2937
Nord-Hålogaland	88	24	22	5	25	36	2232
Oslo	149	28	28	5	21	28	3136
<b>Stavanger</b>	<b>92</b>	<b>47</b>	<b>31</b>	<b>10</b>	<b>47</b>	<b>48</b>	<b>3733</b>
Sør-Hålogaland	84	26	27	5	30	39	2435
Tunsberg	124	29	33	7	31	37	3090
SUM/ Nasjonalt gjennomsnitt	1296	31	29	7	33	38	2957

Me ser at i Stavanger bispedømme er det 200 fleire medlemmar pr. prest enn i det bispedømmet som kjem som nummer to. Det er nær 800 fleire medlemmar pr. prest enn landsgjennomsnittet.

Utanom for gravferd, er det prestane i Stavanger bispedømme som har den høgaste gjennomsnittlege oppgåvemengda, på alle område. Særleg når det gjeld gudsteneste, konfirmasjon og dåp er det store skilnadar mellom Stavanger og dei andre bispedømme.

Bispedømmet har vendt seg til FAD og Kyrkjerådet i brev for å visa dette, seinast i samband med statsbudsjettet 2013. Tal frå etatsstatistikken viser at den justeringa for geografi og reiseavstand som eventuelt kan liggja til grunn for skilnadane mellom bispedømme, er for stor og tilfeldig fordelt. Den følgjande tabellen viser dette:

Prestedekning						
Bispedømme	Avtala årsverk	Kyrkje-medlemmar	Medlemmar pr prest	Viss utjamning etter medlemstall/prest		Antall stillingar som kjem av geografisk justering
				Stillingar	Differanse	
Agder og Telemark	134	343131	2561	116	-18	44
Bjergvin	168	489588	2914	166	-2	29
Borg	143	500749	3502	169	26	0
Hamar	118	324651	2751	110	-8	35
Møre	73	218562	2994	74	1	25
Nidaros	123	361200	2937	122	-1	27
Nord-Hålogaland	88	196384	2232	66	-22	48
Oslo	149	467275	3136	158	9	17
Stavanger	<b>92</b>	<b>343464</b>	<b>3733</b>	<b>116</b>	<b>24</b>	<b>2</b>
Sør-Hålogaland	84	204543	2435	69	-15	41
Tunsberg	124	383132	3090	130	6	21

<sup>7</sup> Tal for avtalte årsverk kjem frå etatsstatistikken 2012. Dei nyaste tala for gudstenester, medlemmar og kyrkjelege handlingar er frå 2011, så desse er brukt som grunnlag for dette.

Tabellen viser at justeringa for geografi i dag er både for stor i forhold til kva dette betyr for prestetenesta. Justeringa er også ulik for bispedømme som har relativt lik geografi, som t.d. Stavanger og Tunsberg.<sup>8</sup>

Uansett korleis ein elles skal tolka og bruka desse tala, så viser dei at det i dag er for lite ressursar til presteteneste i Stavanger bispedømme. I ei tid med auka oppgåvemengd har det blitt færre stillingar. Samanlikna med andre bispedømme må prestane i Stavanger bispedømme ta ansvar for fleire medlemmar, gudstenester og kyrkjelege handlingar. Når aktivitetsnivået i bispedømmet også på andre område er høgt, seier det seg sjølv at dette førar til høgare press på prestane. Det gjer det vanskelegare å prioritera, halda høg kvalitet og oppnå gode resultat.

Det er sannsynleg at ressursituasjonen også påverkar resultat. I årsstatikken for 2012, har me sett nedgang i oppslutning om gudsteneste og i ulike deler av kyrkjelydsarbeidet. Noko av nedgangen i total gudstenestedeltaking er direkte relatert til at det no er færre gudstenester. Presten er sentral i kyrkjelydsarbeidet, og dårleg tilgang på presteressurs påverkar både trusopplæring, diakoni og barne- og ungdomsarbeid.

Noko av nedgangen vil også kunna forklarast med kulturelle endringar, men bispedømmet sin oppgåve er å sjå på kva ein kan gjera med det kyrkja sjølv rår over. Då er det ein stor utfordring med ein pressa ressursituasjon.

Ressursituasjonen er også viktig for prestane sin arbeidskvardag. Biskop, bispedømmeråd og prostar legg vekt på at prestetenesta må planleggjast og leggjast tilrette innafor teneste- og arbeidstidsordningar. Tenesta som kyrkjelydsprest er likevel særleg sårbar for høgt arbeidspress. Prestane sitt ansvar ved vigsel og gravferd krev topp kvalitet, uavhengig av kva som elles måtte vera planlagt av aktivitet i kyrkjelyden. Prestane er offentlege personar. Viss dei førebur seg dårleg, vil det slå tilbake på dei sjølv. Etterspurnaden etter prestetenesta er høg i kyrkjelydane. Prestane må prioritera, men har også ansvar for mange viktige oppgåver som ikkje kan prioriterast bort.

I AFI-undersøkinga om arbeidsmiljø i Den norske kyrkja, ser me at prestar i Stavanger bispedømme har høgare arbeidskrav enn gjennomsnittet i kyrkja. Dei opplever oftare tidspress og å måtta arbeida ut over normal arbeidsveke. Det er noko vanskelegare å avspasera meirtid. 57,1 % av prestane i bispedømmet opplever dette som belastande. Bispedømmet har eigne, årlege arbeidsmiljøundersøkingar. I desse viser det seg at noko av det som scorar dårlegast, er forutsigbar fritid.

---

<sup>8</sup> Tabellen er basert på korleis ressursane ville vore fordelte hvis ein bare såg på medlemstal. Ut frå det er det Borg som ville hatt behov for flest nye stillingar for å nå gjennomsnittet. Differansen for desse tala mellom dei andre bispedømme og Borg, viser derfor kor mange stillingar som i dag kjem av utjamning i forhold til geografi. Det talet kjem i siste kolonne.

Ut frå føresetnadane, trur me problema kunne vore større. Me reknar at me har eit arbeidssamt, erfarent og kompetent presteskap som taklar mange utfordringar. Dei er stabile og engasjerte. Likevel synest me ikkje at me som bispedømme har ressursar nok til å gje dei dei føresetnadane som er rimelege, ut frå behova og kva som elles i landet er vanleg. Det har to sider: Det er uheldig for prestane og uheldig for verksemda i kyrkjelydane. Me unner kyrkjemedlemmane i bispedømmet å ha god tilgang på presteteneste når dei treng det, og me unner prestane å ha eit godt ressursmessig utgangspunkt for tenesta.

Tala frå etatsstatistikk, årsstatistikk og arbeidsmiljøundersøkingar viser at dette ikkje er på plass. Dei moglegheitene som ligg i intern organisering og godt HMS-arbeid utnyttar me aktivt. Ressursane kjem frå regjering og storting, og det styrer me ikkje sjølv. Tala viser at det er her den største risikoen ligg og behovet for å gjera noko er klarast.



## B. Hovudområda i 2012

### 1. Kyrkjeleg organisering

#### 1.1. Kyrkjeordning

##### *Mål*

Vi ønskjer kyrkjelydar som engasjerer seg i arbeidet med ny kyrkjeordning. Vi fokuserer på involvering og motivasjon av tillitsvalde, tilsette og kyrkjemedlemmar.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Tilrettelegge for opne og gode høyringar om ny kyrkjeordning.</b>	Gjennomføre temasamlingar om ny kyrkjeordning i Nordfylket og Sørfylket	Tillitsvalde, tilsette og kyrkjemedlemmar.

##### *Måloppnåing og vurderingar*

I mai 2013 blei det gjennomført temasamlingar om ny kyrkjeordning for i overkant av 200 deltakarar. På samlingane orienterte representantar for Kyrkjerådet om temaet i høve til refleksjonsnotatet som då var ute på høyring.

#### 1.2. Demokratireforma

##### *Mål*

Bidra til evaluering av demokratireforma for å forbetre lokal, regional og sentral valgjennomføring, samt å kunne gi innspel til ny kyrkjeordning.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Gode valordningar i framtidig kyrkjeordning</b>	Deltaking i evalueringsprosessar for Kyrkjevalet 2011	Bispedømmerådet

##### *Måloppnåing og vurderingar*

**Målet er delvis nådd.**

Bispedømmet har hatt som mål å bidra til gode valordningar for kyrkja. Dette er noko som Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet har ansvar for, men som bispedømmerådet er involvert i. Bispedømmerådet sit på erfaringar og kompetanse på valordning som også er viktig for kyrkja sentralt.

I 2012 var det ei høyring om endringar i kyrkjelova og endringar i valordninga for Den norske kyrkja. Høyringa bygde på eit forslag om å gå over til fleirtalsval til bispedømmeråd og kyrkjemøte, etter modell frå soknerådsvalet.

Sjølv om eit slikt forslag ville gjera stemmegiving og oppteljing enklare, meinte bispedømmerådet at fleirtalsval på bispedømmenivå inneber stor risiko for kyrkja. Sjølv om ordninga heiter fleirtalsval, vil valordninga ved samla stemmegiving frå einskilte grupper, kunne føre til at eit godt organisert mindretal vinn full representasjon, på bispedømmenivå eller eventuelt også nasjonalt. Dette er meir sannsynleg enn både evalueringa av kyrkjevalet og høyringsdokumenta såg føre seg, både ut frå erfaringar frå tidlegare og valordningane i seg sjølv.

Bispedømmerådet sende høyringssvar som etterlyste eit vidare arbeid med valordningar, med større fokus på både kyrkjepolitisk, geografisk og alder- og kjønnsmessig representativitet i forhold til veljarane sine ønske. Kva som skjer vidare er uavklart, men bispedømmet er kjent med at Kyrkjerådet arbeider med saka.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Bispedømmet vil framleis delta i utviklinga av kyrkjedemokratiet, med særleg fokus på å finna valordningar som fungerer godt både demokratisk og kyrkjeleg.

## **2. Barn, unge og trusopplæring**

### **2.1. Departementets resultatmål**

<b>Målformuleringer:</b>	<b>Styringsparametere:</b>	<b>Resultatmål:</b>	<b>Indikatorer:</b>
Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene.	Videreføring av trosopplæringsreformen	1. Utbredelsen av trosopplæringsreformen	1. Andel menigheter i bispedømmet som er tilført trosopplæringsmidler i 2012
		2. Omfanget av trosopplæringstilbudet i menighetene	2. Gjennomsnittlig antall timer trosopplæringstilbud i menigheter som er i gjennomføringsfasen
		3. Oppslutningen om trosopplæringstilbudet i menighetene	3. Gjennomsnittlig deltakerandel ved et trosopplæringstilbud i menigheter som er tatt inn i gjennomføringsfasen

## ***Måloppnåing og vurdering***

### ***Sjølvtendige indikatorar***

#### **Talet på sokn som er tilført trusopplæringsmiddel i 2012**

er ein av indikatorane på om Stavanger bispedømme klarer å vidareføre trusopplæringsreforma. I 2012 fekk 51 av 91 sokn i Stavanger bispedømme tilført midlar for å gjennomføre trusopplæringsreforma for alle døypte i aldersgruppa 0 - 18 år. Av desse er 28 sokn i gjennomføringsfasen, 6 sokn i mellomfasen, og 17 sokn i driftsfasen.

Åtte av sokna i gjennomføringsfasen høyrer til Dalane prosti, som vart fasa inn i trusopplæringsreforma i 2012. Frå før er sokna i Haugesund prosti (2008), Sandnes prosti (2009), Tungenes prosti (2010) og Ytre Stavanger prosti (2011) innførte i reforma.

Alle prostia som er tilført midlar til trusopplæring er godt i gang med trusopplæringsarbeidet.

#### **Gjennomsnittleg timetal på opplæringstilbod i sokn som er i gjennomføringsfasen**

er ein indikator på om det i Stavanger bispedømme er opparbeida eit tilbod om trusopplæring som relaterer seg til den nasjonale norma for timetal.

Sokna som er i gjennomføringsfasen har i 2012 gitt tilbod om gjennomsnittleg 258 timar trusopplæring, noko som er ... timar meir enn landsgjennomsnittet. Sokna er framleis i ei oppbyggingsfase av trusopplæringsreforma, og det vil framleis gå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar blir realisert. Målet for 2012 reknar vi derfor som oppnådd. Om ein samanliknar 258 timar med det talet som var Stavanger bispedømme sitt tal for 2011 - 239 timar, ser vi ein liten oppgang.

I samband med godkjenning av planar har Stavanger bispedømme vore tydeleg på at dei timane som skal telle i den systematiske og samanhengande planen skal vere tiltak som har eit potensiale til å nå breidda av alle døypte. Fleire av sokna er inne i ein prosess med å flytta nokre av tiltaka sine frå den øvre delen av planen (punktuelle breiddetiltak) til under «Andre tilbod til barn og ungdom i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar» (kontinuerlege tiltak). Det er grunn til å tru at hovuddelen av dei timane kyrkjelydane no skriv i planane sine når breidda av alle døypte, eller har eit potensiale i seg til å nå breidda når dei etter kvart blir innarbeidde.



## Gjennomsnittleg deltaking ved eit utval trusopplæringstilbod i dei kyrkjelydane som er i gjennomføringsfasen

seier noko om kor mange barn og unge som deltek i trusopplæringa, og om ein når breidda av dei med trusopplæring.

I gjennomsnitt deltek 51 % av målgruppa på eit utval av representative trusopplæringstilbod i sokna i gjennomføringsfasen i 2012. Den gjennomsnittlege deltakinga i kvar enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som følgjer:

Alder	Tiltak	Gjennomsnittleg oppslutning
0 år	Samtale før dåp	97 %
4 år	Utdeling av bok	52 %
6 år*	Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar	32 %
8 år	Tårnagenthelg	21 %
Ca. 11 år	Lys Vaken	26 %
15 år	Konfirmasjon	92 %
16 år	Breiddetiltak året etter konfirmasjon	24 %

Når ein ser nærare på dei sju trusopplæringstiltaka som det er rekna gjennomsnittleg oppmøte på, ser ein at dei tradisjonelle tiltaka dåpssamtalen 97 %, 4 års boka 52 % og konfirmasjon 92 % har høgast oppslutning, medan dei nyare tiltaka dåpsskule 6 år 32 %, Tårnagent 21 % og Lys Våken 26 % har ei noko lågare oppslutning. Hovudinstrykket er at det er brei oppslutning om trusopplæringstilboda i sokna i bispedømmet, men at det vil ta tid å etablera dei nye tiltaka som breiddetilbod i kyrkjelydane.

Oppslutninga om breiddetiltak åra etter konfirmasjon har ei oppslutning på 24 %, men her er talgrunnlaget svært tynt. Berre 3 sokn har i 2012 rapportert eit tiltak for denne aldersgruppa. Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på dei tiltaka dei har for ungdom fordi dei ser at breidda av ungdom ikkje deltek. Dette samsvarer med dei erfaringane som har vore gjort i forsøks- og utviklingsfasen av trusopplæringsreforma. Her vil det på sikt vere nødvendig å ta nye grep for å utvikle tiltak som har potensiale til å nå alle døypte ungdomar 15-18 år.

Bispedømmerådet gjennomfører årsrapportsamtale med kontaktperson i alle sokna. I samband med dette oppdagar vi at talmaterialet frå sokna ikkje alltid er godt nok kvalitetssikra. Vi tek derfor atterhald om at det kan være feilmargin i tala.

## Tilstandsrapport for Den norske kyrkja 2012 - KIFO

I KIFO sin rapport om tilstanden i Den norske kyrkja 2012, kan vi sjå nokre nasjonale tendensar når det gjeld trusopplæring. Stavanger bispedømme har jamt over ein høgare oppslutning om dei såkalla breiddetiltaka enn mange av dei andre bispedøma. På side 28 i

rapporten heiter det: «Som vi har vist tidlegare er oppslutninga om de nasjonale breiddetiltakene (Småbarnssang, 4-årsbok, Tårnagenthelg og Lys Våken) størst i vestlandsbispedømmet Stavanger, saman med østlandsbispedømme Oslo og Borg.»

Stavanger bispedømme skil seg og ut på ein annan måte i rapporten. Bispedømmet er heilt tydeleg det bispedømmet med lågast tildeling av midlar frå trusopplæringsreforma. Likevel er bispedømmet blant dei bispedømme med flest tiltak pr sokn: «Stavanger bispedømme som gjennomgående har mange tilbod per sokn til barn og unge, og også stor oppslutning om tilbudene, kan derimot ikke skilte med høy grad av tilførte midler fra reformen.» (s.28). Den same tendensen finn vi og på ungdomstiltaka. Stavanger bispedømme er saman med Oslo, Borg og Møre det bispedømmet med høgst andel sokn som gir tilbod til ungdom (s.25).

Rapporten gjev ikkje klare svar på kvifor Stavanger bispedømme skil seg ut med desse positive tala. Det er likevel sannsynleg å anta at den høge andelen sokn som gir tilbod til barn og unge, og den høge oppslutninga om tilboda, kan forklarast med godt arbeid gjennom mange år. Det har vore og er framleis gode tradisjonar for barne og ungdomsarbeid i bispedømmet, samstundes som ein har vore gode på å rekruttera frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane. Dette har tydelegvis gitt eit godt grunnlag for trusopplæringsreforma, både for dei kyrkjelydane som er inne i reformen og for dei som ventar på å bli fasa inn.



## 2.2. Trusopplæringsreforma

### Mål

«Vi skal videreføre trosopplæringsreformen og gjennom dette arbeide for et systematisk og sammenhengende tilbud om trosopplæring for alle døpte i alderen 0-18 år. Vi vil legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene.»

Delmåla står i prioritert rekkefølge.

Delmål 2012	Tiltak	Målgruppe
<b>1. Innføring av nytt prosti i trosopplærings-reformen</b>	Dialog med KR, offentliggjøring, drøftingsmøte, høringsrunde, fordeling i BDR, inspirasjonskvelder innføringskurs, kontaktpersonansvar	MR, lønnete og ulønnete i nytt prosti
<b>2. Godkjenning av lokale planer for trosopplæring</b>	Vurdere utkast til planer, tilbakemelding, rådgivning, planbehandling, endelig godkjenning	MR i Tungenes prosti
<b>3. Innføring av ny plan for trosopplæring</b>	Samlinger på prostinivå for å initiere gode forberedelses-prosesser for trosopplærings-reformen	Lønnete medarbeidere i utvalgte prostier
<b>4. Oppfølging av trosopplærings-menigheter</b>	Tildelingsbrev, utbetaling av midler, årsrapportsamtale, rapportere til KR, kontaktpersonansvar	Haugesund, Sandnes, Tungenes og Ytre Stavanger prostier, samt tidligere prosjektmenigheter
	Årlig medarbeidersamling	Ansatte med ansvar for trosopplæringen
	Skrivekurs i planarbeid	Kontaktpersonene fra menighetene i forhold til trosopplæring
	Innføringskurs for nytilsatte i trosopplærings-reformen	Ansatte med ansvar for trosopplæringen
<b>5. Fag- og kompetanseutvikling</b>	Forum for trosopplæring 2012	Alle som jobber med barn og unge
	Fagdag ungdom	Ansatte i ungdomsarbeidet
	Veiledning om trosopplæring for alle, uavhengig av funksjonsevne	Ansatte i menighetene
<b>6. Trosopplæring for alle, uavhengig av funksjonsevne</b>	Bidra ved etablering av særlig tilrettelagte grupper for barn og unge med utviklingshemming	Ansatte i menighetene
	Arbeide for økt inkludering av barn og unge med særskilte behov i ordinære trosopplæringstiltak	Ansatte med ansvar for trosopplæringen
<b>7. Videreutvikling av konfirmantarbeidet</b>	Arbeide for økt kompetanse på metode og innhold i konfirmantarbeidet	Alle konfirmanter

## ***Måloppnåing og vurderingar***

**Delmål: Innføring av nytt prosti i trusopplæringsreforma.**

*Målet er nådd*

I 2012 vart Dalane prosti fasa inn i trusopplæringsreforma i Stavanger bispedømme. Prosessen med ulike samlingar for tilsette og frivillige medarbeidarar vart gjennomført etter den framdriftsplanen som var sett opp for innføringa. Tildeling av midlar vart tilført felleråda for vidare fordeling til sokna.

I risikobiletet vi utarbeidde i årsplanen var ein av dei kritiske suksessfaktorane at vi måtte klare å skape eit godt samarbeid med kyrkjelydar, kyrkjevevjer og prostar som er i trusopplæringsreforma. Vi har dei siste åra utarbeidd gode rutinar for kommunikasjonen med alle dei involverte partar, og ser at det gir resultat i eit konstruktivt og godt samarbeid omkring trusopplæring.

*Tiltak som er gjennomførte for å sikre at målet vert nådd:*

*Samrådingssmøte:* Bispedømmerådet, kyrkjevevjerne og prostet i prostiet møttes tre gonger på våren for å drøfte prosessen, moglege samarbeidsløysingar og fordelinga av midlane.

*Drøftingsmøte:* Leiarane i sokneråda, daglege leiarar, undervisningsansvarlege, sokneprestar, kyrkjevevjer og prost var på drøftingsmøte. Bispedømmerådet informerte kyrkjelydane om prosessen og kriteria for fordeling, og kvar av sokna gav innspel til fordelinga av trusopplæringsmidlar. Dette møtet var viktig for å sikre at alle kyrkjelydane fekk lagt fram sine innspel, for at dei fekk høyra kvarandre sine synspunkt og for at dei skulle få syn for heile prostiet med tanke på tildelinga.

*Framdriftsplanar og budsjettering:* Alle tildelingseiningar sende inn framdriftsplanar og budsjett for arbeidet med trusopplæring i 2012.

*Innføringskurs:* Bispedømmerådet arrangerte tre innføringskveldar for tilsette og frivillige medarbeidarar for å gje kyrkjelydane kunnskap og eigarskap til reforma. Det vart og arrangert eit tverrfagleg kurs på dagtid for alle stabane i prostiet, om korleis ein kan leie prosessane med å utvikle ein lokal plan for trusopplæring. Til sist arrangerte bispedømmerådet eit kurs for kontaktpersonane i alle kyrkjelydane om rapportering og kommunikasjon.

*Tildeling og rapportering:* Stavanger bispedømmeråd sende ut tildelingsbrev og oppretta rapporteringsside for alle tildelingseiningar.

## Delmål: Godkjenning av lokale planar

*Målet er nådd.*

Alle sokna i Tungenes prosti har levert inn sin lokale plan for trusopplæring i 2012, og fått denne godkjend av biskopen.

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Bispedømmerådet har lagd stor vekt på innhald, systematikk og samanheng i vurderinga og godkjenninga av planane. Den store utfordringa i godkjenningsarbeidet og i rettleiing knytta til dette, er breiddeforståinga i trusopplæringa. Det er behov for mykje dialog med kyrkjelydane kring kopinga mellom dei avgrensa breiddetiltaka og dei kontinuerlege tiltaka. Vurdering av timetal i planen er og eit aktuelt tema. For å imøtekome behova for klarleik i desse spørsmåla, har bispedømmerådet dette året gitt kyrkjelydane ei skriftleg tilbakemelding på planen eit halvt år før den endelege innleveringa. I tillegg er det gjeve mykje rettleiing på mail og via telefon. Vi trur at desse tiltaka har ført til ei kvalitetssikring av planane, slik at dei alle vert godkjende av biskopen i 2012.

## Delmål: Innføring av ny plan for trusopplæring

*Målet er nådd*

I 2012 arrangerte bispedømmerådet ulike kurs om plan for trusopplæring for sokna i reformen. Dette omfattar mellom anna kurs som er nemnde under det fyrste delmålet og eit eige skrivekurs som kvart prosti får tilbod om i samanheng med planskrivinga. Bispedømmerådet har og delteke ved fleire samlingar for ulike tenestegrupper i prostia, med fokus på den nye trusopplæringsplanen.

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Dei ulike kursa vert arrangerte for å sikre at arbeidet med innføring av ny plan går framover, og for å sikre kvaliteten i dei lokale planane som sokna skal utarbeide. Desse kursa vart gjennomførde på ein tilfredsstillande måte og med gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

## Delmål: Oppfølging av sokna

*Målet er nådd.*

Bispedømmerådet har hatt oppfølging av alle sokn som er i gjennomførings- og mellomfasen av trusopplæringsreforma.

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Dette har ein gjort gjennom blant anna årsrapportering, samtalar og ei medarbeidarsamling. I november inviterte bispedømmerådet til ei samling for alle dei tilsette medarbeidarane i trusopplæringa – ca. 80 tilsette deltok. Målet med samlinga var å gje dei kunnskap om sentrale føringar i reforma (bl.a diakoni, misjon, gudsteneste i trusopplæringa og konfirmasjon), rom for erfaringsdeling og inspirasjon til arbeida med å fornye trusopplæringa i sitt sokn. For dei sokna som i 2013 skal levere sin lokale plan til godkjenning hos biskopen arrangerte bispedømmerådet på våren og eit skrivekurs (sjå delmål 3).

## Delmål: Fag- og kompetanseutvikling

*Målet er nådd.*

Stavanger bispedømmeråd legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikre kvaliteten i trusopplæringa. Gjennom Forum for trusopplæring (der over 120 tilsette deltok), og gjennom prostivise samlingar og samlingar for yrkesgruppene, har ein arbeidd for å heve kompetansen til tilsette og frivillige medarbeidarar i 2012.

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

- Bispedømmerådets årlege tverrfaglege kursdagar: Forum for trusopplæring 2012 samla 120 medarbeidarar i 2 dagar til foredrag, seminar og samtalar kring trusopplæring. Dette er ei viktig samling som skapar nettverk og gjer kompetanse. Stor breidde og variasjon i faglege kvalifikasjonar hjå trusopplæringstilsette er ei utfordring når ein skal leggja til rette for kurs som alle skal få godt utbytte av.
- Det er gitt rettleiing til tilsette og frivillige medarbeidarar når det gjeld inkludering av menneske med utviklingshemming. Rettleiing er gitt både i mindre grupper og på større samlingar. HEL-konferansen hausten 2012 gav og viktige innspel og inspirasjon til trusopplæringsarbeid og metodikk for denne målgruppa.

## Delmål: Sikre at tilbod om trosopplæring også inkluderer menneske med utviklingshemming

*Målet er delvis nådd.*

Bispedømmerådet arbeider for at kyrkjelydane skal inkludere menneske med utviklingshemming i alle sine tilbod

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Det er gitt rettleiing til tilsette og frivillige medarbeidarar som arbeider med inkludering av menneske med utviklingshemming. Det er også arrangert samlingar for menneske med utviklingshemming, og vi har erfaring for at tilrettelagde speidergrupper og weekend-arbeid er nokre av tiltaka som fyller ein funksjon i trusopplæringa for denne målgruppa. Grunna manglande bemanning har ein ikkje klart å nå heile bispedømmet med dette arbeidet.

Der det har vore samlingar for trusopplæring har det vore understreka at trusopplæringa er eit opplæringstiltak for alle, uansett funksjonsnivå. Sokna er og pålagd å invitere alle i målgruppa til sine tilbod, og leggje til rette der dette er nødvendig. Dette punktet vert tatt opp i den årlege rapport samtalen med kyrkjelydane.

## **Delmål: Vidareutvikling av konfirmantarbeidet**

### *Målet er nådd*

Bispedømmerådet har arbeidd med å halda fokuset på konfirmasjon oppe i sokna, og på vidareutvikling av metode og innhald i konfirmantarbeidet.

### *Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Bispedømmerådet har i 2012 hatt temaet konfirmasjon oppe både på Forum for trusopplæring og på medarbeidarsamlinga for alle som er inne i reforma. På Forum for trusopplæring var den eine av dei to dagane vidde til konfirmasjon i seminardelen, og på medarbeidarsamlinga var det ein presentasjon av nye sider ved konfirmasjonen i den nye plan for trusopplæring. Begge desse innspela har vore viktige med tanke på og halda fokuset på konfirmasjon oppe, og for å bidra til vidare utvikling på området konfirmasjon. I 2012 er det og starta eit arbeid med å utvikle eit skjema for konfirmantarbeidet. Det vil bli sett ned ei ressursgruppe som skal arbeide vidare med dette i 2013. Bispedømmet har vore i kontakt med Kyrkjerådet når det gjeld dette tiltaket.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

### Kunnskap om trusopplæringsreforma:

Å sikre tilstrekkeleg kunnskap og forståing om reforma er ei hovedutfordring. Dette gjeld i særleg grad breiddeforståinga i reforma (dvs å nå alle døypte) og kopinga til dei kontinuerlege tiltaka. Vi må arbeide vidare med å utvikle gode strategiar for å kommunisere dette til kyrkjelydane på ein god og konstruktiv måte – slik at det gjev mening og forståelse for reforma.

### Trusopplæring for alle – tilrettelegging:

Vi ser at det framleis er eit stort behov for å ha fokus på kompetanse- og konseptutvikling når det gjeld arbeidet med tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. Etter ei tids vakanse i stillinga som rådgjevar for inkluderande kyrkjeliv for delar av bispedømmet, er det frå medio august tilsett ein rådgjevar i full stilling for å arbeide med dette feltet. Denne re-organiseringa gjer at bispedømmet no har to tilsette her (150 % tilsaman), og feltet «Inkludering» er skild ut som eige satsningsområde for 2013, med eigen årsplan og framtidig

rapportering ut frå denne. Dette vil gi eit tydelegare fokus på trusopplæring uavhengig av funksjonsevne i heile vårt bispedømme.

#### Tenestegruppenes bidrag i trusopplæringa:

Det er eit stort behov for å arbeide vidare med kva for ei rolle dei ulike faggruppene i kyrkja skal ha i trusopplæringsarbeidet. I Stavanger bispedømme ser vi eit stort behov for å arbeide målretta med å involvere alle tenestegruppene i trusopplæringsarbeidet. Dette vil vi gjere både gjennom rettleiing, kurs og samlingar. Vi vil og utfordre Kyrkjerådet til å vere i dialog med dei ulike fagforeiningane for å stimulere til tverrfaglig samarbeid om trusopplæring lokalt.

#### Stor breidde og variasjon i faglige kvalifikasjonar hjå trusopplæringstilsette:



Konfirmantar i Tjensvoll (foto: kyrkjelyden)

Trusopplæringsmedarbeidarar er inga einsarta gruppe. Vi ser at kvalifikasjonane varierer både i utdanning og i utdanningsnivå. På mange vis er dette positivt, fordi det blir eit stort og rikt mangfald i arbeidet. På den andre sida ser vi store skilnadar frå kyrkjelydar med høg kompetanse og kyrkjelydar med låg kompetanse i trusopplæringsstillingane. Kvaliteten på planarbeidet og den strategiske tenkinga blir varierande. Det er og utfordrande å drive kursverksemd når det er så store skilnadar i korleis mottakaren forstår innhaldet og opplever det som relevant i arbeidet. Det er mogleg at vi må tenke meir differensiert i tida framover, men dette vil vi gjerne drøfte med rådgjevarane i dei andre bispedømma.

#### Ulik tilførsel av midlar:

Vi erfarer at gapet mellom dei kyrkjelydane som har fått tilført midlar og dei som ikkje har fått midlar frå reformen, oppleves som aukande. Det blir viktig for bispedømmet å fylgja opp også dei kyrkjelydane som ikkje har fått midlar. Dette handlar om å motivere og hjelpe kyrkjelydane til å arbeide og fokusere på trusopplæring til dei blir fasa inn i reforma. Vi er glade for at Jæren prosti og Domprostiet blir fasa inn i 2013.



## 2.3. Anna kyrkjelydsbyggjande arbeid ovarfor unge og unge vaksne

### Mål

Vi skal arbeide for at unge i kirken skal erfare at kirken er relevant, livsnær og tilgjengelig gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Videreutvikling av menighetenes ungdomsarbeid</b>	Dialog med menigheter som har erfaringer med ledertreningsprogrammet "Follow me".	Ansatte som arbeider blant ungdom
	Veilede om ledertrening blant annet ved å gjøre «Follow me» kjent.	Ansatte som arbeider blant ungdom
<b>B. Faglig utvikling av ungdomsarbeidere</b>	Fagdag ungdom på Misjonshøgskolen.	Ungdomsarbeidere og teologistudenter
<b>C. Bidra til fornyelse og videreutvikling av fokuset «Ung i kirken»</b>	Delta i Kirkerådets arbeidsgruppe.	

### Måloppnåing og vurderingar

#### Delmål A, Dialog og vegleiiing om leiartreningsopplegget «Follow Me»

*Målet er delvis nådd.*

Vi har fått oversikt over Follow Me-opplegget. Vurderinga er at dette er eit anvendeleg program for mange kyrkjelydar i bispedømmet, men at det trengs ein skriftleggjering av opplegget. Dessutan trengs det å avklarast ytterlegare korleis ungdomsarbeidet i kyrkjelydane blir knytt til Follow Me-nettverket. Leiartreningsopplegget i Klepp sokn, «KLEKK», vart også undersøkt. Her var vurderinga at dette nok er for ambisiøst for mange av kyrkjelydane, men at det har anvendelege enkeltelemt. Det har ikkje blitt anledning til vegleiiing i andre kyrkjelydar om desse opplegga.

#### Delmål B, Fagleg utvikling av ungdomsarbeidarar

*Målet er nådd.*

Fagdag Ungdom vart gjennomført i samarbeid med Misjonshøgskolen i april med ca 40 deltagere. Temaet «Døpt – men kristen?» fokuserte på om det er treffande å sjå på «den gjennomsnittlege ungdom» i dagens samfunn som kristen, og kva konsekvensar svaret på dette spørsmålet får for kyrkjelydens ungdomsarbeid.

## Delmål C, Delta i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe om unge vaksne

*Målet er nådd*

Rådgjevar for trusopplæring tok del i redaksjonsgruppemøte for dei som utgreier saka om arbeidet blant målgruppa 18-30 år i Kyrkjerådet. Det har berre vore eit møte i gruppa i 2012. Saka skal opp på Kyrkjemøtet i april 2013.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Vi vil utfordra Follow Me-nettverket til å ferdigstilla ein skriftleg presentasjon av opplegget, som vi kan anvende i vår vegleiing av andre kyrkjelydar. Vi vil også vurdere om Follow Me er opplegget vi vil anbefala generelt i bispedømmet, eller om det er eit av fleire som vi vil vegleie kyrkjelydane om.

## **2.4. Samarbeid med barnehagar og skular**

### ***Mål***

*Vi skal arbeide for godt samarbeid mellom barnehager, skoler og menighetene i bispedømmet.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Finne møtepunkter som fremmer kirkens samarbeid med barnehager og skoler i visitasområdene</b>	Arrangere samlinger om kirkens samarbeid med barnehager og skoler under biskopens visitaser	Prester, kateketer og andre med ansvar for kontakt med barnehager og skoler.  Ledelse i kommune-administrasjoner, ledelse i barnehager og skoler med ansvar for samarbeid med kirken.
<b>Arbeide for et godt samarbeid omkring barnehage- og skole-gudstjenester</b>	Vegledning om lovverk og retningslinjer vedrørende barnehage- og skole-gudstjenester	Prester, kateketer og andre med ansvar for kontakt med barnehager og skoler.  Ledelse i kommune-administrasjoner, ledelse i barnehager og skoler med ansvar for samarbeid med kirken.

### ***Måloppnåing og vurderingar***

**Delmål: Finne møtepunkter som kan fremja kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i visitasområda**

*Målet er nådd*

Under visitasane i 2012 har Stavanger bispedømmeråd lagt stor vekt på å arrangere samlingar om kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i visitasområda.

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

Under alle visitasane har biskopen lagt opp til møter med tilsette og leiing i skular og barnehagar i visitasområda. På ein av visitasane møtte biskopen og hans fylgje og alle borna på skulen (Tjensvoll skule). I møte med leiing og tilsette har biskopen ei innleiing om samarbeid, og deretter er det ein samtale i plenum. Dei mest konstruktive samtalene om samarbeidet har ein hatt når ein berre har møtt leiinga ved skulane og barnehagane. Då blir samtalen meir konkret og lettare å fylgja opp. Undervisningsrådgjevar har og prioritert å vera med på desse møtepunktta med skule og barnehage under visitasane.

## **Delmål: Arbeide for eit godt samarbeid kring barnehage- og skulegudstenester**

*Målet er delvis nådd*

Stavanger bispedømmeråd har i 2012 lagt vekt på å utvikle rettleiing om lovverk og retningslinjer i samband med skulegudstenester

*Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet vert nådd:*

I 2012 har Stavanger bispedømmeråd utarbeida to strategiske dokument for kyrkja sitt samarbeid med skulen. Det eine dokumentet er eit prinsippdokument for samarbeidet, med klargjering av skulegudstenester og anna samarbeid. Det andre dokumentet er meint som ein hjelp til den praktiske gjennomføringa av skulegudstenester og andre sider ved samarbeidet. Begge desse dokumenta vil bli sendt ut til kyrkjelydane våren 2013, og lagt ut på nettsida til bispedømmet. Dokumenta skal bidra til å styrke tilsette i kyrkjelydane sin kompetanse på kyrkje – skule samarbeid, og gjere tilsette ved skulane trygge på at kyrkja er ryddige i samarbeidet.

Det er ikkje utarbeida retningslinjer for barnehagegudstenester.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

I arbeidet med retningslinjer det i 2012 vore eit ekstra fokus på kyrkja sitt samarbeid med skular, og då særleg i samband med skulegudstenester (jf dei to dokumenta som er utarbeida). Dette heng saman med at det er mest trykk ute i samfunnet rundt kyrkja sitt samarbeid med skulen, og dermed vart dette prioritert fyrst. I tida framover blir det viktig å også utarbeida retningslinjer for kyrkja sitt samarbeid med barnehagane, og med det også barnehagegudstenestene.

I 2013 eller 2014 bør det også leggast til rette for ein fagdag om kyrkja sitt samarbeid med skule/barnehage. Det er mange spørsmål frå tilsette rundt dette, og ein fagdag vil kunne imøtekome noko av det som kjennes uklårt. Fram til då håpar vi at dokumenta som er utarbeida, møtepunktta under visitasane og rettleiing via mail og telefon vil vere til hjelp for kyrkjelydane i samarbeidet med skulane og barnehagane.



## 2.5. Ungdomsting og ungdomsråd

### Mål

Ha et ungdomsdemokrati som har to formål: Å gi ungdom opplæring og å fungere rådgivende for biskop og bispedømmeråd.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Et reelt ungdomsdemokrati</b>	Ungdomsting for ungdom fra menighetene	2 delegater fra hver menighet 15-30 år
	Samling for ungdom som er valgt inn i MR og BDR	Valgte representanter 15-30 år
<b>B. Aktiv bruk av ungdomsrådet som rådgivende organ for biskop og bispedømmeråd</b>	Oppfølging av ungdomsrådet	Valgte medlemmer 15-30 år
<b>C. Ungdom som er aktive deltakere i reformprosessene i bispedømmet</b>	Oppmuntre menighetene til å rekruttere ungdom i trosopplæringsutvalg og gudstjenesteutvalg	Menighetsråd



## ***Måloppnåing og vurderingar***

### **Delmål A, Ungdomsting og samling for tillitsvald ungdom**

Målet er nådd.

Ungdomstinget blei gjennomført etter planen, med 43 delegater/observatørar frå 24 sokn (mot 15 sokn året før).

Felleskapet, trivselen, og kvaliteten på gjennomføringa av saks- handsaming var av ein slik karakter at det gjev grunn til optimisme med tanke på å få vidare auke i antal representerte sokn i åra framover. Samling for tillitsvald ungdom vart gjennomført etter planen, med 8 påmeldte.

### **Delmål B, Oppfølging av ungdomsrådet**

Målet er nådd.

Ungdomsrådet har hatt nær kontakt med administrasjonen, og har uttala seg om relevante saker før bispedømmerådsmøta. Ungdomsrådet har, slik planen var, hatt møte med bispedømmeråd og biskop i løpet av året.

### **Delmål C, Ungdom i trusoppleringsutval og gudstenesteutval**

Målet er ikkje nådd.

Planen var å halde dette fram for kyrkjelydane i dei ulike møtepunktene som ungdomsrådsgjevar har med kyrkjelydane. Men sidan desse møtepunktene for det meste har vært relatert til misjonsrådsgjevar-delen av stillinga, har det ikkje vore tid i dei fleste samtalanene til å koma inn på tematikken ungdomsdemokrati.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

Det blir ikkje gjennomført samling for tillitsvald ungdom i 2013. Det bør vurderast om dette er eit tiltak som skal gjennomførast annakvart år; ein gong når ungdommane er nyvalde, og ein gong midt i valperioden.

Oppfordringa til kyrkjelydane om å velja ungdom i i trusopplerings- og gudstenesteutval bør få rom i andre møtepunkt enn dei der fokuset for samtalen er misjon. Til dømes i fagsamlingar, innføringskurs for trusopplering og bispevisitas.

### 3. Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid

#### *Mål*

*Stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Samordning av tiltak innan bispedømmerådet, biskopen fellesråda og kyrkjelydskontora si verksemd</b>	Felles kurskatalog for Stavanger bispedømme	Tillitsvalde, frivillige og tilsette
	To årlege møte mellom kyrkjevevjelaget sitt styre og bispedømmeadministrasjonen	Kyrkjevevjene
<b>Bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd</b>	Leggje til rette for at to kyrkjelege fellesråd gjer vedtak om å setje i gang samarbeidstiltak som medfører endring av det enkelte fellesråd sin organisering	Kyrkjelege fellesråd

#### *Måloppnåing og vurderingar*

For samordning av tiltak innan verksemda til bispedømmerådet, biskopen, fellesråda og kyrkjelydane, ligg det føre ein oppdatert felles kurskatalog på våre heimesider.

Det er gjennomført to årlege samordningsmøte mellom kyrkjevevjelaget sitt styre og bispedømmeadministrasjonen.

Målet om å bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd er ikkje nådd. I møte med kyrkjevevjelaget sitt styre kom det fram at det ikkje er ønskje eller vilje til å gå inn i slike samarbeidsprosjekt. KA (Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon) har heller ikkje hatt ønskje om å bidra inn mot oppstart av prosjekt.

Det er lite truleg at fellesråd ønskjer å gå inn i prosjekt med formelt samarbeid i ei tid der kyrkjeordninga er i endringsprosess. Vi har også peika på at fellesråda si utsikt til å oppnå økonomiske fordelar gjennom formelle samarbeidstiltak er ein kritisk suksessfaktor, og at det var svært sannsynleg at dette ville inntreffe. Måloppnåinga er i samsvar med risikovurderinga.

## 4. Bispedømmerådet si organisering og forvaltning

### 4.1 Forvaltning

#### Mål

Utvikle og ta i bruk nye elektroniske løysingar for å oppnå auka effektivitet og betre servicenivå for våre brukarar.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Data- og kommunikasjonsutstyr skal være oppdatert og bidra til effektiv saksbehandling.</b>	Årleg utskifting av det eldste IT-utstyret.	Alle tilsette
<b>Styrke IT -kunnskapen til dei tilsette i sentrale program som Outlook, Powerpoint, Word og Excel.</b>	Innkjøp av E-læringsprogram med 1 års lisens til alle ved kontoret, ut frå kva program den enkelte nyttar mest.	Alle tilsette
	Minimum ein felles dag med opplæring, for å sikre at alle tar i bruk det innkjøpte E-læringsprogrammet.	Alle tilsette
	Sjølvestudium	Alle tilsette
<b>Etablere betre system for informasjonsdeling internt på kontoret i samband med nyttilsettingar.</b>	Sette ned ei arbeidsgruppe, som kan jobbe fram gode forslag til løysingar.	PØF

#### Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Data- og kommunikasjonsutstyr skal være oppdatert og bidra til effektiv saksbehandling.

Målet er nådd.

Datautstyr har normalt ei levetid på tre år. Dei stasjonære og berbare datamaskinene våre er i gjennomsnitt 1,7 år gamle. I samband med innflytting i nye kontorlokale i januar 2011, blei det investert betydeleg i nye pc-ar og anna teknisk utstyr. Ved utgangen av 2012 har bispedømmekontoret funksjonelt og oppdatert datautstyr. Det er kjøpt inn totalt 6 nye berbare datamaskinar det siste året. Investeringstakta må bli oppretthaldt på same nivå og aller helst auka, for å ha ein like moderne maskinpark også i åra som kjem.

Hausten 2011 kjøpte vi inn mobiltelefonar til alle prostane. Året før fekk leiinga og rådgjevarar ved bispedømmekontoret mobiltelefonar som kan synkronisere mail, kontaktar og kalender med OVF-nett. Dette mobile verktøyet er eit sentralt verkemiddel for at tilsette skal kunne utføre jobben sin effektivt, og bidrar samtidig til at tilsette er tilgjengeleg for brukarane sjølv om dei ikkje er på kontoret. I løpet av 2012 blei seks telefonar bytta ut med nye. Det er viktig at nokon mobiltelefonar blir fornya kvart år, slik at det ikkje blir ein urimeleg stor kostnadsbelastning på eit enkelt budsjettår.

**Delmål: Styrke IT -kunnskapen til dei tilsette i sentrale program som Outlook, Powerpoint, Word og Excel.**

Målet er delvis nådd.

E-læringsprogram blei kjøpt inn, og demonstrert på allmøte. Tilsette har i liten grad tatt læringspakken i bruk. Truleg er årsaken både knapt med tid, og høg terskel for å ta til med eit slikt kursopplegg på eiga hand.

Ein tilsett gjennomførte eit to dagars kurs i Excel for vidarekomande. Erfaringsutveksling blant dei tilsette bidrar i nokon tilfelle til auka kunnskap, og meir effektiv bruk av Office-pakken.





## Delmål: Betre system for informasjonsdeling internt på kontoret i samband med nye tilsettingar.

Målet er ikkje nådd, men ei rekke andre tiltak er gjennomført. Tiltak som i løpet av året har blitt vurdert som viktigare enn målet som blei fastsett i årsplanen for 2012.

Kontorhandboka har blitt lagt ut på Intranett. I tillegg har det vært et omfattande arbeid for å rydde og oppdatere felles adresser- og maildistribusjonslister i Outlook. Det er særdeles viktig at desse listene er korrekte, slik at informasjon som blir sendt ut frå bispedømmekontoret kjem fram til rett adressat.

I løpet av 2012 har vi tatt i bruk elektronisk registrering av ei rekke lønnsendringsmeldingar som DFØ (Direktoratet for Økonomistyring) har tilrettelagt for. Dette sparer tid både for oss og saksbehandlar hos DFØ, samstundes som talet på dobbeltregistreringar av same informasjon og mulige feilkjelder blir redusert.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Vi ser nytta av å ta i bruk nye elektroniske løysingar for å betre servicen overfor våre brukarar, unngå dobbeltregistreringar og redusere talet på feil. Vi vil halde fram med investering i nytt utstyr og program, men langt viktigare er det at tilsette kan bruke dei elektroniske verktøya på ein effektiv måte. Opplæring må derfor stå i fokus. Vår erfaring er at brukartilpassa opplæring på «need to know» basis er det som fungerer best i praksis.

## 4.2 Økonomiforvaltning

### Mål

Bispedømmerådet sin økonomiforvaltning skal følge økonomiregelverket for staten. Våre brukarar skal oppleve at vi er tilgjengelege, serviceinnstilte og leverer tenester av høg fagleg kvalitet.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Oppdaterte nettsider på økonomi</b>	Oppdateringsarbeidet må gis høg prioritet.	Alle tilsette i bispedømmet
<b>God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar.</b>	Månadleg økonomirapport til stiftsdirektør.	Leiinga
	Månadleg rapportering til prostane på deira budsjett.	Prostar / stiftsdirektør
	Kvartalsvis rapportering til bispedømmerådet.	Bispedømmeråd
	Regelmessige møte mellom tilsette som jobbar med økonomi, personal og stiftsdirektør.	PØF
	Utarbeiding av oppjusterte prognosar og revidert budsjett.	Leiinga
<b>Kompetanseheving blant prostar / proste-sekretærar omkring budsjettstyring og kvalitet på innsending av rekningar og fråværsmeldingar.</b>	Kurs /fagleg samling med fokus på rutinar rundt innsending av fråværsmeldingar og utnytting av mulegheiter i ny Prostemodul, samt gjennomgang av enkel budsjettoppfølging, vikaravtalen og rutinar på økonomiområdet.	Prostar og prostesekretærar
	Være aktiv pådrivar for å vidareutvikle og forbetre Prostemodulen.	Duplo Data
<b>Forberede overgang til ny standard kontoplan frå 01.01.13.</b>	Bidra til gode løysingar lokalt, og på tvers av dei ulike bispedømmekontora, med tanke på standardisering av rekneskapsføring og rapportering.	PØF
<b>Tilfredsstille formalkrav i økonomiregelverket for staten.</b>	Oppdatere den interne økonomiinstruksen, inkl. rutinar for offentlige innkjøp.	Alle tilsette
	Skriftleg delegering av budsjett disponeringsmyndigheit.	Alle tilsette
	Utarbeiding av årleg disponeringsskriv.	Alle tilsette

### Måloppnåing og vurderingar

#### Delmål: Oppdaterte nettsider på økonomi

Målet er nådd.

Det er ei utfordring å finne tid til arbeid med nettsidene i ein travel kvardag. Grunna tøff prioritering, har nettsidene blitt oppdatert innan rimeleg tid ved endring i satsar, skjema,

brukarvegleiingar og eller rutinar. Vår erfaring er at stadig fleire oppdagar at det er mykje nyttig informasjon på nettsidene under økonomi. For å oppretthalde og auke bruken av sidene som informasjonskjelde, er det heilt avgjerande at dei opplysningane som til ei kvar tid ligg ute er korrekte.

## Delmål: God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar

Målet er nådd.

Samla rekneskap for Stavanger bispedømmeråd blei gjort opp med eit ubetydeleg mindreforbruk på kr 86 495 i 2012, som utgjør 0,08 % av total tildeling.

### ***Presteskap (Kapittel 1591/4591, post 01 og 02)***

Rekneskapen for presteskapet 2012 viser eit mindreforbruk på kr 84 717.

Av tilskotet frå FAD på kr 67 millionar, er 75 % bundne opp i faste lønnsutgifter. I tillegg hadde vi eit vikarbudsjett på kr 1,2 millionar i 2012. Erfaring frå år med mindre ressursar avsett til vikar (2009 & 2010), har vist kor viktig det er for prestane at det er midlar til vikar ved sjukdom og studiepermisjonar. Samla lønns- og vikarutgifter blei omtrent som budsjettet i 2012. Andre vesentlege utgiftspostar er kilometergodtgjersle, kurs og vidareutdanning samt godgjerings- og prostesekretærar.

Etter vår oppfatning har Stavanger bispedømmeråd ein sunn balanse mellom tilskot frå FAD og midlar bunde opp i faste prestestillingar ved utgangen av 2012. Vi beklagar likevel at det har vore nødvendig å redusere talet på prestestillingar for skape ein sunn driftsbalanse. Etatsrapporteringa stadfester at Stavanger bispedømme har færre prestar i offentlege prestestillingar enn dei føregåande 4-5 åra. Dette er svært uheldig med tanke på den sterke befolkningsveksten som skjer i Rogaland. Etatsstatistikken viser at vårt bispedømme har dårlegast prestedekning, målt i forhold til talet på kyrkjemedlemmar per offentleg prest. Vi vil derfor arbeide for at Stavanger får tildelt ytterlegare ny presteressurs i åra som kjem.

### ***Administrasjon (Kapittel 1590/4590, post 01 og 02)***

Rekneskapen for administrasjonskapittelet er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 1 779. Grunna endring i avtalane rundt finansiering av misjonsrådsgjevarstillinga, blei driftsrammene trongare samanlikna med tidlegare år. Bispedømmerådene må dekkje

50 % av lønnsutgiftene til misjonsrådsgjevar, som er ein auke på over 20 %. Refusjon frå NAV utan at det har blitt sett inn vikar, har gjort at kostnadsaukinga er dekt inn over ordinær drift i 2012. Neste år forventar vi at Stiftelsen Stavanger bispedømme må dekke deler av stillinga som misjons- og ungdomsrådsgjevar.



### ***Administrasjon (Kap 1590, post 21 og post 03)***

Prosjekt ført på oppdragskonti gjekk i balanse per 31.12.12.

I 2012 hadde Stavanger bispedømmeråd totalt elleve kombinerte prestestillingar som blir finansiert delvis av offentlege midlar og delvis av fellesråd/sokneråd. I tillegg blei det arrangert ei rekke kurs og konferansar der utgiftene blei dekt inn av tilskot frå andre og deltakarbetaling.

### ***Tilskotsforvaltning (Kap.1590, post 7116, post 75 og post 72)***

Alle tilskotskapitla blei nytta fullt ut. Det var ikkje unytta midlar ved utgangen av året. Stavanger bispedømmeråd har forvalta følgjande tilskotsordningar i 2012:

#### Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (Kr 11,5 millionar)

Det blei utbetalt tilskot til sytten kateketstillingar fordelt på åtte ulike fellesråd og til tretten diakonstillingar fordelt på sju fellesråd, forutan fast tilskot til kyrkjemusikalsk verksemd i Domkyrkja i Stavanger. Eventuelle ledige midlar nyttast til enkelståande tiltak innanfor diakoni og undervisning.

#### Tilskot til trusopplæring (Kr 17,2 millionar)

Tilskot er utbetalt til alle sokn i Haugesund prosti, Sandnes prosti, Tungenes prosti, Ytre Stavanger prosti og Dalane prosti, i tillegg til kyrkjelydar i andre prosti med pågåande trusopplæringsprosjekt.

### Tilskot frå Opplysningsvesenets fond (Kr 561 000)

Totalt blei det søkt om kr 2,2 millionar i tilskot til ulike prosjekt. Fleire gode søknadar måtte avvisast.

### Tilskot til markering av 22.07.11 (Kr 20 000)

Tilskotet gjekk til å dekke utlegg i samband med minnegudsteneste i Domkyrkja 22. juli 2012.

### **Delmål: Kompetanseheving blant prostar / prostesekretærer omkring budsjettstyring og kvalitet på innsending av rekningar og fråværsmeldingar.**

Målet er nådd.

Prostane har overhalde sine budsjett, og nytta midlane i tråd med tilskotsbrev.

Rekneskapsrapportering på prostnivå blir utarbeida regelmessig og levert til prost/prostesekretær for gjennomgang og kontroll. Prostane tar kontakt om dei har spørsmål omkring budsjettstyring. Ved behov blir det satt inn ekstra rettleiing. Omlegging av rutinar for godkjenning av reiserekningar i Portalen, og nye elektroniske skjema gjorde at vi arrangerte ein kursdag for prostar og prostesekretærer i mars 2012. Frå 1. april er prosten ansvarleg for å godkjenne reiserekningar og beredskapsrekningar elektronisk i Portalen, etter at rekningane først har blitt kontrollert av saksbehandlar ved bispedømmekontoret. I tillegg til opplæring i systemet, blei relevante reglar og rutinar gjennomgått.

### **Delmål: Førebu overgang til ny standard kontoplan frå 01.01.13**

Målet er nådd.

FAD utnemnde ei arbeidsgruppe med representantar frå ulike bispedømmeråd til å utvikle ein felles kontoplan i tråd med ny standard kontoplan for Staten. Målet er å etablere lik praksis på tvers av bispedømmeråda, slik at rekneskapsinformasjon enkelt kan samanliknast. Vi har vore aktivt med i prosessen gjennom høyringsrundar og andre innspel til medlemmene i arbeidsgruppa.

Vi er klare til å ta i bruk ny kontoplan 01.01.13, men arbeidet med å tilpasse den nye føringskontoplanen til våre lokale behov vil fortsette i 2013. Kontostrengen inneheld fleire variablar enn tidlegare, noe som gir nye høve for oppfølging og rapportering.



*Gyrid Espeland har engasjement for kyrkjeleg økonomi*

**Delmål:** Tilfredsstillende formalkrav i økonomiregelverket for staten

Målet er nådd.

Skrifteleg delegering av budsjettfullmakt og årleg disponeringsskriv er utarbeida. Utkast til ny økonomiinstruks for Stavanger bispedømmeråd blei laga våren 2012, og vil bli ferdigstilt etter at FAD har gjort endeleg vedtak om ny økonomiinstruks for bispedømmeråda. Arbeidet med lokal instruks er godt i gang, og vår vurdering er at formalkrava i økonomiregelverket er oppfylt.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Vi vil halde fram arbeidet med å vidareutvikle økonomistyringsverktøy og rapportering. Vi vil jobbe målretta for at brukarane våre skal oppleve god service og få tenester av høg fagleg kvalitet.

## 4.3 Informasjon

### Mål

Styrkje kommunikasjonen mellom regionale og lokale kyrkjelege organ, samt kyrkjemedlemmane.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
Styrka kommunikasjon mellom kyrkje og kyrkjemedlemmar	Kurs for kyrkjelydsblad	Redaksjonar for kyrkjelydsblada
	Oppdatert og aktuell nettside med god oversikt over kyrkjelege arrangement og nye hendingar	Tilsette, media og interesserte
Styrka eit positivt bilete av kyrkja blant folk	Aktivt mediearbeid	Redaksjonar
	Profesjonalisering og bevisstgjerung av tilsette i møte med media	Kyrkjeleg tilsette
Rekruttera til kyrkjelege arrangement	Mediearbeid før kulturarrangement	Kyrkjeleg tilsette og ulønna medarbeidarar



Biskopen i intervju med Kristin Aalen

## ***Måloppnåing og vurderingar***

*Måla er delvis nådde*

I 2012 var det større aktivitet på [www.kirken.no/stavanger](http://www.kirken.no/stavanger) enn tidlegare, med fleire nyhende og arrangement. Ny nettsideløysing har gjeve nye moglegheiter.

Mot slutten av 2012 begynte me å senda jamlege e-post med nyhende til kyrkjelydane. Dette verkar som eit nyttig og effektivt tiltak for å gje informasjon og minna om fristar og ressursar.

Kurset for kyrkjelydsblad blei utsett til januar 2013.

Den viktigaste kommunikasjonen mellom kyrkje og kyrkjemedlemmar skjer lokalt. Regionalt er det med mest overfor dei store mediene at me vender oss til medlemmane, særleg gjennom biskopen si verksemd. Me har hatt fleire gode mediesaker i 2012. Biskopen si utfordring om etisk forsvarleg oljeverksemd blei ein nasjonal mediesak. Media har også interessert seg for gudstenestereform, og salmekveldar, manglande ressursar til presteteneste og prioritering av kyrkja i statsbudsjettet, Kyrkjeleg dialogsentor, visitasar og presterekuttering.

Nokre utfordrande saker har me handtert slik at dei ikkje har blitt større enn naudsynt.

Det er framleis mogleg å gjera meir for å hjelpa kyrkjelydane til å profilera verksemda si eller spesielle arrangement i media. Me har hatt mål om å setja i gang eit arbeid for å profesjonalisera tilsette i forhold til mediekontakt, men har ikkje komme i gang med dette i 2012. Det står i årsplanen for 2013.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

I 2013 vil me arbeida for å auka bruken av heimesida. Me vil halda fram med å senda e-post med nyhende til kyrkjelydane, undersøkje korleis kommunikasjon med bispedømmet blir opplevd, setja i gang arbeidet med å profesjonalisera tilsette på mediekontakt og oppretta eit kyrkjeleg informasjonsforum for tilsette med mykje informasjonsansvar.

## **4.4 Evaluering og målstyring**

### ***Mål***

*Innhente og analysere talmateriale frå kyrkjelydane slik at målretta tiltak kan setjast inn.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Auka kunnskapen om situasjonen i kyrkjelydane</b>	Arbeid med kyrkjestatistikk	Lokale leiarar, prostar, biskop og bispedømmeråd



## ***Måloppnåing og vurderingar***

### *Målet er delvis nådd*

Bispedømmet får god oversikt over gudstenester, kyrkjelege handlingar og aktivitetar i kyrkjelydane gjennom årsstatistikken. Gjennom statistikk frå Kyrkjerådet og i medlemsregisteret har me også oversikt over medlemstal og medlemsutvikling.

Tilstandsrapporten for Den norske kyrkja inneheld også mykje materiale som er interessant og relevant for bispedømmet.

Bispedømmet har i 2012 arbeidd spesielt med dåpstal. Dette er reflektert i eit av fokusområda i innleiinga til årsrapporten. Ei gruppe har begynt arbeid med tiltak for å oppretthalda eller styrka andelen av befolkninga som vél dåp. Arbeidet er i startfasen.

For å få betre oversikt over situasjonen i kyrkjelydane, er det også behov for kvalitative undersøkingar, som kan hjelpa med å tolka dei tala me ser. Slike undersøkingar er det krevjande å rekruttera til og gjennomføra, men både på nasjonalt og regionalt nivå vil det ha mykje før seg å kartlegga betre kva haldningar befolkning og medlemmar har til kyrkja og kva som skjer i møte mellom kyrkja og ulike grupper som brukar eller ikkje brukar ho.

Me har hatt størst fokus på kjernetal for gudstenester og kyrkjelege handlingar. For trusopplæring finst det også gode rapportar og analyser. På andre område er det mogleg å gjera meir.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

I årsplanen for 2013 har me sett opp ei undersøking for å kartleggja kvaliteten på kyrkjelydane sine møte med dåpsfamiliar. Viss ressursituasjonen gjer det mogleg, vil me også kunne kartleggja andre område og sjå på fleire tal.

Når det gjeld bruk av dei tala me har, kan dei framleis brukast meir aktivt og systematisk i kontakten med kyrkjelydane. Bruken er slett ikkje fråverande, men kan bli meir bevisst og planmessig. Ikkje minst er det viktig at lokale leiarar er godt orienterte om situasjonen og kva tiltak det er fornuftig å setja inn. Arbeid med statistikk og empirisk basert evaluering bør integrerast i den strategiske leiinga av kyrkjelydane.

## 5. Prestetenesta

### Mål

Departementet har gitt følgjande hovudmål for løyvingane til prestetenesta:

*Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betjening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn . Alle sokn skal vere betjent av ein eller fleire prestar.*

Departementet har gitt fem resultatmål (pkt. 5.1-5.5) for dette hovudområdet.

### 5.1 Lokal tilpassing

#### *Departementets mål for 2012*

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Prestetenesta skal vere tilpassa lokale forhold og utfordringar	Tenestefordeling, kompetanseutveksling, spesialisering og tettare kollegasamarbeid	Andel prestar med heile prostiet som tenestedistrikt iht arbeidsavtale

#### *Måloppnåing og vurderingar*

*Målet er nådd.*



*Dag Tormod Milje leier presteforeninga i Stavanger bispedømme*

I Stavanger bispedømme er det no slik at alle prestar har heile prostiet som tenestedistrikt i tråd med arbeidsavtalane. I si leiing av prestenesta legg prostane vekt på ei mest mogeleg rettferdig tenestefordeling og eit kollegasamarbeid der ein tek omsyn til kvarandre og stiller opp for kvarandre.

Resultata frå arbeidsplassundersøkinga (APU) 2012 og AFI-rapporten som gjeld Stavanger bispedømme, viser at det er stort press på prestenesta. Samstundes er oppleving av fellesskap og meining i arbeidet svært merkbar. Spørsmål om oppleving av å vere ein del av noko større, oppleving av trusfellesskap med kollegaer, oppleving av jobben som eit kall og av at kyrkja er viktig for folk skårer høgt (mellom 83 og 92 % svarer ja på desse, noko høgare enn landsnittet).

Arbeidsplassundersøkinga i bispedømmet syner at det er gjennomgåande gode relasjonar både til prost og kollegaer (snittverdi 5,1 på både), men vi ser at skåren både for arbeidsplanar (4,6) og fritid (4,4) må bli betre.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
1. Aktiv medverknad av prestane i arbeidet med lokal grunnordning for hovudgudstenesta.	Kurs i gudstenestereforma med deltaking av alle prestane .	Prestane
2. Prestane skal medverke med den teologiske kompetansen sin i tverrfagleg utarbeiding av trusopplæringsplanar.	Kursdagar med informasjon og motivasjon til planar for trusopplæring.	Prestane
3. Minst 95 % av offentlege prestar registrerer spesialkompetanse i kompetansekartet eller ved eige skjema for oversikt og aktiv bruk i prostia.	Min. 7 prosti brukar aktuell kompetanse på lokale studiedagar eller i anna prosti.	Prostar/lokallagsleiarar
4. Prestar med særleg kompetanse får høve til å nytte kompetansen i tiltak ut over eige prosti.	Prestar vert nytta til andeleg vegleiing og innføring i gudstenestereforma.	Prestar, tillitsvalde og andre

## ***Måloppnåing og vurderingar***

**Delmål:** Aktiv medverknad av prestane i arbeidet med lokal grunnordning for hovudgudstenesta.

Alle kyrkjelydar, så nær som ein, har sendt inn utkast til lokal grunnordning, og dei aller fleste er godkjende (90 av 96 stader). Gjennom 2012 er det arrangert kursdagar for prestar, kantorar og andre gudstenestemedarbeidarar, med god deltaking (82 prestar i kyrkjelydsteneste). Vi vil med det seie at målet vårt er nådd når det gjeld aktiv medverknad i utforming av dei lokale grunnordningane.

## Delmål: Prestane skal medverke med sin teologiske kompetanse i tverrfagleg utarbeiding av trusopplæringsplanar.

I 2012 har særleg eit prosti (Ytre Stavanger) stått for tur med å gjere klar sin trusopplæringsplan til godkjenning hos biskopen. Om lag halvdelen av prestane har teke aktivt del i dette arbeidet. Vårt mål var at alle skulle inn i arbeidet lokalt.

## Delmål: Minst 95 % av offentlege prestar registrerer spesialkompetanse i kompetansekartet eller ved eige skjema for oversikt og aktiv bruk i prostia.

Ved utgangen av 2012 hadde vi om lag 90 % av prestane registrert i kompetansekartet. Sju av prostia melder at dei har gitt rom for deling av spesialkompetanse frå ein eller fleire av kollegaene i prostiet. Tema har vore kyrkjelydsutvikling (3), retreat, Israel, misjon. Éin prest (i Domprostiet) har skrive masteroppgåve om folkekyrkja (oppslutnad om dåp og konfirmasjon), og denne oppgåva har han presentert i fleire prosti. Det står enno eit arbeid att med å få alle inn i kompetansekartet.

## Delmål: Prestar med særleg kompetanse får høve til å nytte kompetansen i tiltak ut over eige prosti.

Dei fire (etter kvart tre) prestane som vart utdanna til å ha eit særleg ansvar for å gjennomføre kurs i gudstenestereforma, gjorde ein viktig og god jobb.

Av dei tre prestane som har tatt vidareutdanning i Åndeleg vegleiing, har særleg den eine vore aktiv ut over eige prosti, m.a. ved å ha eit særleg ansvar for å organisere og administrere opplegg for åndeleg vegleiing individuelt og i grupper.

Vi viser elles til masteroppgåva nemnd ovanfor (delmål 3).

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

### ***1. Prestane skal medverke med den teologiske kompetansen deira i tverrfagleg utarbeiding av trusopplæringsplanar.***

Vi vil auke deltakinga av prestar i arbeidet med planar for trusopplæring i dei tre prostia som skal arbeide med dette i 2013 (Domprostiet, Jæren og Dalane). Dette vil bli gjort gjennom kurs, ved prostane sin medverknad og som tema på prestekonventet i juni 2013.

### ***2. Oppdatering av kompetansekartet og aktiv bruk av spesialkompetanse i prostia.***

Dei vil skje ved jamleg oppdatering av kompetansekartet i ramma av lokallaga.

Prostane vert pålagde å gjere nytte av spesialkompetanse som prestane skaffar seg. Oppgåver knytte til Israel/Palestina-studiar vil ha særleg merksemd i 2013.

## 5.2 Kunnskap, evner, haldningar og motivasjon

### Mål

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjenesten	Etter- og videreutdanning	Andel prester som har deltatt på etterutdanningskurs

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
1. 9 proster og 15 off. prester i arbeidsveiledning, derav én seniorgruppe	Invitasjon til og organisering av grupper	Proster og prester
2. Min. 50 off. prester i etter- og videreutdanning i 2012	Søknadsprosess og behandling i regionalt etterutdanningsutvalg.	Prestar
3. 90 % av off. prester deltar på Medarbeiderdagen 2012	Prostene bidrar til å motivere til påmelding og deltakelse.	Prestar
4. Studiereiser for prester (2013)	Forarbeid til søknads-frist 15.03.12.	Prestar
5. Utarbeidelse av retningslinjer for skikk og bruk i kommunikasjon mellom kirkelig ansatte.	Opplegg for drøfting i lokallagene	Proster og prester

### Måloppnåing og vurderingar

Delmål 1: 9 prostar og 15. off. prestar i arbeidsvegledning, derav ei seniorgruppe.

Prostane får kontinuerlig vegledning (leiarutdanning) og er særleg nøgd med denne.

Talet på prestar i vegledning (utanom prostane) er 17. Av desse er 6 nye i prestenesta, og vi legg opp til at nye prestar skal kome tidleg inn i vegledning, m.a. for å gi dei godt verkty for refleksjonar kring tenesta.

Ny brosjyre/invitasjon er utarbeidd og lagt på nettsidene våre.

Ei særgruppe for seniorar blei ikkje sett i verk. Så langt har ikkje eit slikt tiltak vore uttrykt som naudsynt.

Talet på off. prestar med ABV-kompetanse går ned, mest fordi opphavlege vegleiarar vert pensjonistar. Vi har no berre 5 off. prestar i teneste som aktive arbeidsvegleiarar. I tillegg gjer vi oss nytte av ein kateket, to institusjonsprestar, to prestar frå Bjørgvin og ein metodistprest.

Skal vi halde oppe tilbodet om ABV, og helst auke det, treng vi fleire vegleiarar. Ved tilsetjing av nye prestar (frå andre arbeidsgjevarar) har vi ikkje fått personar med vegleiarkompetanse. Vi treng difor ein ny utdanningsrunde med 3-4 nye kandidatar.

Utlyst oppdateringskurs for allereie utdanna vegleiarar (gjennom fagrådet for arbeidsvegleiing) er eit godt tiltak som vi vil nytte oss av.

## Delmål 2: Min 50 off. prestar i etter- og vidareutdanning i 2012.

Eit studieopplegg med integrert reise til Israel og palestinske område er utarbeidd av Menighetsfakultetet, og gjennom utlysing er 62 prestar i off. stilling påmeldt til dette opplegget. Forkurs har vore gjennomført med full deltaking.



I tillegg til dette studieprosjektet har 12 prestar vore i etterutdanningspermisjon, til saman 74 off. prestar. Vi har med det hatt større samla studieverksemd i 2012 enn i noko år tidlegare.

Vi vil samstundes nemne at i fleire av prostia har dei hatt studieprosjekt, m.a. verkstad med høgtidsførebuing (Haugesund prosti) eller med studieverksemd knytt til reiser til utlandet, m.a. til LYCIG-konferanse i England (Sandnes prosti), bøn og økumenikk i Bose, Italia (Ytre Stavanger og Jæren prosti), kultur-/historie-/teologi-tur til Roma (Tungenes prosti) og bibelformidling gjennom kunst og preikeverkstad i Firenze (Karmøy prosti). Vi ser at studieopplegg i prostia er relevante og praktisk retta inn mot den tenesta prestane står i.

### Delmål 3: 90 % av off. prestar deltek på Medarbeidardagen 2012.

På medarbeidardagen, arrangert for alle kyrkjeleg tilsette i bispedømmet, deltok totalt ca. 480 påmeldte. Av dei var 88 off. prestar, noko som utgjør % av prestane.

### Delmål 4: Studiereiser for prestar (2013).

Eit større studieprosjekt med integrert reise til Israel og palestinske område kom i gang hausten 2012 (62 off. prestar, 4 prestar i anna teneste) (sjå delmål 2).

### Delmål 5: Utarbeiding av retningsliner for skikk og bruk i kommunikasjon mellom kyrkjeleg tilsette.

Ei arbeidsgruppe har laga eit opplegg til bruk i lokallaga. Pga. manglande kvalitetssikring har det ikkje blitt lansert i 2012.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

### ***Nye delmål 2013:***

#### ***1. Innarbeide bispedømmet sitt eige innføringsprogram i det sentrale programmet.***

Det innføringsprogrammet som er vedteke for kyrkja, vert tilpassa og sett ut i livet frå 2013.

#### ***2. Retningsliner for skikk og bruk.***

Det kvalitetssikra opplegget vil bli tatt i bruk i prostia i 2013.



*Terje Fjeldheim leier  
Stvanger bispedømmeråd*

## 5.3 Fleire kvinner som kyrkjelydsprestar og leiarar

### Mål

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Det skal motiveres og legges til rette for at flere kvinner søker tjeneste som menighetsprester og innehar lederstillinger i kirken	Kvinneandel	Andel kvinner i faste prestepstillinger
		Andel kvinner i stillinger som biskop og prost

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
1. Stimulere flere kvinner til å søke stillinger i Stavanger bispedømme	Oppsøke fakultetene og invitere søkere.	Kvinnelige prester/kandidater/studententer
	Oppfordre kvinner om å søke i prostier med lav kvinneandel	Kvinnelige prester/kandidater.
	Aktiv henvendelse til aktuelle kandidater blant kvinner til lederstillinger (proster)	Kvinnelige prester

### Måloppnåing og vurderingar

#### Delmål 1: Stimulere fleire kvinner til å søkje stilling i Stavanger bispedømme.

Til åtte utlyste stillingar (av desse den fyrste prestepstillinga med BDR-tilsetting) melde det seg 24 kvinner og 29 menn. Talet på kvinner som søkte stilling hos oss gjekk altså opp frå 16 til 24.

Vi tilsette fire prestar i 2012, tre menn og ei kvinne. Ei kvinne vart tilsett i prestepstillinga.

Ei av stillingane vart lyst ut fire gonger. Dei to fyrste gongene blei kvinner tilsett, men dei valde å seie frå seg stillinga. (Siste tilsettinga vert rapportert på 2013; ei kvinne vart tilsett).

Vi har altså prøvd å auke talet på tilsette kvinner, men har ikkje lukkast.

Ved rapporteringstidspunktet har vi 98 fast tilsette prestar i offentleg stilling. Av desse er 14 kvinner (14,1 %).

I 2012 tilsette vi den første prosten gjennom bispedømmerådet. Vi gjennomførte ein grundig prosess og tilsette ei kvinne som prost i det nye Ryfylke prosti. Når ho tiltrer i 2013, vil kvinnedelen blant prostane auke til 22 %.

Vi gjorde eit aktivt arbeid med å kontakte aktuelle personar (kvinner) til dei utlyste stillingane.

Stavanger bispedømme ligg framleis lågast i kvinnedel blant bispedømma. Bispedømmerådet handsama ei sak om alders- og kjønnsfordeling blant prestane hausten 2012. Rådet gjorde eit vedtak i fire punkt med sikte på å få ein betre balanse i alders- og kjønnsamansetjing i prostia når ein skal tilsetje nye prestar.



## *Endringar i strategiar og tiltak*

### **Delmål 2013:**

**Auke delen av kvinnelege prestar (inkl. fleire prostar) frå 14 % til 20 %.**

Med prostar, sokneråd og innstillingsråd som målgrupper vil vi arbeide med utforming av utlysingstekstar og analysere og tydeleggjere behova i prostia.

I vedtak hausten 2012 har bispedømmerådet lagt ein strategi for å betre balansen blant prestane med omsyn til alder og kjønn:

1. Sokneråda skal informerast om behovet for fleire yngre prestar og kvinnelege prestar.
2. Prostane skal ta omsyn til alders- og kjønnsfordeling i arbeidet med utlysingstekstar.
3. Bispedømmerådet vil leggje særleg vekt på å tilsetje fleire kvinner og fleire yngre prestar, av omsyn til heilskapen i bispedømmet.
4. Administrasjonen vert beden om å arbeide for å rekruttere fleire kvinner og yngre prestar som søkjarar til prestestillingar.



*Prest og diakon i samtale*

## 5.4 Gode arbeidsvilkår

### Mål

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Prestene skal ha gode arbeidsvilkår	Arbeidsmiljø Arbeidstid	Gjennomsnittlig andel sykefravær
		Gjennomsnittlig antall ferie- og fridager som ikke er tatt ut i løpet av året

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
Gjennomføring av vernerunder i alle prostier	Proster og kirkeverger tilrettelegger	Kirkelig ansatte.
Oppfølging av IA-avtalen og arbeid iht denne.	Kontakt med NAV. Prostenes oppfølging av langtidssykemeldte.	PØF og prostene
Utarbeide en livsfasepolitikk for prester under 40 og ajourføre fasepolitikken for prester over 60.	Prostene gjennomgår arbeidsplaner og -beskrivelser og legger til rette for gode arbeidsvilkår.	Prestene
Struktur og rutiner for milepælsamtaler innarbeides.	Kompetanseopplegg for prostene.	Prostene
Ansattes behov for noen å snakke med om arbeidet, livssituasjon m.v. blir ivaretatt (utenom linja).	Aktiv bruk av samtalesenteret (KSS) i nye lokaler. Øke mulighetene til ulike typer veiledning.	Prestere og andre kirkelig ansatte.
Utrede mentorordning	Iverksette min. 5 mentorrelasjoner	Prestene
Uavviklede ferie- og fridager: Max 200 dager	Prestene oppfordres til å ta ut regelmessig fri/ferieuker.	Prestene

### Måloppnåing og vurderingar

Gjennom den årlege arbeidsplassundersøkinga får vi ein indikasjon på korleis prestane opplever ulike sider ved tenesta og arbeidsmiljøet. Ein samlerrapport for åra 2006-2012 er tatt med i denne årsrapporten. Dette året har vi òg svara frå AFI-undersøkinga som grunnlag for vurdering av prestane si oppleving av arbeidssituasjonen.

Når det gjeld sjukefråværet, viser det ein oppgang frå 482 dagar i 2011 til 580 dagar i 2012. Dette gir eit samla sjukefråvær på 2,7 % (2,3 % i 2011). Nokre av sjukefråværa har vore langvarige; 11 personar (3 kvinner, 8 menn) har vore sjukemeldte meir enn 16 dagar. Utan å kjenne diagnosar, kan ein lese sjukefråværet som ein indikator på at prestane våre har stort press i tenesta si. Sjukefråværet for kvinner (3,4 %) har passert grensa på 3 % som vi i tråd med IA-avtalen vil halde oss under, medan det for menn (2,6 %) held seg under den grensa, trass i ein viss oppgang. Prostane følgjer opp dei sjukemeldte i tråd med IA-avtalen. Vi viser elles til Tilstandsrapportering – likestilling.

SAMLERAPPORT ARBEIDSPlassundersøkelse Stavanger Bispedømme 2006-2012

Prosti	God info, åpen komm. m/bd. og biskop	Sam- arb. med prost	Sam- arb. med kolle- ger	Sam- arb. med andre an- sette	Sam- arb. med råd- orga- nene	Opp- læring og opp- følg- ning	Opp- lærings og arb- beskn- vels- er	Opp- lev- ning/ mob- bing/ trak- serte år?	Arb- rela- terte helse- plager siste år?	Kon- tor- forh.	Kirke og ser- mons- rom	Bolig kom- mun- al	Bolig OVF	Vært på jobb, men burde vært syk- meldt	Forut sigbar fritid?	Tatt ut avtale festet fritid?	Svar (antall)	Sum (u/ovf- bolig)	Endr. 11/12
Dom	4,2	5,4	4,9	4,9	4,9	4,1	4,7		5,1	4,8	4,8	-	4	4,6	3,5	13/13	55,9	-0,5	
Ytre	4,3	5,3	5,0	5,0	5,0	4,3	4,5	1	4,5	4,2	4,3	-	4	4,1	4,1	10/13	54,6	0,6	
Tung	4,6	5,5	4,8	5,2	4,8	4,8	4,6	1	4,3	4,8	4,8	6,0	1	4,8	4,6	9/10	57,6	-0,9	
Sand	4,8	4,8	4,9	4,9	4,7	4,7	4,5	1	4,2	4,6	5,0	-	2	4,5	4,0	10/12	55,6	0,2	
Jæren	5,3	5,6	5,6	5,4	5,2	4,7	5,1	1	4,8	5,0	4,7	5,0	1	5,0	4,7	11/13	61,1	2,0	
Dal	4,2	5,2	5,0	5,0	5,0	4,4	4,2		4,4	4,4	5,0	4,3		4,4	4,6	5/6	55,8	1,4	
Ryf	4,3	4,9	5,4	5,3	4,9	3,9	3,9	1	4,6	4,7	4,0	3,0	3	3,9	4,1	7/7	53,9	-1,0	
Haug	4,9	5,3	5,0	5,1	4,9	4,3	4,8	1	4,4	4,8	4,5	4,3	2	4,8	4,8	8/11	57,6	0,8	
Karm	4,7	5,3	4,9	4,3	5,2	4,3	5,0	1	4,4	4,3	5,0	3,5	4	4,6	5,1	7/9	57,1	2,1	
Sum	4,6	5,3	5,1	5,0	5,0	4,4	4,6	2	4,5	4,6	4,7	4,4	21	4,5	4,4	80/94	56,7		
2011	4,70	5,11	5,03	4,96	5,02	4,38	4,61	2	12	3,93	4,46	4,5	4,27	22	4,56	4,28	86/93	55,54	
2010	4,16	5,02	5,09	4,83	4,72	4,10	4,28	2	17	4,16	4,51	3,87	4,00	35	4,35	4,17	80/90	53,26	
2009	4,18	5,17	4,93	4,94	4,91	4,14	4,31	3	15	4,51	4,45	3,98	4,14	25	4,28	4,18	78	53,98	
2008	4,1	5,3	4,9	4,8	4,7	4,3	4,5	4	12	4,5	4,5	4,1	4,1	22	4,5	4,5	73/92	55,1	
2007	4,1	5,0	4,3	4,7	4,8	4,0	4,1	2	11	4,5	4,6	4,1	3,7	28	4,4	3,6	78	52,2	
2006	3,9	4,9	5,0	5,0	5,0	4,1	4,0	3	11	4,7	4,8	4,8	3,9	21	4,3	4,2	79	54,7	

Til spørsmålene har det fulgt et brev med presiseringer.

NB! Alle vurderinger gjelder kun erfaringer i arbeidsåret 2012.

1. "God informasjon...": Vi definerer dette som direkte info, f.eks. nettsider, og svar på direkte henvendelser til biskop/bispedømmekontor.
2. "Oppfølging og oppfølging": Har du fått nødvendig opplæring/praktisk (maskinvare m.m.)? Muligheter til kompetanseheving (perm. hos REU el. prost)? Oppfølging ved sykefravær?
3. "Arbeidsplaner og arbeidsbeskrivelser": Dette gjelder planer og beskrivelser utarbeidet av prost.
4. "Mobbing/trakassering på arbeidsplassen siste år?": Det presiseres: Det siste året.
5. "Arbeidsrelaterte helseplager det siste året?": Vi spør etter helseplager som følge av arbeidet som prest.
6. "Forutsigbar fritid?": Vi spør etter planlagt fritid, skriftliggjort på forhånd i arbeidsplanen (ikke opplevelse av fritid).

Tallene for Ryfylke er slått sammen av tallene fra det tidligere Søre Ryfylke og Jelsa, Suldal og Sauda fra det tidligere Nordre Ryfylke. I tallene for Haugesund/Haugaland er tatt med svarene fra Vinda fjord.

I AFI-rapporten har spørsmål om tidspress og arbeidsmengd fått til svar at 64 % av prestane kjenner det belastande, 55 % meiner arbeidet har vorte meir krevjande dei seinare åra, og 64 % må ofte

jobbe ut over normal arbeidsveke. I arbeidsplassundersøkinga (APU) er skåren på spørsmål om både planlegging og uttak av fritid relativt låg (4,5 og 4,4), og etatsstatistikken syner at det er 557 fridagar som ikkje er tatt ut. Vi tar òg med at 21 personar (ein av fire) svarar at dei har vore på jobb, men burde ha vore sjukmelde. Dette gjev oss eit bilete av eit prestekorps som strekkjer seg langt for å møte behov og forventningar i kyrkjelydane. Like fullt er det færre prestar i Stavanger bispedømme som kjenner seg utbrende, samanlikna med landssnittet for alle kyrkjeleg tilsette. Det kan ha samband med at i dette bispedømmet er det fleire prestar som er noko eldre enn i dei fleste andre bispedømme og som er vane med å yte mykje i prestetenesta.

Høg trivsel i arbeidet motverkar òg utbrenning. Mange prestar kjenner at dei får noko igjen for arbeidsinnsatsen gjennom god oppslutning om gudstenester og samlingar. Prostane arbeider godt med leiing av prestetenesta i prostia, og prestane verkar nøgde med samarbeidet med prostane (skår 5,1 i snitt). Godt personalarbeid frå prostane si side er det mest avgjerande for å få ned for høge belastningar, skape trivsel og styrkje utviklinga av godt arbeidsmiljø for den einkilde prest og for kollegiet i prostiet.

### Delmål 1: Gjennomføring av vernerundar i alle prostia.

Etter samordningsavtale mellom bispedømmerådet og kyrkjelege fellesråd skal vernerundar gjennomførast i tråd med fellesråda sine rutinar. Dei har vist seg vere litt ulike frå stad til stad. Nokre stader er det vernerundar kvart år, andre stader er det annakvart år.

Talet på vernerundar i 2011 var 15. I 2012 har vi så langt registrert 8 vernerundar i fem av prostia. Det skuldast primært dårlege registreringsrutinar.

Saka har vore oppe som tema i prostemøtet, i regionalt arbeidsmiljøutval (RAMU) og i kontaktmøte med kyrkjeverjelaget. I RAMU er det gjort vedtak om at vernerundar vert planlagt og varsla i god tid på førehand, slik at dei som skal vere med, kan setje av naudsynt tid. Bispedømmerådet har òg sett av meir midlar i 2013, slik at verneomboda for prestane kan delta i vernerundar og fylgje opp at slike rundar vert gjennomførde.

### Delmål 2: Oppfølging av IA-avtalen og arbeid i tråd med denne.

Vi har eit godt samarbeid med IA-kontakten vår i NAV. Regelmessige møte er haldne, og tiltaksplan er gjennomgått og revidert kvart semester.

IA-kontakten har vore med i møte med to arbeidstakarar i langtidssjukemelding.

Vi har hatt IA- og kompetansekurs for prostane med tema oppfølging av langtidssjukemeldte. Vi har òg hatt felles kurs/kompetansedag for prostar, tillitsvalde PF (stiftsstyret og lokallagsleiarar) og verneombod.

### Delmål 3: Utarbeide ein livsfasepolitikk for prestar under 40 og ajourføre fasepolitikken for prestar over 60.

Arbeid med livsfasepolitikk er sett i gang. Nokre individuelle tiltak er sett i verk for prestar <40 og >60. Prostane har hatt merksemd på dette temaet i arbeidet med revisjon av arbeidsomtalane. Kartlegging og individuelle tiltak har vore gjort i 2012.

### Delmål 4: Struktur og rutinar for milepælsamtalar innarbeidast.

Prostane er utstyrte med mal for milepælsamtalar, men denne har så langt vore lite brukt (5 samtalar i 2012). Vi har enno ikkje fått til gode nok strukturar og rutinar for innkalling/invitasjon til milepælsamtalane.

### Delmål 5: Tilsette sine behov for nokon å snakke med om arbeid, livssituasjon m.v. blir teke hand om (utanom lina).

Kyrkjeleg samtalesenter (Stallen) er i jamleg bruk, og prestar, andre kyrkjeleg tilsette og tillitsvalde gjer bruk av senteret. Senteret har hatt fire erfarne sjelesørgjarar (frå 2013 redusert til tre) i arbeid, og pågangen har vore stor.

Samtalane går føre seg "utanom lina", dvs. det er inga rapportering frå senteret til arbeidsgjevar – berre tal: I 2012 vart senteret nytta av 79 personar i til saman 507 timar. 25 av personane var prestar.

### Delmål 6: Utreie mentorordning.

Vi har ikkje klart å prioritere dette arbeidet, så dette målet er ikkje nådd. Sjå elles om endringar i strategiar og tiltak.

### Delmål 7: Uavvikla ferie- og fridagar: Max. 200 dagar.

Tala for 2012 syner at vi står med 152 overførte feriedagar (1,5 pr. prest). Dette talet er nest lågast i landet. Vi er jamvel ikkje heilt nøgd med dette.

Vidare er det 557 fridagar som ikkje er tekne ut. Trass i at biskopen har gitt instruks til prostane om at talet på ubrukte fridagar skulle ned i 2012, har nokre av prostane ikkje teke nok tak i dette, og talet er altfor høgt.

Arbeidsplassundersøkinga (APU) 2012 viser at både planlegging og uttak av fridagar skårar lågt (4,5 og 4,4). Held vi dette saman med AFI-undersøkinga som avslører oppleving av høg belastning i tenesta, er vi i høg grad merksame på dette punktet i arbeidsmiljøet.

## Endringar i strategiar og tiltak

AFI-rapporten utfordrar sterkt med omsyn til dei som er nær ved å kjenne seg utbrende. Vi ser det som naudsynt å arbeide målretta langs to liner for å motverke utbrenning:

1. Større ressursar til prestetenesta i bispedømmet. Det er eit politisk ansvar som må løysast.
2. God leiing av prestetenesta. Prostane må leie prestetenesta tett på den einskilde prest gjennom å få fram gode avtalar for den daglege tenesta til kvar einskild, sørgje for jamt uttak av ferie og fritid, stimulere til godt samvirke mellom prest, stab og sokneråd og våge å styre gjennom å avgrense når det er naudsynt.

## 5.5 Forvaltning av prestebustadar

### Mål

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Prestane skal oppleve trivsel i tenestebustadane	Arbeidsmiljøundersøking 2012	Talverdi på arbeidsmiljøundersøking 2012

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
80 % av prestane som bur i tenestebustad rapporterer tilstanden på bustanden	Utsending av bustadmeldingsskjema	Prestar som bur i tenestebustad
Oppfølging av tilstanden på prestebustadane	Rapportere skriftleg oppussings- og vedlikehaldsbehov til kommunane	Kommunar som har prestebustadar
	Gjennomføre drøftingsmøte med kommunar som har stort etterslep på vedlikehald	
	Rapportere skriftlig oppussings- og vedlikehaldsbehov til Opplysningsvesenets Fond	Opplysningsvesenets Fond
Årleg møte med Opplysningsvesenets Fond		
Styrke arbeidsgjevar sin kunnskap om prestane si oppleving av bustadsituasjonen	Prostane tek bustadsituasjonen opp med prestane i den årlege medarbeidersamtalen	Prostane

### Måloppnåing og vurderingar

Tilstanden på prestebustadane er følgt opp ved at prestane har fylt ut og sendt bustadmelding til bispedømmerådet, og at rapporterte feil og manglar er meldt vidare til huseigarane. I tillegg har vi følgt opp gjennom synfaringar i bustadane og kontakt med kommunane.

60 % av prestane (25 av 42) som bur i kommunal bustad sende inn bustadmelding i 2012, medan 73 % av prestane i OVF-bustad (11 av 15) sende inn bustadmelding. Den samla

svarprosenten er på 63 %. Vi hadde sett oss som mål at 80 % av prestane skulle levere bustadmelding.

Drøftingsmøte med OVF og dei to største kommunane er gjennomført. I desse møta var det gjennomgang av alle bustadane som dei eig, og konkrete utfordringar vart påpeika.

I arbeidsmiljøundersøkinga blant prestane for år 2012 gav prestane følgjande vurderingar av prestebustadane (på ein skala frå 1 til 6, der 6 er høgste verdi):

	Kommunale	OVF
<b>2012</b>	4,75	4,25
<b>2011</b>	4,5	4,2
<b>2010</b>	3,87	4,00
<b>2009</b>	3,98	4,14
<b>2008</b>	4,5	4,1
<b>2007</b>	4,1	3,7
<b>2006</b>	4,8	3,9

Standard og kvalitet på prestebustadane er varierende, noko som gjev utslag i prestane si vurdering av bustadane. Vurderinga av dei kommunale prestebustadane har vore stigande dei siste åra. For bustadar som OVF eig er vurderinga stabil.

I skjemaet for prestane sin medarbeidersamtale med prestane ligg det inne spørsmål knytt til bustadsituasjonen for den einskilde prest.

Vi vil halde fram med det målretta arbeidet for å betre trivsel og bustandard for dei prestane som har buplikt i tenestebustad.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Vi vil legge inn i prosedyren for utsending av bustadmelding ei påminning til prestar som ikkje har sendt inn skjema innan fristen. Vi vil dessutan ha eit særleg fokus på dei bustadane Opplysningsvesenets Fond eig.



Kyrkjeverjene i Sola, Gjesdal og Sandnes

## 5.6 Leing og samvirke

### Mål

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
<b>Bispedømmerådet, biskopen og prostene skal sørge for god ledelse av prestedtjenesten og tilrettelegge for et positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelig tilsatte</b>	Ledelse	Andel av prestene som har hatt medarbeidersamtale

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>1. Styrke den tillitsvalgte ledelsen (MR- og FR-ledere)</b>	Kurs II for MR. Kurs MR-og FR-ledere	Tillitsvalgte ledere
<b>2. Videreføring av kontakt og samvirke mellom BD og kirkevergelaget</b>	Ett møte pr. halvår mellom BD og kirkevergelagets styre/kirkevergelaget	Kirkevergene
<b>3. Videreutvikle "Sammen om å lede 3" og gjennomføre programmet i samarbeid med kirkevergene.</b>	Strukturert kursopplegg for proster og kirkeverger	Prostene og kirkevergene



## ***Måloppnåing og vurderingar***

### **Andel prestar som har hatt medarbeidarsamtale**

88% av prestane har hatt medarbeidarsamtale. Det er ei auke på fire prosent frå 2011. Det er særleg i eit prosti dette har svikta. Me vurderer målet som delvis nådd.

### **Delmål: Styrka den tillitsvalde leiinga**

Våren 2012 blei det gjennomført kurs for alle medlemmar av sokneråd, med fokus på gudstenestereform. Kurser hadde god deltaking. Det er også mange kurs for tillitsvalde i samband med trusopplæring. Samlingar om ny kyrkjeordning kjem også inn under dette. Me har høgt fokus på å gje tillitsvalde nødvendig kompetanse.

I mars hadde me ein samling for leiarar i bispedømmeråd, fellesråd og sokneråd, med brei deltaking, godt engasjement og strategisk utvalde tema. Me fekk gode tilbakemeldingar på form, innhald og relevans.

### **Delmål: Videreføring av kontakt av samvirke mellom BD og kyrkjeverjelaget**

*Målet er nådd.*

Bispedømmet og kyrkjeverjelaget har faste møtepunkt som er viktige for gjensidig informasjonsutveksling og drøftingar.

### **Delmål: Videreutvikla «Saman om å leia 3» og gjennomføre programmet i samarbeid med kyrkjeverjene.**

*Målet er nådd.*

Prosjektet er videreført i 2012.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

Me er ikkje tilfredse med at ikkje alle prostar har gjennomført medarbeidarsamtalar, og vil sørgja for at dette blir prioritert alle stader.

Sokneråd og fellesråd er nå gått over frå oppstartsfase til arbeidsfase. Kurs vil komma etter behov.

## 5.7 Prostetenesta

### *Mål*

*Styrke prostane si rolle som leiar av den lokale prestetenesta, samt deira samordningsfunksjon mellom prestetenesta og rådsorgana si verksemd.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Styrke prostane sin leiarkompetanse</b>	ABV v/ Arne Børresen	Prostane
	Tema på prostemøte	
<b>Styrke prostane sin dugleik som arbeidsgjevar</b>	Arbeidsrettsleg og HMS-opplæring i prostemøta	Prostane
	Gjennomføring av årleg kursdag for prostar og tillitsvalde med fokus på det å vere arbeidsgjevar	Prostane
<b>Styrke prostane sin dugleik til å gjennomføre samordning mellom prestetenesta og rådsorgana</b>	Vidareføring av kompetansetiltaket "Saman om å leie"	Prostane
	Tema på prostemøte	

### *Måloppnåing og vurderingar*

#### Delmål: Styrka prostane sin leiarkompetanse

Prostane har fast arbeidsvegledning, sju gongar i året. Alle prostar tek del. Evalueringane er svært gode. Vegledninga har delvis karakter av leiarutvikling. Arne Børresen står for vegledninga.

Prostemøtet blir brukt til å styrka prostane sin leiarkompetanse. I 2012 har ein mellom anna hatt oppe prostane si rolle ved konflikter og IA-avtalen. Oppdatering på aktuelle kyrkjelege spørsmål fungerer som vidareutvikling av prostane som pastoral og kyrkjeleg leiar. Erfaringsutveksling mellom prostane spelar også ei viktig rolle.

#### Delmål: Styrka prostane sin dugleik som arbeidsgjevar.

Dette målet fell delvis saman med målet ovafor. I 2012 har me gjennomført HMS-dag for prostar og tillitsvalde, med fokus på IA-avtalen. Elles har me brukt arbeidsmiljøundersøkinga aktivt og starta arbeid med lokale handlingsplanar for HMS. Me har også fokusert på vernerundane.

#### Delmål: Styrka prostane sin dugleik til å gjennomføre samordning mellom prestetenesta og rådsorgana.

Saman om å leia er vidareført. Samarbeid med kyrkjeverjer, fellesråd og sokneråd har ikkje vore et eige tema på prostemøte. Det er ikkje på dette området behovet har blitt opplevd som mest akutt.



*VTP-studentar på pilegrimstur*

## 5.8 Vegen til presteneste (VTP)

### *Mål*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Følge oppsett turnus for gjennomføring av O1 / O2 i Region Vest</b>	Arrangera O1 / O2 for Region Vest i Stavanger	Teologistudentar
<b>B. God gjennomføring av stiftspraksis</b>	Leggja til rette for stiftspraksis etter gjeldande rutinebeskrivelse	Teologistudentar
<b>C. God gjennomføring av O3</b>	Arrangera O3 for studentane som er i stiftspraksis	Teologistudentar
<b>D. God oversikt over studentane som er tilknytt bispedømmet</b>	Vedlikehald av VTP-databasen	Teologistudentar

## ***Måloppnåing og vurderingar***

### **Delmål: Gjennomføring av O1/O2 i region vest.**

O1 og O2-samlingane for Region Vest fann stad på Solborg folkehøgskule ved Stavanger, frå 18-21 juni. Til saman var 41 studentar med på samlingane. Samarbeidet mellom dei ulike bispedømme fungerte fint. Evalueringane viste god kvalitet på samtalar med biskopane, utflukter, leining, fellesskap og arrangement.

Dårlegast var evalueringa når det gjaldt fagleg og andeleg utbytte, særleg for O2-studentane. Det skuldest nok til dels at mykje av programmet for dei blei knytta til utflukta. Møtet med ein kyrkjelyd med høgt aktivitetsnivå, lågkyrkjeleg særpreg og til dels utradisjonelle arbeidsformer blei også utfordrande for både deltakarar og leiarar. Andaktslivet er ein arena der studentane får prøvd seg ut, så form og innhald varierer.

Evalueringa gjev likevel signal om at det er innhaldet, ikkje rammene, som blir viktigst i planlegginga av kommande samlingar.

### **Delmål: God gjennomføring av stiftspraksis**

Me hadde fem deltakarar i stiftspraksis våren 2012, men ingen om hausten. Praksis blei gjennomført utan problem.

### **Delmål: God gjennomføring av O3**

Sidan praksis var spredt over ulike tidsperiodar, blei O3 gjennomført i form av to fellessamlingar til ulik tid, for ulike studentar, med individuelle samtalar med biskopen for alle studentar. For både biskop og studentar er dette nyttige møtepunkt i etterkant av praksis og fram mot ordinasjon.

### **Delmål: Vedlikehald av VtP-databasen**

Me sender ut skjema for oppdatering til alle registrerte ein gong i året. Ved problem med å få kontakt, ofte på grunn av manglande tilbakemelding frå studentane, sporar me dei opp og finn kontaktinformasjon via andre kanalar, og oppdaterer databasen.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

Kjerna i O3 er samtalen med biskopen. I den grad det er praktisk mogleg, vil me likevel også halda fram med ei fellessamling for studentane, og slik blir det våren 2013. Me har høyrte at me har hatt eit rykte på å vera seine med informasjon om stiftspraksis til våre kandidatar, men det har me alt retta opp for våren 2013, der me har hatt tidleg og god kontakt med studentane og lagt godt tilrette for kvar einskild.

## 6. Diakoni

### Mål

Resultatmål 2012	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
<b>Vi skal arbeide for at Den norske kyrkja held fram som ei tenande folkekyrkje, ved å styrkje diakonien i kyrkjelydane i samsvar med Plan for diakoni i Den norske kyrkja.</b>	Utbreiing av lokale diakoniplanar	Andel sokn som har vedtatt lokal plan
	Tilsette diakonar / diakoniarbeidarar	Andel sokn som har diakonal betjening

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>1. Medarbeidarar som søker Kristus i stille, bøn og tilbeding</b>	Retreat og ulike samlingar	Tilsette og frivillige medarbeidarar
<b>2. 15 kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni</b>	Kontakt med kyrkjelydane via prostar og daglege leiarar	Prost, dagleg leiar, SR og frivillige
<b>3. Medarbeidarar med god diakonal kompetanse</b>	Fagdagar i samarbeid med Stiftet DNDF	Diakonar og diakoniarbeidarar
	Prostisamlingar	Diakoniutval
	Nettverksbygging	Tilsette som arbeider særskilt med inkluderande kyrkjeliv med tanke på menneske med utviklingshemming
<b>4. God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle</b>	Kurs og samlingar om diakoni og Samhandlingsreforma	Kyrkjeleg tilsette og tilsette i kommunehelsetenesta
	HEL-konferanse	Kyrkjeleg tilsette og tilsette i kommunehelsetenesta
	Oppfølging av prosjekt om palliativ omsorg	Kyrkjeleg tilsette og tilsette i kommunehelsetenesta
<b>5. Ti nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grøne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn</b>	Kontakt med kyrkjelydar gjennom prostar og kyrkjeværjer, i samarbeid med ressursgruppa	Tilsette og frivillige medarbeidarar
<b>6. Gode planar for krisehandtering med tanke på større katastrofar</b>	Revidere plan for krisehandtering med tanke på større katastrofar	Kyrkjeleg tilsette
<b>7. Gode rutinar for forebygging og handtering av seksuelle krenkingar i kyrkja</b>	Slutføre revisjon av «Retningslinjer for forebygging og handtering av seksuelle krenkelser i menigheten»	Tilsette og frivillige medarbeidarar
	Kurs og samlingar	Tilsette og frivillige medarbeidarar

## Måloppnåing og vurderingar

### Delmål: Medarbeidarar som søker Kristus i stille, bøn og tilbeding

13 prestar frå bispedømmet har deltatt på retreat på Utstein Pilegrimsgard, og 8 prester har deltatt på andre samlingar over to døgn.

Bispedømmet har tilbod om åndeleg vegleiing, og fleire prestar med kompetanse på dette. Tilbodet dekkjer det behovet som ettersurnaden av i dag viser fram.

### Delmål: 15 kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni

*Målet er ikkje nådd.*

Tabellen viser ein auke på 7 kyrkjelydar som har vedtatt lokal plan for diakoni frå 2011 til 2012. Talet i dag er 74 sokn.

	2009	2010	2011	2012
Kyrkjelydar (91) med lokal plan for diakoni	25	45	67	74

Vi har arbeidd for at fleire kyrkjelydar skal vedta lokale planar gjennom å arrangera prostivise samlingar for diakoniutval med fokus på utforming av lokale planar. Vi har i 2012 gjennomført slike samlingar i tre av prostia.

I alle dei 18 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan er det ikkje tilsett diakon eller oppretta eit diakoniutval. Dette visar seg som ein føresetnad for at strategisk arbeid med diakonale utfordringar i kyrkjelyden.

### Delmål: Medarbeidarar med god diakonal kompetanse

*Målet er nådd*

Administrasjonen arbeidar med oppfølging av tilsette diakonar og diakoniarbeidare, oppfølging av kyrkjelydar og kontakt med samarbeidspartnarar. Vidare følgjer vi opp prosjekt og faste utval, for eksempel arbeidsgruppene for miljø, forbruk og rettferd.

I bispedømmet har vi i dag 44 diakonar /diakoniarbeidere. 13 av disse stillingane har statleg refusjon for inntil 50 % av lønnsmidla. Den siste statlige stillinga kom i 2002. Det blir arbeidd kreativt i mange kyrkjelydar for å få oppretta nye diakon/diakoniarbeiderstillingar, med egne midlar og i samarbeid med kommunar og Diakonistiftelsen Rogaland. Går vi nokre år tilbake, var det i 2003 32 slike stillingar. Men denne auka er langt fra stor nok til at vi dei næraste åra kan nå målet om full dekning.

Gjesdal kommune har vedtatt å ta ansvar for delar av ei nyoppretta diakonstilling i Gjesdal kyrkjelege fellesråd, ved og nytta midlar frå Samhandlingsreforma. I august ble det tilsett ny diakon i stillinga..

Målet er at alle sokn i bispedømmet har tilgang på diakonal kompetanse.

I dag har 63 av soknene tilgang på denne kompetansen.

### *Nettverksbygging*

Tilsette som arbeider særskilt med Inkluderande kyrkjeliv blir følgde opp gjennom ulike samlingar og kontaktpunkt for medarbeidarar i klubbarbeidet. Likeeins har ein fokus på dette i årsrapportsamtalar i trusopplæringa, og ved kontakt og rådgjeving for diakonar som har dette arbeidsfeltet nedfelt i si innstruks.



**Delmål: God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle**

*Målet er nådd*

Plan for diakoni tilrår økt samarbeid innad i kyrkja og mellom kyrkjesamfunn, og styrking av samarbeid i forhold til organisasjonar, helseinstitusjonar og offentlige instansar.

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut eit rundskriv som skal sikre at dei som er avhengige av praktisk og personlig bistand frå

den kommunale helse- og omsorgstenesten, får ivaretatt sine muligheter til eigen tros og livssynsutøvelse i tråd med de grunnlovsfestede bestemmelser om religionsfridom og ytringsfridom (Rundskriv I – 6/2009).

For å sikre at alle får ivaretatt sine rettigheter til eit åndelig liv, ser vi behovet for å prioritere område kor diakonien samhandlar med den offentlege helsetenesta eller andre institusjonar og organisasjonar. Haugesund kommune, Tysvær kommune, Kompetansesenter i lindrende behandling, Helseregion Vest og Stavanger bispedømmeråd sendte i februar 2011 ein søknad til departementet om midlar frå Samhandlingsreforma til å gjennomføre eit prosjekt med overskrift:

*Åndelig/eksistensiell omsorg for alvorlig syke og døende i kommunehelsetjenesten*

*Et samhandlingstiltak for å bedre ivaretagelsen av alvorlig syke og døende pasienter og deres pårørende i kommunehelsetjenesten*

Søknaden blei innvilga våren 2012. I løpet av hausten 2012 er det tilsett prosjektleiar i 60 % og to prosjektmedarbeidarar i 20 %-stillingar. Det er etablert ei styringsgruppe for prosjektet. Dei arbeider etter ein framdriftsplan som ligg nedfelt i prosjektsøknaden.

Også blant menneske med ulike utviklingshemmingar blir palliativ omsorg eit større og større behov. Fleire i denne målgruppa når ein høgare levealder enn før, og omsorga inn mot livets slutt for desse betyr mykje. Rådgeving og hjelp til dette blitt gitt til tilsette ved bu-fellesskap og til andre tenesteytarar.

### ***HEL-konferanse***

Arbeidet med inkluderande kyrkjeliv og samhandlingsreforma fekk eit særskilt fokus gjennom HEL-konferansen hausten 2012. Konferansen var eit samarbeidsprosjekt mellom bispedømmet, Kyrkjerådet og Bogafjell kyrkjelyd, og samla 130 deltakarar til to innhaldsrike dagar, med foredrag, seminarar, erfaringsdeling, gudsteneste og konsert. Korleis Samhandlingsreforma nå kan skapa ei god plattform for samvirke mellom kyrkjeleg tilsette og tilsette i kommunehelsetenesta blei særleg understreka i engasjerte bidrag frå preses i Den norske kyrkja, Fylkesmannen i Rogaland og tilsette i Helsedirektorat og Helsetilsyn. Konferansen gav stor inspirasjon og gode verktøy for vidare arbeid med Inkluderande kyrkjeliv.

## **5. Ti nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grønne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn.**

### ***Målet er ikkje nådd***

I diakoniplanen er “Vern om skaparverket” og “Kampen for rettferd” viktige område som utfordrar kyrkjelydane til å setje klima og rettferdig fordeling på dagsorden. For å møte desse utfordringane, satsar Stavanger bispedømmeråd på å miljøfyrtårnsertifisere fellesråd og utfordre kyrkjelydar til å arbeide for å bli “grønne kyrkjelydar».

Det har gått ut eit brev til alle kyrkjelydar som fortel korleis ein går fram for å bli grønne kyrkjelydar. På visitasane utfordrar biskopen dei kyrkjelydane som ikkje er «grønne» til å setja i gang ein prosess for å bli det. I år har vi ikkje registrert nye grønne kyrkjelydar i bispedømmet.

Sokneråda i Lund, Heskjestad, Grødem, Randaberg og Gausel har vedteke at dei i løpet av våren 2013 blir «Grønne kyrkjelyder».

Stavanger bispedømmekontor har i haust blitt sertifisert som miljøfyrtårn for andre gong.

I august blei det arrangert gratis folkefrukost i Stavanger. Det er Grønn Hverdag i samarbeid med Oikos, Stavanger Bispedømme og Ullandhaug økologiske gard som arrangerer frukosten. Målet er at folk skal få smake det som finst på marknaden av miljøvennlig og



rettferdig innkjøpt mat, samtidig som dei skal få god informasjon om sjølve maten og kor ein får tak i han.

	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Grøne kyrkjelydar (91)</b>	2	4	9	9	9
<b>Miljøfyrtårnsertifiserte kyrkjelydar (91)</b>	12	13	16	16	16
<b>Miljøfyrtårnsertifiserte fellesråd (26)</b>	3	3	4	4	4

## Delmål: Gode planar for krisehandtering med tanke på større katastrofar

*Målet er nådd*

I 2012 har Stavanger bispedømmeråd vedtatt ny plan for handtering av katastrofer og ulukker. I denne planen står det kva kyrkja skal gjera når det skjer ulukker som gjer det nødvendig for politiet å mobilisera lokale redningsentralar og andre ressursar, ut over dei politiet sjølv rår over. Planen fortel kva LRS-prestar og innsatspersonell i LRS-systemet skal gjera. Me planlegg kurs i dei nye retningslinjene i løpet av 2013.

## Delmål: Gode rutinar for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar i kyrkja

*Målet er nådd*

Arbeidet med å utarbeida retningslinjer i bispedømmet med sikte på førebygging og handtering av seksuelle krenkingar, der tillitsvalte eller tilsette er involverte, får stor merksemd i vårt bispedøme. Fleire fellesråd og sokneråd har laga lokale retningslinjer for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar, baserte på vegleiingshefte frå KA/KKD og bispedømmet sine retningslinjer. Vi har i år revidert våre «Retningslinjer for førebygging og handtering av seksuelle krenkelsar» som blei vedtatt i september 2007. Vi planlegg kursdager i retningslinjane for kyrkjeleg personell våren 2013.

## ***Endringar i strategiar og tiltak***

Det nære samarbeidet med Diakonistiftelsen Rogaland held fram. Stiftelsen har gitt økonomiske bidrag som sikra oppretting og utlysing av 100 % stilling som «Rådgevar Inkluderande kyrkjeliv» ved Bispedømmekontoret i 2012. Ny tilsett i stillinga starta medio august. Som fylgje av denne reorganiseringa er feltet «Inkludering» nå skilt ut som eige satsningsområde i bispedømmet for 2013, med eigen årsplan og framtidig rapportering ut frå denne.



## 7. Kyrkjemusikk og kultur

### Resultatmål og indikatorar frå Kyrkjerådet for 2012:

Styringsparametere	Resultatmål	Indikatorer
<b>Videreutvikle og styrke kirkens rolle som kulturformidler.</b>	1) Initiere samarbeid mellom kirken og kulturlivet for øvrig.	1) Innvilgede tilskudd til kulturprosjekt i menighetene.
	2) Bygge kirkelig kulturkompetanse, å utvikle og videreformidle spisskompetanse.	2) Antall nye samarbeidstiltak.
	3) Øke og fremme bred kirkelig kulturkompetanse.	3) Antall deltakere på kompetansehevende tiltak.

Vi har sendt ut eit rapporteringsskjema til alle kyrkjelydar for å svare på desse spørsmåla. 49 av 91 kyrkjelydar i bispedømmet har svart. Dei rapporterer å ha fått støtte på til saman kr 1 883 890,- Av dette er kr 897 750,- offentlig støtte. Av desse har 23 av kyrkjelydane ikkje sendt søknad om offentlig støtte til kulturprosjekt.

Av dei 190 kulturprosjekta som er rapporterte inn, er 126 samarbeidstiltak. Vi har ikkje kjennskap til kor mange av desse som er nye samarbeidstiltak.

Det har vore 12 ulike kompetansehevande tiltak i 2012, med til saman 473 deltakarar.

## **Bispedømmerådet sin strategiplan for 2011 – 2014 har følgjande formuleringar på feltet:**

Vi ønskjer kyrkjelydar som formidlar trua gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Vi fokuserer på

- song og musikk
- breidd og mangfald i bruk av kultur i kyrkja
- pilegrimsmotivet

*Vi ønsker å bidra til at menighetene formidler troen gjennom ulike kulturelle uttrykk.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Bevisst bruk av ulike kulturuttrykk i menighetene</b>	Besøk i minst 10 menigheter	Kulturutvalg, menighetsråd og staber
	To fagsamlinger for kirkemusikere	Kirkemusikere
<b>B. Økt tilskudd fra offentlige kulturmidler til menigheter i bispedømmet</b>	Kurs og samlinger med fokus på finansieringsformer for kultur	Ansatte og frivillige medarbeidere
<b>C. Legge til rette for kontakt og koordinering mellom kirkelige kulturaktører</b>	Kontakt med ledere i kirken og ulike kulturaktører på prosti- og fellesrådsnivå	Ledere i kirken på prosti- og fellesrådsnivå
		Kirkemusikere og andre kirkelige kulturarbeidere
<b>D. Å styrke korvirksomheten i menighetene med spesielt fokus på barnekor.</b>	Veiledning om korarbeid	Ansatte og frivillige medarbeidere
	Kurs for ledere av barnekor.	Ansatte og frivillige medarbeidere
<b>E. Å arbeide fram mot realisering av arrangementet Pasjon 2013</b>	Delta i styret for Stiftelsen Pasjon	Befolkningen i regionen

## ***Måloppnåing og vurderingar***

**Delmål: Bevisst bruk av ulike kulturuttrykk i menighetene.**

*Målet er delvis nådd.*

Vi har gjennom året møtt stabar i 7 kyrkjelydar, 4 kulturutval i andre kyrkjelydar, møtt to prostilag og vore med på møte med kyrkjevevjerne frå to prosti. Eit sentralt tema for desse samlingane har vore korleis ein kan bruke ulike kulturuttrykk i kyrkjelydane, på ulike arrangement og for ulike målgrupper.

I tillegg har vi deltatt på samling for alle tilsette i eit prosti i samband med innføring av trusopplæringsreforma.

Gjennom desse møta her vi møtt 31 kyrkjelydar og 9 kyrkjevevjer, kor moglegheiter og utfordringar innan kulturfeltet har vore tema.

Våren 2012 blei det etablert ei ressursgruppe med kyrkjemusikarar frå bispedømmet som har i oppgåve å være med å arrangere felles fagsamlingar for kyrkjemusikarar i heile bispedømmet. Første samling blei arrangert november 2012. I tillegg har vi deltatt på samling med kyrkjemusikarar i to prosti.

### Delmål: Auka tilskot frå offentlege kulturmiddel i kyrkjelydane i bispedømmet

Målet er ikkje nådd

Vi har ikkje tal frå kyrkjelydane på kva dei har motteke av offentlege kulturmidlar i 2011. For 2012 har vi prøvd å få inn tal frå den enkelte kyrkjelyd på dette, men tala vert ikkje fullstendige. Uansett kan vi ikkje samanlikna med tidligare år, og kan difor ikkje vurdere om tilskudda har auka.

Rapportar frå 49 kyrkjelyder viser at 26 av desse har fått offentlig støtte på til saman 897 750,- Totalt har desse kyrkjelydane fått støtte på kr 1 883 890. Dette syner oss at mykje av støtta til kulturaktivitetar kjem frå sponsorar og legatar.

Det har ikkje vore arrangert eigne kurs med fokus på finansieringsformar for kultur i 2012. Det var eit kurs for hele bispedømmet i november 2011. Samstundes har finansieringsformar for kultur vore tema på møta med kulturutvala. Vi har informert om søknadsordningar til kyrkjemusikarar og til større enkeltarrangement vi kjenner til. Vidare har vi rettleia og teke del i utforminga av fleire søknadar.

### Delmål: Leggje til rette for kontakt og koordinering mellom kyrkjelege kulturaktørar.

Målet er delvis nådd

I februar 2012 ble den første info-mailen til gruppa «Kyrkjemusikarar» sendt. Det er 79 mottakarar av desse e-postane. Ein av funksjonane til info-mailene er å dele informasjon mellom dei ulike kyrkjelydane om kulturarrangement.

I medarbeidarsamtale med prostane utfordra vi på å ha fokus på lokale kunstnarar som bur og arbeidar i prostiet. Målet var å leggje til rette for møtepunkt mellom kyrkjelydar og lokale kunstnarar, men det har vi ikkje gjort i 2012.

### Delmål: Å styrke korverksemda i kyrkjelydane, med spesielt fokus på barnekor.

Målet er delvis nådd

Våren 2012 vart det nedsett ei ressursgruppe for korverksemd i kyrkjelydane i Stavanger bispedømme. Statistikken frå 2011 til SBB viser at vi har 128 barnekor med 3367 medlemmer i vårt bispedømme. Det første gruppa gjorde, var å spørje kyrkjelydane om alder på



medlemmane i kora, kva type repertoar dei har og om dei er innmelde i ein organisasjon.

Vi fekk inn svar frå 28 kyrkjelydar, som rapporterte om 79 kor. Av desse var 45 kor melde inn i ein organisasjon og 34 var det ikkje. Innmeldingane varierte mellom 5 ulike organisasjonar, med flest innmelde i Ung kirkesang, med 21 kor. Vi hadde trudd fleira av kora var innmeldt i ein organisasjon.

Det er stor variasjon i repertoaret, noko som ikkje overraskar oss. Alderen på medlemmane var jamnare fordelt enn vi trudde.

Ut frå denne kjennskapen til koraktiviteten starta gruppa planlegginga av eit inspirasjonskurs for leiarar og dirigentar av barnekor. Det blir arrangert i 2013.

I 2012 er det også etablert kontakt med styret til Ung Kirkesang i Rogaland og Styret for Stavanger Bispedømmes Kirkesangforbund.

### **Delmål: Å arbeide fram mot realisering av arrangementet Pasjon 2013. Målet er delvis nådd**

Gjennom heile året har styret for Stiftelsen Pasjon arbeidd for å leggje til rette for ei gjennomføring av Pasjon 2013.

Det er skrive og sendt ei rekkje søknadar for å sikre finansieringa av prosjektet. Det er vidare gjort avtalar med ulike aktørar og med Stavanger domkyrkje.

I 2012 fekk me tilsagn på 200 000,- frå Rogaland fylkeskommune, 150 000,- frå Kulturbyfondet i Stavanger kommune, 350 000,- frå midlane til festivalar og større arrangement i Stavanger kommune og 150 000,- frå Sparebankstiftelsen SR-bank. Stavanger kommune har til saman løyva store beløp for at Pasjon 2013 skal kunne realiserast. Samstundes opplever vi at det er vanskeleg å få statlig støtte og støtte frå sponsorar. Budsjetta for Pasjon 2013 er blitt nedjustert fleire gonger, det kunstneriske innhaldet revidert og talet på involverte nedjustert som følgje av finansieringa.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Vi har valt å fokusere på same delmål og tiltak for 2013. Kulturfeltet er eit ungt fagfelt i kyrkja i den form det har no, og vi treng tid for å nå rundt til kyrkjelydar og tilsette for å samtale om, inspirere til og gje opplæring for å lyfte kulturverksemda i kyrkjelydane.

## 8. Pilegrims- og retreatarbeid

### Mål

Strategiplanen 2011 – 2014 sier: Vi ønsker menigheter som formidler troen gjennom ulike kulturelle uttrykk. Vi fokuserer på

- sang og musikk
- bredde og mangfold i bruk av kultur i kirken
- pilegrimsmotivet
- hjelpe menighetene til å ta i bruk de muligheter til menighetsutvikling som ligger i pilegrimsmotivet i vår tid
- være med å videreutvikle pilegrimsleden Stavanger – Røldal
- fortsette samarbeidet om Kystpilegrimsleden Stavanger – Trondheim med tanke på å få etablert denne leden som St. Olavs vei og Europeisk kulturvei.

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Styrke pilegrimsarbeidet lokalt i bispedømmet og inspirere flere menigheter til å ta i bruk de muligheter til menighetsutvikling som ligger i pilegrimsmotivet i vår tid</b>	Holde kontakt med lokale pilegrimsmiljø og menigheter og inspirere ved å delta på møter, informere og invitere til fellesarrangement og seminar.	Ansatte og frivillige medarbeidere. Prostene.
	Bidra til brosjyren «Pilegrim i Rogaland 2012» med oversikt og informasjon.	Menigheter, pilegrimsinteresserte, folk flest.
	Utvikle Pilegrimskart for Rogaland.	Alle husstander i bispedømmet. Turister og besøkende.
	Utvikling av materiell til lokal bruk.	Ansatte og frivillige medarbeidere
	Veiledning i forbindelse med lokale pilegrimsvandringer.	Lokale pilegrimsmiljø
	I samarbeid med Uis søke midler til prosjektet <i>Historiske veier på Jæren</i>	RUP-midler, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen og kommuner.
<b>B. Styrke retreatarbeidet i regi av Utstein pilegrimsgard og øke prestenes deltakelse på retreat.</b>	Løfte fram Utstein Pilegrimsgard som et nav i pilegrims- og retreatarbeidet.	Menigheter, prester og andre ansatte og frivillige, grupper og foreninger.
<b>C. Videreutvikle pilegrimsleden Stavanger - Røldal</b>	Legge til rette for pilegrimstur Stavanger-Røldal 3.-8.07.2012 i regi av Utstein pilegrimsgard.	Åpen tur for interesserte. Inntil 20 deltakere.
<b>D. Samarbeide om etablering av Kystpilegrimsleden som St.Olavs veg/Europeisk kulturveg.</b>	Gjennomføre forprosjekt for etablering av Kystpilegrimsleden fra Stavanger til Trondheim i samarbeid med fylkeskommuner og andre bispedømmer.	Fylkeskommunene, bispedømmene, kommuner og menigheter langs kysten fra Rogaland til Sør-Trøndelag.
	Gjennomføre en pilegrimsreise langs kysten i regi av Utstein pilegrimsgard.	Åpen tur for interesserte. 8-10 deltakere

## *Måloppnåing og vurderingar*

Delmål: Styrke pilegrimsarbeidet lokalt i bispedømmet og inspirere flere menigheter til å ta i bruk de muligheter til menighetsutvikling som ligger i pilegrimsmotivet i vår tid

Målet er delvis nådd.

Vi har hatt møte med lokale pilegrimsutval i Jæren prosti, invitert til pilegrimsvandring og konferanse i Stavanger, arrangert og deltatt på fleire pilegrimsvandringar ulike stader i bispedømmet, etablert eit kontaktnett for løpande informasjon og formidla tips og idear.

I samarbeid med Stavanger Turistforeining og Stavanger kommune har vi fått ein merka pilegrimstur i Stavanger by.

Vi fekk laga brosjyren Pilegrim i Rogaland 2012, som gir ein samla oversikt over retreat- og pilegrimsarbeidet i bispedømmet og informasjon om dei ulike arrangementa. Brosjyren blei distribuert til alle kyrkjelydar og til ein del turistinformasjonar o.l.

Arbeidet med å utvikle Pilegrimskart for Rogaland blei starta og kom godt i gang i 2012. Pilegrimskartet blir ferdig i løpet av våren 2013 og vil da bli distribuert til heile bispedømmet.

I samarbeid med Universitetet i Stavanger, Fylkesmannen, fleire kommunar på Jæren fremja



*Pilegrimmar ved Orre gamle kyrkje*



vi ein søknad til Rogaland Fylkeskommune om RUP-midler til prosjektet Historiske Vegar på Jæren. Søknaden blei ikkje imøtekomen, så prosjektet er lagt på is.

Vi sit med ei oppleving av at stadig fleire enkeltpersonar, kyrkjelydar og lokalmiljø får augene opp for pilegrimsmotivet og de muligheter til trus- og kyrkjelydsutvikling som ligg i dette. Det har resultert i at det både i Stavanger og i Tungenes prosti er satt i gang prosessar for å etablere lokale pilegrimsutval.

### Delmål: Styrke retreatarbeidet i regi av Utstein pilegrimsgard og auke prestenes deltaking på retreat.

Pilegrimsgarden feira sitt 10-års jubileum i juni 2012. I samband med dette blei det bl.a. arrangert retreat med Magnus Malm på Utstein Kloster, og Pilegrim for ein dag, som var ein pilegrimstur med to fulle bussar til mellomalderkyrkjene på Ryfylkeøyane. Jubileumsfeiringa



løfta Pilegrimsgarden fram i mange sin bevissthet.

13 prestar frå bispedømmet har deltatt på retreat på Utstein Pilegrimsgard, og 8 prestar har deltatt på andre samlingar over to døgn.

### Delmål: Vidareutvikle pilegrimsleia Stavanger – Røldal

Det ble gjennomført ein vellukka pilegrimstur frå Stavanger til

Røldal 3.-8. juli. I tillegg til deltakarane som var med på heile turen, slutta mange frå lokalmiljøa seg til vandringane og samlingane i kyrkjene undervegs.

Dette er med på å auke medvitet om lokale pilegrimsleier spesielt og pilegrimsmotivet generelt.

### Delmål: Samarbeide om etablering av Kystpilegrimsleia som St. Olavs veg/Europeisk kulturveg.

På et møte i Florø i november blei det inngått eit formelt samarbeid mellom bispedømme Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros og fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylkeskommunar om forprosjektet Kystpilegrimsleia. Det vart tilsett prosjektleiar og planen er at dette forprosjektet skal stå ferdig i form av ein rapport i juni 2013.

## *Endringar i strategiar og tiltak*

Pilegrimsarbeidet veks og vi vil fortsette arbeidet ut frå dei strategiar som gjeld.

Vi ønskjer at pilegrimsturane til Røldal og langs Jærkysten skal vidareutviklast og verta faste, årlege arrangement.

Vi vil arbeide for at stadig fleire kyrkjelydar tar pilegrimsmotivet i bruk i trusopplæringa.

Vi vil lyfte fram vår region i den nasjonale pilegrimssatsinga og bidra til at Kystpilegrimsleden vert etablert som ein offentleg godkjent pilegrimsled til Trondheim.

Vi vil arrangere ein nasjonal pilegrimskonferanse her 14.-16. juni 2013.



*Varhaug gamle kyrkjegard*

## 9. Gudstenesteliv

### Mål

Vi vil spela ei aktiv rolle i utviklinga av eit gudstenesteliv med vekt på lokal forankring, involvering og fleksibilitet ved å leggja til rette for at alle sokna utarbeider og får godkjent lokal grunnordning innan første søndag i advent og ved å tilby god opplæring av lønna og ulønna medarbeidarar.

Resultatmål	Styringsparameter 2012	Resultatindikator 2012
Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkjande, lokalt forankra kyrkje som inviterer alle menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap	Oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane	Gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedag
	Implementering av gudstenestereforma	Antall lokale grunnordningar godkjent av biskopen

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
A. Alle kyrkjelydar innfører ny ordning for hovudgudstenesta innan første søndag i advent 2012	Rettleiing om lokale grunnordningar	Kyrkjeleg tilsette og tillitsvalde
	Godkjenning av lokale grunnordningar	
B. Relevant opplæring av presteskap og andre medarbeidarar i ny ordning for hovudgudstenesta	Regionale kurs i samarbeid med fellesråda 2011-2012 blir slutført	Presteskap, kantorar og andre kyrkjeleg tilsette
	Fagdag for diakonar	Diakonar og diakoniarbeidarar
	Forum for trusopplæring	Medarbeidarar i trusopplæringa
	Fagdag, ungdomsarbeidarar	Ungdomarbeidarar
	Soknerådskurs del 2	Sokneråd og gudstenesteutval
	Andre kurs	Vikarar (prestar og kyrkjemusikarar) og kyrkjemusikarar i små stillingar
C. Auka kunnskapen om kva som skapar god gudsteneste-deltaking	Arbeid med kyrkjestatistikk	Leiarar i kyrkja

### Måloppnåing og vurderingar

Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme er lokalt forankra og inviterer breitt til tru og fellesskap. Ut frå resultatmål og styringsparameter er det naturleg å arbeida for *auka oppslutning* om gudstenestelivet i kyrkjelydane. Ei auka oppslutning kan sjåast i samanheng med korleis den lokalt forankra kyrkja lukkast i å invitara «alle menneske i alle aldrar og livssituasjonar» til tru og fellesskap. For å oppnå auka oppslutning, er det nødvendig med eit bevisst arbeid med gudstenesteutvikling.

Resultatindikatoren er gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedagar. Utviklinga i deltaking har me sett på ovafor.

## Delmål: Alle kyrkjelydar innfører ny ordning for hovudgudstenesta innan første søndag i advent 2012

### *Målet er delvis nådd*

I samband med innføring av ny ordning for hovudgudstenesta har vi gjennom 2012 hatt eit særskild fokus på arbeidet med lokale grunnordningar. Ein føresetnad for at dette arbeidet skulle lukkast, var å gi grundig og relevant opplæring både til både løna og uløna medarbeidarar (Sjå neste delmål).

Når det gjeld sjølve prosessen med innføring av ny ordning for hovudgudstenesta, hadde kyrkjelydane frist til 10. september med å senda inn sine lokale grunnordningar til godkjenning av biskopen. Før biskopen fekk ordningar til godkjenning, hadde dei fleste kyrkjelydar hatt ein grundig prosess som involverte både gudstenesteutval, sokneråd og kyrkjelydsmøte. Lokalt var det soknerådet som hadde mynde til å vedta ordninga som så vart send biskopen for godkjenning. Bortsett frå nokre kyrkjelydar som hadde søkt om utsetjing, sendte dei fleste kyrkjelydane sine lokale grunnordningar til godkjenning innan fristen.




For å sikre ei forsvarleg handsaming av søknadar om godkjenning, engasjerte biskopen hausten 2012 to sokneprestar med særleg kompetanse innan feltet som saksbehandlarar. I samarbeid med avdelingsleiar for kyrkjelydsutvikling utarbeida desse utkast til svarbrev frå biskopen til kvar einskild kyrkjelyd. I svarbrevet frå biskopen vart det både pekt på kva

kyrkjelydane måtte endra før ordninga vart teken i bruk og gitt konkret vegleing på kva kyrkjelydane kan jobbe vidare med fram mot neste godkjenning i 2014.

Totalt sett er det i alt 96 kyrkjelydar som skal innføre lokal grunnordning i bispedømmet. (At talet på kyrkjelydar er høgare enn talet på sokn, skuldast at nokre sokn har to kyrkjelydar.) I alt 8 kyrkjelydar hadde søkt om og fått utsett frist for å senda grunnordning til godkjenning. Dette skuldast i all hovudsak personalsituasjon, deriblant skifte i sokneprestestilling. Av desse 8 vart to søknadar ferdigbehandla og godkjende innan utgangen av 2012. Ein kyrkjelyd hadde ikkje søkt om utsetjing, og har framleis ikkje levert. Utover dette fekk ein kyrkjelyd avslag og ny frist, medan to andre vart gitt utsett frist til å arbeide vidare med grunnordninga før han på ny vart sendt inn til biskopen for godkjenning.

Tilbakemeldingar frå kyrkjelydane har naturleg nok variert. Mens nokre har satt pris på konkret og detaljert vegleing, har andre gitt uttrykk for at tilbakemeldingane har vore i overkant detaljerte. Nokre kyrkjelydar har gitt uttrykk for at dei opplever gudstenestereforma som ei innstraming, meir enn ei fornying. Dette er synspunkt som også



har vore målbore i media. Prestar frå nokre av desse kyrkjelydane har bedt om og har avtalt eit møte med biskopen.

Når det elles gjeld innføring av ny ordning for hovudgudstenesta, sjå også eige fordjupningsområde.

**Delmål: Relevant opplæring av presteskap og andre medarbeidarar i ny ordning for hovudgudstenesta**

*Målet er delvis nådd*

I samband med innføring av ny gudstenesteordning har eit særskild mål i 2012 vore å gi både kyrkjeleg tilsette og uløna medarbeidarar relevant opplæring i den nye ordninga. Viktige tiltak for å nå dette målet var kurs retta mot dei ulike målgruppene.

I samarbeid med Kyrkjevevjerlaget sluttførte vi i februar 2012 eit desentralisert firedagars kurs om innføring av ny gudstenesteordning for presteskap, kantorar og andre kyrkjeleg tilsette som vi fok fatt på hausten 2011.

Kurset vart gjennomført tre stadar i bispedømmet med kursleiarar som tar kursleiararkurset i regi av Norges Musikkhøgskole. Vi la stor vekt på at kurset var tverrfagleg og ope for alle grupper kyrkjeleg tilsette. Invitasjonen gjekk derfor breidt ut til «prestar, kyrkjemusikarar, kateketar, diakonar og andre kyrkjeleg tilsette». Prestar og kyrkjemusikarar fekk informasjon om at det blir forventa at dei deltar. Kursa har blitt gjennomført med god deltaking. Mange daglege leiarar, diakonar, kateketar og tilsette i trusopplæringa har deltatt på heile eller delar av kurset.

Vi sluttførte i februar 2012 og eit soknerådskurs over to kveldar. På den første kvelden, som vart gjennomført seks stadar i bispedømmet i perioden oktober/november, hadde vi ei første og grunnleggjande informasjon om den nye gudstenesteordninga. Den andre kurskvelden, som vart gjennomført i 2012, hadde fokus på sokneråda sitt ansvar for utarbeiding av lokale grunnordningar.

Utover dette var innføring av ny gudstenesteordning og tema på ulike samlingar for ulike grupper av tilsette. Mellom anna var den nye gudstenesteordninga tema på fagdagar for diakonar og på medarbeidersamling i samband med trusopplæringsreforma.

Nokre tiltak vart derimot ikkje følgd opp i 2012. I samband med innføring av ny gudstenesteordning skulle vi etter planen og ha arrangert kurs for vikarar (prestar og kyrkjemusikarar) og kyrkjemusikarar i små stillingar. Desse kursa søker vi å gjennomføre i 2013.

Når det gjeld innføringa av gudstenestereforma, har prostane ei nøkkelrolle. Dei har difor jamleg fått innføring i gudstenestereforma slik at dei kan vere best mogleg rusta til å følgja opp presteskapet og vere tett på prosessane i sine prosti. Fleire av prostane har dessutan regelmessige samlingar med andre tenestegrupper der dei har høve til å halda medarbeidarane godt oppdatert.

Risikovurderinga (moderat sannsynleg, svært alvorleg konsekvens) viser at vi var redde for at tilbodet om opplæring skulle bli nedprioritert og at konsekvensen ville vera mangelfull kunnskap om gudstenestereforma. Vi meiner vi kan seia at målet er nådd, men er klar over at enkelte tilsette i liten grad har følgt opp og at vi derfor i enkeltstående tilfelle risikerer at til dømes prestar og kyrkjemusikarar manglar den ønskjelege kompetansen.

## Delmål: Auka kunnskapen om kva som skapar god gudstenestedeltaking

*Målet er delvis nådd*

I 2012 arbeidde bispedømmet med den statistiske samanhengen mellom gudstenestedeltaking og andre trekk ved kyrkjelydane. Me brukte årsstatistikken som kjelde.

I dette arbeidet gjorde me fleire interessante funn. Mange av desse var som venta, medan nokre ikkje var like sjølvsegte.

- Dei store sokna har fleire gudstenestedeltakarar enn dei små. Det er samheng mellom storleiken på soknet og gudstenestedeltakinga.
- Dei små sokna har betre prosentvis oppslutning om gudstenesta enn dei store. Små einingar når altså breiare ut enn store.

Kva som elles verkar inn på gudstenestedeltaking kan delast i tre: Folkekyrkjeleg gudstenestedeltaking, nattverdeltaking og frivillig kyrkjelydsarbeid.

- God oppslutning om dåp og konfirmasjon har mykje å seia for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking. Ein viktig del av gudstenestedeltakarane er altså på gudsteneste i samband med dåp og konfirmasjon og fortener å vera langt framme i medvitet til dei som planlegger gudstenesta.
- God oppslutning om nattverden gjev ei kjerne av faste gudstenestedeltakarar som også er viktig for oppslutning om gudstenesta.
- Nokre sider av det frivillige kyrkjelydsarbeidet er særleg viktig for gudstenestedeltaking. Korverksemd, tilbod til barn under gudstenesta, husfelleskap og bibelgrupper, leiartrening for ungdom og talet på frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden viser også igjen i oppslutning om gudstenester. Kyrkjelydane gjer med anna ord klokt i å satsa særleg på dette.

Desse resultatata har mellom anna blitt formidla på leiarsamling for sokneråd. Likevel er ikkje denne kunnskapen brukt så systematisk at han kan reknast som kjent for dei lokale kyrkjelydane. Desse analysane bør brukast meir, særleg i lokale strategiar.

### ***Endringar i strategiar og tiltak***

Utfordringane i utviklinga er lagt fram for proster og kyrkjeverjer allereie, og vil bli fulgt opp. Kyrkjelydane vil også få tilsendt resultatata. Administrasjonen bør også leggja ein plan for korleis me gjer kyrkjelydane merksame på kva som ligg bak god gudstenestedeltaking og korleis dei kan arbeida vidare med dette.

Dessutan bør me sjå nærare på dei kyrkjelydane som i forhold til storleiken har særleg god oppslutning, for å sjå om dei kan læra oss meir om kva som styrker gudstenestelivet.

Vi ønsker å auka oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane. I denne samanheng er det viktig at vi i tida som kjem følgjer prosessane i gudstenestereforma tett. Vi vil følgje opp og arbeide vidare med erfaringar med ny ordning for hovedgudstenesta og den lokale implementeringa i kyrkjelydane. Dette vil vi mellom anna følgje opp gjennom av prostane legg til rette for prostivise samlingar der mellom andre prestar og kantorar deler erfaringar med innføring av lokale grunnordningar.

Saman med dette vil me oppfordra kyrkjelydar, prestar og prostar til å sjå på rekruttering til gudsteneste, forkynning, formidling av liturgi, frivillige og fellesskap rundt gudstenesta: Dei grunnleggjande delane ved gudstenestegjennomføring som ikkje heng direkte saman med reforma.

Vi vil vidare gå gjennom på nytt vår plan for opplæring av andre grupper medarbeidarar, for å gjera denne mest mogleg relevant i forhold til behova. Blant konkrete tiltak er kurs for leke gudstenesteleiarer og vikarar og kyrkjemusikarar i små stillingar.





## 10. Misjon og økumenikk

### Mål

*I nært samarbeid med SMM-organisasjonene sentralt og regionalt å oppmuntre og utfordre bispedømmets menigheter til å være misjonale, slik at evangeliet og impulser fra den verdensvide kirke kan frigjøre mennesker og utruste dem til å dele troen gjennom nærvær, handling og ord, lokalt og globalt.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A: Engasjement for misjonsprosjektene i menighetene</b>	Delta på prostilagssamlinger i 4 prostier	Prester
<b>B: Økt antall misjonsavtaler</b>	Oppfordre menigheter til å inngå flere avtaler	Menighetsråd
	Vektlegge Areopagos' prosjekter med fokus på nyåndelighet i menigheter som vurderer nye prosjekt	Diakoner og andre kirkelig ansatte, menighetsråd
	Vektlegge Misjonsalliansens prosjekter i menigheter som vurderer nye prosjekt	Menighetsråd
<b>C: Kompetanseutvikling vedrørende menighet og misjon</b>	Prostivis oppfølging av menighetene om misjon i trosopplæringen	Trosopplæringsansvarlige
	Besøke stabsmøtet til 10 store menigheter for å samtale om misjonsfokus i gudstjenesten	Stabene og representanter for gudstjenesteutvalgene
<b>D: Økt bevissthet i menighetene om den kristne tros jødiske røtter og kirkens misjonsansvar for det jødiske folk.</b>	Informere om DNI sitt prekenverksted	Prester og andre forkynnere
<b>E: Alternativmessen</b>	Oppfølging av frivillige medarbeidere. Delta på stand på Alternativmessen	Kirkelig ansatte og frivillige medarbeidere
<b>F: Lokal økumenikk</b>	Oppmuntre til deltagelse i lokale økumeniske fellesskap	Sokneprestene, andre ansatte og frivillige medarbeidere
<b>G: Styrke engasjementet for vennskapskontakt med kirker i sør</b>	Bidra til gjennomføring av nasjonalt vennskapsseminar i Rogaland.	Kirkelig ansatte og frivillige medarbeidere

## Måloppnåing og vurderingar

### Delmål A, Engasjement for misjonsprosjekta

*Målet er nådd.*

4 prostilag fekk besøk i 2012. Ei av dei viktigaste suksesskriteriane for at eit misjonsprosjekt skal lukkast i kyrkjelydane, er at presten har eit engasjement for prosjektet. På prostilagsbesøka blei det satt fokus på kyrkjemøtevedtaket 2012 om misjon, misjonens plass i ny gudstenestelurgi, samt misjonsavtalens status i kyrkjelyden.

### Delmål B, Auka antal misjonsavtalar

*Målet er delvis nådd.*

Antalet har halde seg stabil gjennom 2012. 30 kyrkjelyder blei kontakta, med tanke på å vurdere å inngå nye misjonsavtalar, med Misjonsalliansen eller andre. Diakonane i Sandnes og Jæren vart utfordra på misjonsavtale med Areopagos med fokus på Alternativmessa i Sandnes. Dei treng meir tid til å vurdere dette. Desse tiltaka har ikkje ført til auka antal misjonsavtalar, generelt eller spesielt til dei nemnde organisasjonane.

### Delmål C, Kompetanseutvikling

*Målet er nådd.*

Samtaler enkeltvis med alle trusopplerarane i Haugesund og Sandnes prostier er gjennomført, samt samtalar med 10 staber. Misjon er ein av dei sentrale dimensjonane som er svakast i planar og rapportering for trusopplæring i kyrkjelydane. I samtalane med trusopplærarane har mange gjeve uttrykk for at dette er eit vanskeleg område og at dei er glade for rådgjeving. I stabane har det vært et meir tverrfagleg fokus, særleg med tanke på misjonens plass i dei lokale grunnordningane for gudstenesta.

### Delmål D, Kyrkja og jødane

*Målet er nådd.*

Alle prester har fått anbefalt Israelsmisjonen sin preikeverkstad. Det har vært fokusert mykje på Israelsmisjonen sitt forsoningsarbeid. Anbefalinga av Israelsmisjonens preikeverkstad vart gjennomført ved ein felles mail til prestane. Dette er eit verkemiddel med avgrensa effekt. I staden blei det fokusert mykje på at Israelsmisjonens forsoningsarbeid Bridgebuilders arrangerte leir i Rogaland. Dette skapte auka fokus i mange kyrkjelydar på denne delen av kyrkja si misjonale satsing overfor det jødiske folk.

## Delmål E, Alternativmessa

*Målet er nådd.*

Førebuing, deltaking på stand, og oppfølging blei gjennomført. Ein del av dei frivillige medarbeidarane har møtt til førebuingss- og evalueringssamlingar. Det blei for lite tid til fagleg fordjupning på desse samlingane. Elles blei arbeidet med messestand gjennomført etter planen med samtalar og forbøn for søkande menneske.

## Delmål F, Lokal økumenikk

*Målet er delvis nådd*

Biskopen deltok på Forum for Menighetsledere, eit forum som i hovudsak samlar frikyrkjelege leiarer i Stavanger-området. Det vart ein god og klargjerande samtale i møtet, der biskopen fikk høve til å svara på spørsmål blant anna om samarbeid og vidare utvikling av Den norske kyrkja.

## Delmål G, Vennskap i sør

*Målet er ikkje nådd.*

Nasjonalt vennskapsseminar blei forberedt, men avlyst. Sidan man året før prøvde å komme i dialog med Cape Orange bispedømme om vegen vidare for avtalen utan å lukkast, har dette arbeidet låge nede i 2012. Mellomkyrkjeleg Råd bad Stavanger bispedømmeråd om å vera lokalt vertskap for eit nasjonalt vennskapsseminar, planlegging og førebuingar blei gjennomført, men seminaret vart avlyst på grunn av få påmeldingar.

## Endringar i strategiar og tiltak

Runden i prostilag har gått over 3 år og vore svært vellukka. Misjonsrådgjevar begynner derfor på en ny runde i 2013. Fokus vil i endå større grad vere Kyrkjemøtets utfordringar på at misjonsavtalen skal vera ein ressurs for heile kyrkjelydens arbeid.

Fokuset på å auka antal misjonsavtalar vil i 2013 knytta seg til utfordringa om å finne misjonsavtalar med relevante ressursar for mellom anna trusopplæringa. Det vil elles bli fokusert meir på betre kvalitet på arbeidet med dei avtalane kyrkjelydane har, særleg med tanke på at dei skal vera ein ressurs for kyrkjelydsarbeidet.

Det vil i 2013 bli gjennomført samtalar med trusopplærarane i Dalane prosti. Dessutan vil 10 nye stabar få besøk. Fokuset i stabsmøta vil dreias frå gudsteneste og misjon til misjonsavtalens status i kyrkjelydens fokus og verksemd.



## 11. Visitas

### Mål

*Biskopen skal vidareføra innarbeidd praksis ved visitas med utgangspunkt i visitasreglementet frå 2010.*

Delmål 2012	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>A. Følgja oppsett visitasplan</b>	Gjennomføra visitasar i seks visitasområde	Kyrkjelydar i aktuelle visitasområde
<b>B. Førebu visitasplan for 2013</b>	Avklaring av tidspunkt for visitasar	Prostar, kyrkjevevjer og andre medarbeidarar
	Planlegging av program for visitasar 1. halvår 2013	

### Måloppnåing og vurderingar

*Måla er delvis nådde.*

Biskop Erling J. Pettersen gjennomførte i 2012 fem ordinære visitasar og to dagsvisitasar ved Åna fengsel og Stavanger fengsel i april. Fengsla høyrer til under Jæren prosti og vart sist visiterte i 2001.

Visitasregelementet § 2 seier at kvart sokn som hovudregel skal visiterast av biskopen minst kvart åttande år. Vi har delt bispedømmet opp i 50 visitasområde. Det er i 2012 gjennomført ordinære visitasar i fem visitasområde:

- Randaberg, Grødem og Kvitsøy sokn i Tungenes prosti (mars), sist visitert i 2000
- Tjensvoll sokn i Stavanger domprosti (mai), sist visitert i 1999
- Bjerkreim sokn i Dalane prosti (september), sist visitert i 2002\*
- Torvastad og Norheim sokn i Karmøy prosti (oktober), sist visitert i 2004 og 2005.
- Gand sokn i Sandnes prosti (november), sist visitert i 2002

\*Når det gjeld Bjerkreim sokn, vart dette sist visitert i samband med prostivisitas i 2007. Dette var ei forsøksordning. Siste ordinære visitas var i 2002.

Visitasreglementets § 4 har ei oversikt over innhaldet i ein visitas. Vi har funne ei form der alt som skal vera med, har fått plass i programmet, bortsett frå at vi ikkje konsekvent har hatt møte med fellesrådet. I dei større byane har dette vore ivaretatt gjennom kyrkjeverja, elles har slike møte vore gjennomført.

Av dei elementa som bør vera med, har vi lagt særleg vekt på at det i visitasen bør inngå «programposter som har til hensikt å fremme kirkens samarbeid med skole og barnehage», dels på bakgrunn av uttrykte behov i lokalkyrkjelydane og dels på bakgrunn av at biskopen har stor kompetanse på området. Her har vi prøvd ut ulike møteformer. Dei mest verdifulle erfaringane har vi gjort der vi har samla dei ansvarlege for barnehage- og skuledrift i kommuneadministrasjonen, rektorar og inspektørar frå dei aktuelle skulane, barnehagestyrarar og dei kyrkjeleg tilsette som har ansvar for den lokale kontakten med barnehagar og skular. På slike møte har kommunen sine representantar fått presentert kommunen si satsing på barnehage- og skulesektoren med vekt på verdispørsmål og deira oppleving av samarbeidet med kyrkja, og biskopen har halde foredrag om kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i ei ny tid. Vidare har det vore tid for samtale. Vi meiner desse samlingane har opna for verdifulle samtalar som igjen vil vera med og styrka det lokale samarbeidet i åra som kjem.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

Med visitas i seks visitasområde i året var det også etter 2012 eit etterslep i forhold til målet om visitas kvart åttande år. I 2013 har vi derfor auka talet på visitasar til åtte.

For 2013 er det lagt følgjande visitasplan:

- Bekkefaret sokn i Stavanger domprosti (januar/februar), sist visitert i 1999
- Klepp sokn i Jæren prosti (februar), sist visitert i 2004
- Egersund, Eigerøy og Helleland sokn (mars), sist visitert i 2004 (prostivisitas 2007)
- Tasta sokn i Ytre Stavanger prosti (september), sist visitert i 2000
- Avaldsnes sokn i Karmøy prosti (september), sist visitert i 2003
- Bore og Orre sokn i Jæren prosti (oktober), sist visitert i 2004
- Sola og Sørnes sokn i Tungenes prosti (november), sist visitert i 2001
- St. Petri sokn i Stavanger domprosti (desember), sist visitert i 1999

## 12. Medarbeidarskap

### *Mål*

*Vi skal arbeide for å ha motiverte og kompetente lønna og ulønna medarbeidarar på alle nivå i bispedømmet.*

Delmål 2011	Tiltak 2012	Målgruppe
<b>Fornyng av frivillig medarbeidarskap</b>	Rettleiing om frivillig teneste	Tilsette og frivillige medarbeidarar
<b>Oppfølging av kyrkjeleg tilsette</b>	Samling for nytilsette	Nytilsette i kyrkjelydane
	Medarbeidardag	Alle tilsette i kyrkjelydane
	Kurs i kyrkjerett og saksbehandling	Tilsette på kyrkjelydskontora
<b>Bidra til auka kompetanse i sokneråd og kyrkjelege fellesråd</b>	Kurs for nyvalde sokneråd	Tillitsvalde
	Leiarssamling	Leiarar i SR og FR

### *Måloppnåing og vurderingar*

Følgjande samlingar er gjennomført:

- Samling for nytilsette medarbeidarar i kyrkjelydane, 23 deltakarar
- Medarbeidardag for tilsette i kyrkjelydane, 475 deltakarar
- Kurs i kyrkjerett og saksbehandling for tilsette på kyrkjelydskontora, 70 deltakarar over 2 kursdagar
- Kurs for nyvalde sokneråd, 620 deltakarar
- Samling for leiarar i sokneråd og kyrkjelege fellesråd, 50 deltakarar

I tillegg har staben delteke med tema om frivillig teneste på arrangement om ungdom, diakoni , trusopplæring, kultur, misjon og gudstenestereform.

Vi legg til grunn at motivasjon og kompetanse blant dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelydane vil m.a. spegle seg i kor mange som er med:

- 2010: 16.578
- 2011: 19.183
- 2012: 19.148

Talet på frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane er stabilt. I gjennomsnitt har kvar kyrkjelyd 210 frivillige medarbeidarar.

## C. Avslutning

### Stavanger bispedømme sin visjon

Ví er sendt  
av den treeinige Gud  
for å dela evangeliet  
om Jesus Kristus i ord og handling

Det skal vera grunntonen i årsrapport og verkeemd.

Stavanger, den 28.02.2012

Erling Pettersen

Stavanger biskop

Terje Fjeldheim

Stavanger bispedømmeråd, leiar

Åge Bognø

Stiftsdirektør

Vedlegg:

Årsplan 2013